



# Årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022 – 2025, Voss herad





## Innhald

Innleiing.....	3
Budsjettvedtak .....	6
Gebylliste .....	19
Organisering og styring.....	23
Satsingsområde .....	25
Hovudtala i budsjettforslaget .....	29
Klimabudsjett .....	34
Utvikling i befolkning .....	42
Befolkningsprognose .....	43
Investeringar i økonomiplanen.....	44
Kommunen sine tenesteområde.....	56
Administrasjon og leiging .....	56
Plan, næring og forvaltning .....	61
Eigedom og bustad .....	69
Brann og ulukkesvern .....	75
Vatn, avlaup og renovasjon .....	78
Politisk styring .....	82
Finansielle postar/økonomi .....	84
Grunnskule.....	86
Barnehage .....	98
Barne- og familietenestene .....	104
Integrering og vaksenopplæring .....	113
Helse .....	119
Omsorg .....	124
Sosialtenester .....	131
Kultur og fritid (inkl.kyrkja).....	136
Kommunalt føretak.....	145



## Innleiing

Økonomiplan 2022-2025 skal visa korleis Voss herad skal møte utfordringar i framtida, og korleis midlane skal forvaltast. Årsbudsjett for 2022 utgjer økonomiplanen sitt fyrste år og er detaljert jobba fram saman med tenestemråda. For å sei noko om kva retning økonomien må utviklast er det spesielt tre område som må vurderast:

1. Frie inntekter - kor mykje vil kommunen få av inntekter som kan forvaltast vidare til tenestemråda?

Statsbudsjett for 2022 dannar grunnlaget for vurderinga av kor mykje sentrale inntekter Voss kan rekna med å ha dei neste åra. Det ligg til grunn ei realvekst i frie inntekter for kommunen. Dette utgjer ein auke i både skatt på inntekt og formue og rammetilskot for 2022. I perioden 2023-2025 er det vekst i skatteinntekter som utgjer veksten i inntektene. Samla sett ligg kommunen an til noko vekst i frie inntekter i perioden. Dei frie inntektene skal dekkja kommunen sine løpande utgifter i dag og med framtidig demografiendringar.

2. Korleis ser kostnadsbiletet ut i dag - er det vesentlege avvik på enkelte område?

Kommunen har område med vesentlege avvik mellom rekneskap og budsjett. Generelt sett er utgiftsnivået for høgt i høve inntektene. Kommunen opplev vekst i brukarbehov på fleire område, nye og meir komplekse oppgåver og auka forventningar til kva kommunen skal levera av tenester. Voss har blant anna hatt ein auke i ressursbehov til born med spesielle behov, ressurskrevjande brukarar inkludert brukarstyrt personleg assistanse og sosiale tenester.

3. Korleis ser kostnadsbiletet ut framover og kva er planlagd av endringar - er det vesentlege endringar dei neste åra?

Nye behov og nye oppgåver vil koma dei neste åra og. Demografiutgifter er noko kommunen får delvis kompensert for gjennom utgiftsutjamning i rammetilskotet. Ein del av veksten i rammetilskotet er til dette, og er i hovudsak knytt til vekst i den eldre befolkninga. Framskriving av befolkninga syner at den gruppa som vil veksa mest er dei unge eldre.

Kommunen har også store investeringsbehov i åra som kjem med nye kommunale bygg.


Investeringane er i hovudsak finansiert med lån, som gjev auka finansutgifter i drifta. Kommunen står difor i ein situasjon med utgiftsauke på fleire område som må dekkast innafor rammene.

Det er venta at lønsveksten vil auka i åra framover, med eit anslag på 3,5-3,6 % per år i perioden. Lønsreserveposten er auka opp i perioden for å ta høgde for veksten, men er usikker.



## Handlingsrom

Ei samla skjønsviss vurdering av handlingsrommet til kommunen syner at noko av veksten i tenestene kan dekkast med vekst i inntekter. Dette dekker likevel ikkje nye behov som vil koma i framtida. Det meste av veksten må dekkast innafor rammene, og det er heilt naudsynt å jobba med omstilling for å redusera utgifter. Aktuelle tiltak for å realisera effektiviseringskrava er omtala under kvart tenesteområde. Omstillinga er naudsynt for å skapa handlingsrom for nye behov, for å handtera veksten i finansutgiftene frå investeringar og setja av midlar på fond for å koma opp på ønska nivå. Dei tre finansielle måltala er gode mål for å skapa dette handlingsrommet. Planen som no er lagt fram gjer at me kjem på ønska nivå av driftsresultat og disposisjonsfond frå 2024, mens me ligg over ønska nivå på lånegjeld.



Gjeldande økonomiplan for 2021-2024 inneheld allereie omfattande innsparingstiltak og effektiviseringskrav. For å skaffa auka økonomisk handlingsrom vart det lagt inn krav til effektivisering på alle tenesteområda i økonomiplanperioden. Desse er teke med vidare i plan for 2022-2025, men er noko justert. Det er ikkje lagt inn nye store innsparingskrav, men ny økonomiplan handlar i stor grad om å realisera eksisterande tiltak og handtera nye utgiftsbehov.

Voss herad har eit driftsbudsjett på om lag kr 1,5 milliard. Me kan i hovudsak skaffa oss større økonomisk handlingsrom gjennom å angripa kostnadane på tre ulike frontar. Den som gjev størst effekt, men som regel er vanskelegast er strukturendringar. Kommunesamanslåing er det største eksempelet på ei strukturendring, men det finst mange andre eksempel på strukturinnsparingar i ein kommune der ein utnyttar moglegheitene for stordriftsfordelar. Ulempene er ofte at slike endringar står i kontrast til andre politiske mål.

Den andre måten å redusera kostnader på er å redusera tenestenivå/auka brukarbetaling. Eksempel på dette er standard på vegar, kriteria for tildeling av tenester, kulturskuletilbod eller SFO-satsar. Også denne type endringar er merkbare for brukarar og kan vera vanskelege å få gjennomslag for politisk.

Effektivisering av organisasjon og prosessar er den tredje måten å redusera kostnader på. Dette handlar om å levera tenester til minst like god kvalitet som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk og påverkar brukarar i mindre grad og tilsette i større grad. Ved å endra måten ein organiserer arbeidet eller korleis ein utfører arbeidet kan ein oppnå



innsparingar. Å skapa brei oppslutnad rundt slike endringar og å faktisk klara å henta ut gevinstar krev dyktig leiarskap på alle nivå, men oppgåva er absolutt overkommeleg så lenge ein viser stort tolmod. Godt utøvd leiarskap er nøkkelen for å lukkast med det meste av målsetjingar i organisasjonen. Å investera i å utvikla godt leiarskap i Voss herad blir difor ei viktig prioritering for rådmannen.

Investeringsbehova for dei fyrste åra til Voss herad ligg langt over evna. Ideelt sett skulle det vore rom for mykje meir enn det som ligg i framlegget. Veldig få av investeringane som ligg i planen fører til reduserte driftskostnadar. Det nye heradsstyret bør påleggja seg sjølv krav om at investeringar skal utførast i ei minimalistisk ånd, og at investeringane er mest mogleg sjølvfinansierande gjennom at den fører til innsparingar i struktur, tenestenivå eller effektivisering.

Voss herad er ein heilt unik kommune. Kommunar av denne storleik som allereie har så mykje, men likevel har så mange fleire moglegheiter, er sjeldan vare. I arbeidet med budsjett og økonomiplan er det utfordringar og samfunnsfloker som får mest merksemd og blir ofte sett på som problem. Sjølv sagt skulle me hatt meir pengar eller folk, men problema hadde ikkje forsvunne av den grunn. Ein ting er sikkert, nye problem, utfordringar eller floker hadde kome til. Utfordringane våre er mange, men må heller sjå at utfordringar hindrar stagnasjon, og i staden gjev oss evna til å sjå nye moglegheiter. Endring, vilje til, og evne til endring, er nøkkelen til å skapa verdas beste herad. Klarar me å løfta blikket, sjå langt fram i tid og analysa biletet, kan me vera godt budd på det som kjem vår veg. Dei siste åra har vist at me har det i oss.

Arild McClellan Steine

Rådmann Voss herad



## Budsjettvedtak

### Generelle vedtak

Gjennom handlingsprogrammet vedtar Voss heradsstyre økonomiplanen for 2022-2025 med budsjettammer for kvart tenesteområde. Handlingsprogrammet for 2022-2025 vert vedteke med mål og vilkår for tenesteproduksjon som omtala i dokumentet.

Driftsbudsjett for 2022 vert vedteke i samsvar med oversikta "§ 5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1 A)".

Driftsbudsjettet vert vedteke i samsvar med oversikta "§ 5-4 sum bevilgninger drift, netto (1B)", med ei netto ramme per tenesteområde. Rådmannen får fullmakt til å fordela driftsramma frå tenesteområda til organisatoriske avdelingar.

Rådmannen får fullmakt til å fordela lønsjusteringspott og fellesutgifter på tenesteområda. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet som følgje av tekniske endringar som t.d. endringar i KOSTRA-oppsett eller kommunale rekneskapsstandardar.

Investeringsbudsjettet vert vedteke med ei brutto ramme per tenesteområde, i tråd med skjema "§ Bevilgningsoversikter - investering (2 A)" og "§ 5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2 B)". Rådmannen får fullmakt til å fordela investeringsramma på investeringsprosjekt.

Drifts- og investeringsrammene for 2022-2025 gjev retning for vidare budsjettarbeid gjennom årleg rullering av økonomiplan.

Følgjande finansielle måltal skal gjelda for kommunen sin økonomi:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 5 %
- Gjeldsgrad må tilpassast evne til å handtera renter og avdrag

### Lån

Voss heradsstyre vedtek å ta opp nytt lån på inntil 124 866 000 kroner for å finansiera nye netto løyve til investeringar i 2022, jf. kommunelova § 14-15 1.ledd.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Husbanken om inntil 35 mill. kr. i lån til vidare utlån (Startlån).



Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om opptak av nye obligasjonslån, sertifikatlån eller andre lån til finansiering av investeringsprosjekt etter kvart som dei vert vedtekne, samt å avtala nærare lånetidspunkt og lånevilkår, og underteikne lånekontraktar.

Rådmannen får fullmakt til å inngå avtalar om refinansiering av eksisterande lån, til å inngå avtale om lånetidspunkt og lånevilkår, samt underteikna lånekontraktar. Rådmannen står fritt til å betala budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

### Skatt

Skatt på inntekt og formue til kommunen vert utlikna etter maksimale satsar fastsett av Stortinget for 2022.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3a, vert det i 2022 skrive ut eigedomsskatt i heile kommunen, med fylgjande vilkår:

- Den alminnelege promillesatsen vert sett til 7 promille, jfr. Eigedomsskattelova § 11 første ledd. Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bueiningar og fritidsbustader vert sett til 2,1 promille, jf. Eigedomsskattelova § 12a.
- Heradsstyret frittek eigedommar etter §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova og kommunale retningsliner. Liste vert lagt fram i eiga sak i kommunestyret innan utgangen av februar 2022.
- Verdigrunnlaget for eigedomsskatt for bustader skal fastsetjast etter skattemessig formuesverdi der det er tilgjengeleg, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1. Verdigrunnlaget for øvrige eigedomar skal fastsetjast etter eigedomsskattelova § 8 A og § 8 B. Takstgrunnlag i heile heradet er harmonisert frå 2021.
- Eigedomsskatt skal skrivast ut i tre terminar, saman med kommunale avgifter, med forfall 20.03, 20.06 og 20.10, jf. eigedomsskattelova § 25.
- Eigedomsskatt skal skrivast ut på skattepliktig næringsdel i tidlegare skattlagde verk/ bruk jf. overgangsregel i eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Skatt på særskilte skattegrunnlaget er redusert med tre sjuandedelar i 2021. Skattesatsen på særskilt skattegrunnlag er 7 promille.

### Gebyr, avgifter og brukarbetaling

Gebyr, avgifter og brukarbetaling vert fastsett ut i frå gjeldande lover, forskrifter og retningsliner, og i samsvar med lista under "Gebyrliste" i budsjettframlegget.

### Budsjettfullmakter

Rådmann får fullmakt til å selja heimfallskraft konsesjonskraft i spotmarknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå faste kontraktar i økonomiplanperioden.





Rådmannen får fullmakt til å bruka opp til 2 mill.kr per krisehending som strakstiltak i eventuelle krisesituasjonar.

Rådmannen får fullmakt til å kjøpa bustadeigedomar innanfor ei økonomisk ramme på inntil 10 mill. kr. Salsinntekter skal nyttast til kjøp av framtidige bustadeigedomar. Over-/underskot innanfor rekneskapsåret skal førast mot ubunde investeringsfond.

## Spesifikke vedtak

Voss herad skal ta i mot inntil 30 flyktningar i 2022.

Styregodtgjersle for 2022 skal vera likt som i 2021.

## Festeavgifter

Voss heradsstyre vedtek festeavgifter for 2022 i samsvar med framlegget under:

Gravfeste, kistegraver	2022			2021		
	Evanger, Granvin, Vinje, Oppheim og Raundalen	Voss sokn (Vangskyrkja, Voss gravplass, Tunshovden)	Jordalen	Evanger, Granvin, Vinje, Oppheim og Raundalen	Voss sokn (Vangskyrkja, Voss gravplass, Tunshovden)	Jordalen
0-20	kr 230	kr 260	kr 115	kr 220	kr 250	kr 110
20-60	kr 230	kr 260	kr 115	kr 220	kr 250	kr 110
Over 60 år	kr 460	kr 520	kr 230	kr 440	kr 500	kr 220

Gravfeste, urnegraver	2022	
	Urnegrav alle kyrkjegarder	Urnegrav i minnelund
0-20	kr 115	kr 115
20-60	kr 115	kr 115
Over 60 år	kr 230	kr 460

2021	
Urnegrav alle kyrkjegarder	Urnegrav i minnelund
kr 110	kr 110
kr 110	kr 110
kr 220	kr 440

Eingongsavgift for urne i namna minnelund	Tunshovden	kr 6 250
Kremasjonstilskot til utbetaling	Voss sokn	kr 10 000

kr 6 250
kr 10 000

Dei fyrste 20 åra etter gravlegging er rekna som friperiode. Deretter får ein tilsend krav om festeavgift. Ei grav som går over til festa grav, kan ikkje verta frigrav igjen, sjølv om den vert nytta oppatt.

Friperioden gjeld kun for gravlagde som har vore busette i heradet. Utanbygds får krav om festeavgift for 20 år ved gravlegging.

## Prisliste festeavgifter 2022





## Vedtak frå Voss heradsstyre 16.12.2021

Voss heradsstyre vedtek årsbudsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025 slik det ligg føre i vedlegg 1, med endringar som skissert under:

### 1. Drift:

Tiltak	Beløp
Evanger brannstasjon vert ikkje lagt ned.	400 000
Bemanning barnehagar: Utfordringa innan barnehagesektoren med mangel på vikarar, auka grunnbemanninga med faste vikarar	1 300 000
Voss Cup, årleg tilskot	100 000
Klima, auka pott særleg retta inn mot tiltak i landbruket	400 000
Ein litt annleis skuledag Ekskursjon, arrangement, aktivitetar og liknande	300 000
Tidleg innsats - foreldreskule	200 000
<b>Inndekking: Auka statlege overføringar/reduisert overskot</b>	<b>2 700 000</b>

### 2. Eingongstiltak:

Tiltak	Beløp
Praktiske fag i skulen, utstyr og kompetanse	300 000
Breiband i Øvstedalen, spleiselag	350 000
<b>Inndekking – bruk av disposisjonsfond</b>	<b>650 000</b>

### 3. Investering

Tiltak	Beløp
Oppstart/planlegging av flytting av Hauge Barnehage til Oppheim skule (netto)	1 000 000
<b>Inndekking – bruk av disposisjonsfond</b>	<b>1 000 000</b>

### 4. Verbalframlegg og presiseringar

**Brannstasjon:** I sitt budsjettframlegg er rådmannen tydeleg på at det er omfattande investeringar som må på plass i Voss herad no, og at vegen vidare må vera nøktern. I saka om brannstasjon på Tvildemoen kan ein ikkje sjå at heradsstyret sitt vedtak 127/20 er fylgt opp. Dette vedtaket (pkt 3, 4 og 5), tomtekostnad, ny vurdering av eksisterande bygg og arealbehov skal utgreiast før endeleg



kostnad for prosjektet vert vedteke. Dette må prioriterast i løpet av januar 2022 slik at ein ikkje forseinkar prosessen med å skaffa brannmannskapet tenlege lokale.

**Barnehagar:** Prosjektet med å ta i bruk og oppgradera eldre bygg må starta opp. I fyrste omgang er det flytting av Hauge barnehage til Oppheim skule med mål om ferdigstilling hausten 2023. For Bolstad skule ser me for oss at her må eit prosjekt for oppgradering til barnehage vera løyst innan 2025. Det må setjast av midlar til planlegging i 2022 og resterande for Oppheim skule må innarbeidast i økonomiplanen for 2023 og for Bolstad vidare utover. Det skal lagast ein avtale med IL Eldar om langtidsleige av del av Oppheim skule snarast. I ljøs av mangel på barnehageplassar i sentrum ynskjer ein utgreidd drifts og investeringskostnader for oppstart av Hagahaugen sombarnehage.

**Status investerings- og rehabiliteringsprosjekt:** Voss herad har ei rekkje med investerings- og rehabiliteringsprosjekt dei næraste åra. Heradsstyret ber om at det vert lagt fram status og framdrift for desse prosjekta ila fyrste halvår 2022.

**Berekraftig bruk av eksisterande bygg:** Voss herad søkjer om å få vera pilot der ein lempar på, eller tilpassar, ein del av dei fordyrande krava som er når ein ønskjer å ta i bruk eksisterande bygg. Dette kan vera eit viktig pilotprosjekt med store økonomiske og klimamessige fordelar som vil kunne ha interesse langt utover Voss sine grenser. Vestland fylke gjennom fylkeskonservator og Riksantikvar er her moglege samarbeidspartnarar i tillegg til aktørar i byggebransjen.

**Praktiske fag i skulen:** Heradsstyret vil gje praktiske fag i grunnskulen vår eit løft. Sjølv om det i dag vert gjort mykje godt arbeid i Vossaskulen så er dette eit høgt prioritert signal frå politisk nivå som me ser fram til at rådmannen vil fylgja opp.

Bakgrunnen er todelt:

- Næringslivet etterspør fleire fagfolk med fagbrev, og ei utdanning fram mot dette må starta tidlegare enn i vidaregåande skule. Dei elevane med gode evner og interesser for praktiske fag får ikkje den stimuleringa dei treng dersom skulen ikkje godt nok prioriterer desse faga, og resultatet vert gjerne at dei vert skuletrøytte. Dette er uheldig både for elevane det gjeld, og for næringslivet som treng gode fagfolk.
- Alle har nytte av godt handalag, og erfaring med ulikt praktisk arbeid gjer at elevane utviklar blikk for kvalitet, evna til problemløysing, meistringskjensla og gleda ved å skapa. Dette vil alle ha nytte av seinare i livet uansett yrkesval.

For at det skal fungera godt med undervisninga er det viktig at gruppene ikkje er større enn 15 elevar, og at lærarkompetansen innan praktiske fag vert prioritert.

Handalag og praktiske kunnskapar er også viktig i klimasamanheng. For å redusera bruk og kast er det viktig med kunnskap om vedlikehald og reparasjon, og til dømes læra vøling av klede, reparasjon



av sykkel, laga ein god restemiddag, og kunna utføra enkelt snikkararbeid. Dette vil kunna redusera ressursbruk og vera heilt i tråd med heradet sitt prinsipp; «Klima i alt me gjer».

Det vert sett av ein liten sum til dette i budsjettet for 2022 og heradsstyret ynskjer og innspel og debatt på dette når me kjem til temadagen om Oppvekst tidleg i 2022.

**Vossabadet:** Det er viktig at tiltak for å redusera transportutgifter til symjeundervisninga ikkje går utover sjølve undervisninga. Gjennom symjeundervisning gjev me ungane livreddande kunnskap og omlegginga må gjerast i dialog med Vossabadet slik at det vert gode praktiske løysingar.

**Køyr meg heim:** Fylkestinget har vedteke at dei vil ha større fokus på fleksible skysordningar, både i utvikling av nye produkt og ved å vidareutvikla eksisterande tilbod. Dette er svært aktuelt for Voss, og Heradsstyret ber rådmann om å følgja med på fylket si evaluering og allereie no melda inn eit ynskje om å utvida dagens ordning i Voss herad til og å gjelda laurdagar.

**Næringspolitikk, klima, naturmangfald og planlegging:** Det er i budsjettet sett av midlar til å styrka næringsarbeidet når ny næringsplan er på plass. Parallelt med næringsplan, vert det òg utarbeid klimaplan der naturmangfald og arealbruk er sentralt. Me vil be om at det i samband med styrking av næringsarbeidet, i arbeidet med klima og naturmangfald og i den overordna planlegginga, vert sett på korleis heradet best mogleg organiserer seg, slik at alle desse områda vert ta hand om og sett i samanheng.

**Heimetenestene:** Me ber om at det vert meldt tilbake status og evaluering av heimetenestene i heradet.

**Klimaplan** – punkta under vert sendt Rådmannen og vert ein del av det vidare arbeidet med Klimaplanen:

1. Arealnøytralitet må inn som overordna prinsipp i alle plansaker, som inneber å gjenbruka og fortetta område som allereie er utbygde. Det gjeld og ombruk av kommunale bygningar.
2. Kartlegging og vern av spesielt viktige naturtypar/biotopar i Voss Herad som myr,skog, kulturlandskap m.m.
3. Gjera Vangsgata bilfri med faste oppsette dagar i året i samarbeid med næringslivet.
4. Oppretta ein reparasjonsavdeling for klede, sykklar, maskiner og utstyr i Voss herad i samarbeid med ulike skular, lag og organisasjonar
5. Bruka den kommunale innkjøpsstrategien slik at klimaavtrykket frå tenester og leveransar er eit viktig kriterium. Leverandørar med lågt klimaavtrykk skal prioriterast.
6. Få i gang engasjerande klima- og naturprosjekt som hushaldningar og verksemder kan ta del i. Nokre dømer: grendehage, bildelering,gå/sykle til jobb-kampanje, kommunal bytedag m.m
7. Jobba for at heradet sine kantiner skal servera vegetarisk mat minst ein dag i veka.



8. Jobba for eit biogassanlegg, fyllestasjon for lastebilar, fylkesmidlar, klimasatsmidlar når biogassanlegget på Bjørke er i drift.

**Varmesøkande kamera på Evanger** – punktet vert sendt Rådmannen for vidare arbeid med tanke på finansiering gjennom Riksantikvaren:

Evanger sentrum er eit verneverdig bustadområde. Det er viktig at eventuelle branntilløp i området vert oppdaga så tidleg som mogleg, for å hindra ein storbrann i å utvikla seg. Heradsstyret ber om å få ei sak som gjeld betre branntryggleik på Evanger, med tanke på å få installert varmesøkande kamera i området, direkte knytte til alarmsentral.

### §5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Rammetilskot	-555 733	-530 365	-552 759	-552 800	-550 494	-550 135	-546 567
Inntekts- og formuesskatt	-431 925	-451 000	-470 826	-488 300	-501 300	-513 700	-526 800
Eigedomsskatt	-65 172	-63 550	-69 050	-70 600	-70 600	-70 800	-70 800
Andre generelle driftsinntekter	-73 223	-46 823	-46 823	-39 223	-42 123	-41 723	-41 723
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-1 126 054</b>	<b>-1 091 738</b>	<b>-1 139 458</b>	<b>-1 150 923</b>	<b>-1 164 517</b>	<b>-1 176 358</b>	<b>-1 185 890</b>
<b>Korrigert sum bevillingar drift, netto</b>	<b>1 047 034</b>	<b>1 035 857</b>	<b>1 070 569</b>	<b>1 095 870</b>	<b>1 083 251</b>	<b>1 081 221</b>	<b>1 083 871</b>
Avskrivningar	66 894	63 758	65 361	63 758	63 758	63 758	63 758
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 113 928</b>	<b>1 099 616</b>	<b>1 135 930</b>	<b>1 159 629</b>	<b>1 147 009</b>	<b>1 144 979</b>	<b>1 147 629</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-12 126</b>	<b>7 878</b>	<b>-3 528</b>	<b>8 706</b>	<b>-17 507</b>	<b>-31 378</b>	<b>-38 260</b>
Renteinntekter	-15 336	-11 430	-11 730	-15 417	-16 437	-17 457	-18 297
Utbytter	-10 223	-8 800	-10 800	-10 300	-8 800	-8 800	-8 800
Renteutgifter	23 319	19 605	19 555	22 280	26 280	29 980	29 580
Avdrag på lån	53 313	51 687	51 687	52 100	58 100	65 000	67 800
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>51 072</b>	<b>51 063</b>	<b>48 713</b>	<b>48 663</b>	<b>59 143</b>	<b>68 723</b>	<b>70 283</b>
Motpost avskrivningar	-66 894	-63 758	-65 361	-63 758	-63 758	-63 758	-63 758



Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-27 947</b>	<b>-4 818</b>	<b>-20 176</b>	<b>-6 389</b>	<b>-22 123</b>	<b>-26 414</b>	<b>-31 736</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	8 517	3 400	8 774	6 900	3 468	3 468	3 468
Avsetninger til bundne driftsfond	50 437	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Bruk av bundne driftsfond	-23 521	-17 667	-29 002	-20 482	-16 167	-16 167	-16 167
Avsetninger til disposisjonsfond	4 017	17 585	37 685	19 777	32 711	36 812	42 434
Bruk av disposisjonsfond	-11 502	-4 500	-3 281	-5 806	-3 890	-3 700	-4 000
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>27 947</b>	<b>4 818</b>	<b>20 176</b>	<b>6 389</b>	<b>22 122</b>	<b>26 413</b>	<b>31 735</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## §5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Administrasjon og leing	67 303	73 429	61 248	77 301	74 955	74 955	74 485
Plan, næring og forvaltning	23 508	23 144	23 338	23 755	21 886	21 886	21 886
Samferdsel	29 853	28 884	26 750	27 980	21 395	21 195	21 195
Eigedom og bustad	10 710	16 801	15 009	24 671	34 150	34 176	34 204
Brann og ulukkesvern	11 594	12 513	12 493	12 960	12 610	12 610	12 610
Vatn, avlaup og renovasjon	-13 155	-14 227	-14 162	-14 240	-14 550	-14 550	-14 550
Politisk styring	6 856	8 225	8 315	7 740	8 401	8 401	8 401
Finansielle postar/økonomi	-13 950	-36 012	-36 012	-42 382	-37 092	-37 092	-36 092
Grunnskule	229 717	233 631	237 248	242 886	231 968	230 282	230 600
Barnehage	140 964	141 231	145 967	148 651	143 796	143 126	143 248
Barne- og familietenestene	60 445	53 960	62 214	63 397	60 379	60 405	60 433
Integrering og vaksenopplæring	14 341	10 763	9 509	8 908	10 051	10 051	10 051
Helse	39 138	40 501	46 801	42 001	42 286	42 324	42 362
Omsorg	342 918	348 012	363 763	371 984	375 871	376 447	378 033
Sosialtenester	45 972	40 686	43 644	40 862	41 069	41 069	41 069
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	48 281	43 072	42 504	45 715	43 958	43 818	43 818
<b>Sum bevilningar drift, netto</b>	<b>1 044 495</b>	<b>1 024 613</b>	<b>1 048 629</b>	<b>1 082 190</b>	<b>1 071 135</b>	<b>1 069 105</b>	<b>1 071 755</b>
Av dette:							
Avskrivningar	0	0	0	0	0	0	0
Netto renteutgifter og - inntekter	1 677	1 621	-50	-50	-50	-50	-50
Overføring til investering	1 100	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	10 049	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-14 265	-12 066	-22 620	-12 981	-12 066	-12 066	-12 066
Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	1 100	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 100	-800	-371	-650	0	0	0
<b>Korrigert sum bevilningar drift, netto</b>	<b>1 047 034</b>	<b>1 035 857</b>	<b>1 070 569</b>	<b>1 095 870</b>	<b>1 083 251</b>	<b>1 081 221</b>	<b>1 083 871</b>

Oversikta inneheld rammer til tenestemråda ekskl.finans.



## §5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Investeringer i varige driftsmidler	110 383	153 396	271 798	163 194	271 113	109 550	59 675
Tilskudd til andres investeringer	3 000	0	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	22 258	3 400	2 910	3 400	3 400	3 400	3 400
Utlån av egne midler	1 850	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	398	0	0	0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>137 890</b>	<b>156 796</b>	<b>274 708</b>	<b>166 594</b>	<b>274 513</b>	<b>112 950</b>	<b>63 075</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-17 056	-30 579	-43 104	-32 328	-52 363	-20 310	-10 175
Tilskudd fra andre	-4 769	-17 500	-17 500	-2 500	-2 500	0	0
Salg av varige driftsmidler	-25 729	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-90 579	-100 180	-205 330	-124 866	-216 250	-89 240	-49 500
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>-138 132</b>	<b>-148 259</b>	<b>-265 934</b>	<b>-159 694</b>	<b>-271 113</b>	<b>-109 550</b>	<b>-59 675</b>
Videreutlån	41 806	25 000	36 000	35 000	35 000	30 000	30 000
Bruk av lån til videreutlån	-41 806	-25 000	-25 000	-35 000	-35 000	-30 000	-30 000
Avdrag på lån til videreutlån	11 601	11 200	11 200	11 200	11 200	11 200	11 200
Mottatte avdrag på videreutlån	-17 581	-11 200	-11 200	-11 200	-11 200	-11 200	-11 200
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-5 980</b>	<b>0</b>	<b>11 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Overføring fra drift	-8 517	-3 400	-8 774	-6 900	-3 400	-3 400	-3 400
Avsetninger til bundne investeringsfond	9 209	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-215	0	-11 000	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	8 211	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	-2 465	-5 137	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>6 223</b>	<b>-8 537</b>	<b>-19 774</b>	<b>-6 900</b>	<b>-3 400</b>	<b>-3 400</b>	<b>-3 400</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



**§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)****1. Investeringar i varige driftsmidlar**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Administrasjon og leing	0	1 875	1 875	1 875	5 625
Plan, næring og forvaltning	313	0	0	0	313
Samferdsel	16 194	11 750	11 750	11 750	51 444
Eigedom og bustad	12 188	10 500	3 875	6 375	32 938
Brann og ulukkesvern	24 200	55 000	0	0	79 200
Vatn, avlaup og renovasjon	6 250	110 000	70 000	28 125	214 375
Grunnskule	64 250	51 000	10 000	10 000	135 250
Barnehage	16 250	23 500	500	0	40 250
Helse	0	0	10 000	0	10 000
Omsorg	15 175	1 550	1 550	1 550	19 825
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	8 375	5 938	0	0	14 313
<b>Investeringar i varige driftsmidlar</b>	<b>163 194</b>	<b>271 113</b>	<b>109 550</b>	<b>59 675</b>	<b>603 531</b>

**2. Tilskot til andre sine investeringar**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
<b>Tilskot til andres investeringar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap**

Beløp i 1000

	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Eigenkapitalinnskot KLP	3 400	3 400	3 400	3 400	13 600
<b>Investeringar i aksjer og andeler i selskap</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>13 600</b>



## 4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan Sum 2022-2025
Utlån av egne midler	0	0	0	0	0
<b>Sum del 1-4</b>	<b>166 594</b>	<b>274 513</b>	<b>112 950</b>	<b>63 075</b>	<b>603 531</b>

## §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Rammetilskot	-555 733	-530 365	-552 759	-552 800	-550 494	-550 135	-546 567
Inntekts- og formuesskatt	-431 925	-451 000	-470 826	-488 300	-501 300	-513 700	-526 800
Eigedomsskatt	-65 172	-63 550	-69 050	-70 600	-70 600	-70 800	-70 800
Andre skatteinntekter	-18 852	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-54 372	-28 193	-28 193	-20 593	-23 493	-23 093	-23 093
Overføringer og tilskudd fra andre	-200 967	-138 988	-173 744	-172 739	-147 166	-147 166	-147 166
Brukarbetalingar	-55 013	-59 354	-59 354	-59 727	-59 899	-59 899	-59 899
Sals- og leigeinntekter	-138 288	-125 597	-131 383	-133 854	-126 817	-126 817	-126 817
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-1 520 322</b>	<b>-1 415 677</b>	<b>-1 503 939</b>	<b>-1 517 243</b>	<b>-1 498 398</b>	<b>-1 510 239</b>	<b>-1 519 771</b>
Lønnsutgifter	772 141	746 529	771 120	797 725	769 377	768 877	770 997
Sosiale utgifter	193 917	192 225	194 665	214 263	201 724	201 724	202 724
Kjøp av varer og tjenester	363 292	331 580	360 043	359 677	360 336	358 806	358 336
Overføringer og tilskudd til andre	111 952	89 462	109 223	90 525	85 695	85 695	85 695
Avskrivningar	66 894	63 758	65 361	63 758	63 758	63 758	63 758
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 508 196</b>	<b>1 423 555</b>	<b>1 500 411</b>	<b>1 525 949</b>	<b>1 480 891</b>	<b>1 478 861</b>	<b>1 481 511</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-12 126</b>	<b>7 878</b>	<b>-3 528</b>	<b>8 706</b>	<b>-17 507</b>	<b>-31 378</b>	<b>-38 260</b>
Renteinntekter	-15 336	-11 430	-11 730	-15 417	-16 437	-17 457	-18 297
Utbytter	-10 223	-8 800	-10 800	-10 300	-8 800	-8 800	-8 800
Renteutgifter	23 319	19 605	19 555	22 280	26 280	29 980	29 580
Avdrag på lån	53 313	51 687	51 687	52 100	58 100	65 000	67 800
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>51 072</b>	<b>51 063</b>	<b>48 713</b>	<b>48 663</b>	<b>59 143</b>	<b>68 723</b>	<b>70 283</b>



Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Opph. budsjett 2021	Rev. budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Øk.plan 2025
Motpost avskrivninger	-66 894	-63 758	-65 361	-63 758	-63 758	-63 758	-63 758
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-27 947</b>	<b>-4 818</b>	<b>-20 176</b>	<b>-6 389</b>	<b>-22 123</b>	<b>-26 414</b>	<b>-31 736</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>							
Overføring til investering	8 517	3 400	8 774	6 900	3 468	3 468	3 468
Avsetninger til bundne driftsfond	50 437	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Bruk av bundne driftsfond	-23 521	-17 667	-29 002	-20 482	-16 167	-16 167	-16 167
Avsetninger til disposisjonsfond	4 017	17 585	37 685	19 777	32 711	36 812	42 434
Bruk av disposisjonsfond	-11 502	-4 500	-3 281	-5 806	-3 890	-3 700	-4 000
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>27 947</b>	<b>4 818</b>	<b>20 176</b>	<b>6 389</b>	<b>22 122</b>	<b>26 413</b>	<b>31 735</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Gebyrliste

Gebysatsar gjeldande frå 01.01.2022, jf. vedtak om gebyr, avgifter og brukarbetaling.

### Grunnskule og barnehage

	Pris 2021	Pris 2022	Vekst 21 til 22
Barnehageplass, heil plass (kr/mnd)	3 230	3 315	2,6 %
Barnehageplass, 4 dagar (kr/mnd)	2 670	2 740	2,6 %
Barnehageplass, 3 dagar (kr/mnd)	2 300	2 360	2,6 %
Barnehageplass, halv plass (kr/mnd)	1 815	1 865	2,8 %
Kjøp av einiskiddagar (kr/dag)	400	410	2,5 %
Kostdøgn	480	495	3,1 %
Ordinær SFO-plass, 5 dagar (kr/mnd)	2 300	2 365	2,8 %
Ordinær SFO-plass, 3 dagar (kr/mnd)	1 610	1 655	2,8 %
Utvida SFO-plass, 5 dagar (kr/mnd)	3 060	3 150	2,9 %
Utvida SFO-plass, 3 dagar (kr/mnd)	2 100	2 160	2,9 %

### Helse og omsorg

	Pris 2021	Pris 2022	Vekst 21 til 22
Institusjonsopphald: Inntil 75% av grunnbeløpet i folketrygda og inntil 85 % av inntekter ut over grunnbeløpet			
Maks betaling sjukeheim (kr/mnd)	68 000	72 000	6 %
Dagopphald/nattopphald i institusjon (statleg sats) (kr/dag)	95	100	5 %
Dagtilbod, aktivisering (kr/dag)	160	165	3 %
Korttidsopphald (statleg sats) (kr/dag)	175	180	3 %
Heimehjelp, timesats (Brukar betaler timesats eller månadsbeløp/abonnement avhengig av omfang, ut i frå kva som er mest føremålstenleg for brukar)			
Heimehjelp, timesats	388	400	3 %
Heimehjelp/husmorvikar < 2G (statleg sats) (kr/mnd)	215	215	0 %



Heimehjelp/husmorvikar inntil 3 G, (kr/mnd)	1 060	1 080	2 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 4 G (kr/mnd)	1 900	1 950	3 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 5 G (kr/mnd)	2 660	2 700	2 %
Heimehjelp/husmorvikar inntil 6 G (kr/mnd)	3 400	3 450	1 %
Heimehjelp/husmorvikar over 6 G (kr/mnd)	4 120	4 200	2 %
Dagsats husmorvikar 0-2 G (statleg sats)	215	215	0 %
Dagsats husmorvikar 2-3 G	685	700	2 %
Dagsats husmorvikar 3-4 G	890	900	1 %
Dagsats husmorvikar 4-5 G	1 110	1 130	2 %
Dagsats husmorvikar 5-6 G	1 330	1 350	2 %
Dagsats husmorvikar over 6 G	1 440	1 500	4 %
Andre gebyr			
Tryggleiksalarm (kr/mnd)	360	370	3 %
Omsorgsteknologi (kr/mnd)	370	370	0 %
Montering e-lås (kr per montering)	845	870	3 %
Utkøyring av hjelpemiddel (kr per hjelpemiddel)	110	115	5 %
Middag til heimebuande (kr/eining)	96	99	3 %
Graut til heimebuande(kr/eining)	52	53	2 %
Lunch Granvin (kr/eining)	31	32	3 %
Frukost/kvelds Granvin (kr/eining)	52	53	2 %
Full pensjon ved institusjon (Sør/Nord) (kr/eining)	165	170	3 %

## Kultur og fritid

	Pris 2021	Pris 2022	Vekst 21 til 22
1. Kulturskule , einskildelevar (kr/skuleår)	3 865	3865	0 %
2. Kulturskule , instrumentleige (kr/skuleår)	520	520	0 %
3. Kulturskule , gruppeundervisning (kr/skuleår)	2 130	2130	0 %
4. Kulturskule , biletekunst (kr/skuleår)	3 400	3400	0 %
5. Kulturskule , materialpengar (kr/skuleår)	650	650	0 %
6. Kulturskule , dans (kr/skuleår)	2 850	2850	0 %
7. Årleg tilsynsavgift salgsstader tobakkvarer, faste	4 700	4800	2 %
8. Årleg tilsynsavgift salgsstader tobakkvarer, mellombels	1 250	1280	2 %



Teknisk \*

	Pris 2021	Pris 2022	Vekst 21 til 22
Byggesak - einebustad	14 037	13 615	-3 %
Oppmåling 0-500 m2	12 202	11 592	-5 %
Plangebyr - enklaste plansak	28 991	29 658	2 %
Renovasjon 1)			
Feie- og tilsynsavgift pr pipeløp	509	535	5 %
Fresing av blanksot	1236	1 264	2 %
Septik/gråvassanlegg til og med 4 m3	1 560	1 150	-26 %
Septik/gråvassanlegg frå 4 m3 til og med 6 m3	2 220	1 650	-26 %
Septik/gråvassanlegg frå 6 m3 til og med 10 m3	2 840	2 150	-24 %
Septik/gråvassanlegg frå 10 m3 etter pris pr m3	550	340	-38 %
Septik tett tank 2)	7 020	5 400	-23 %
Tett tank med 2 års tømmeintervall 2)	7 020	1 150	-84 %
Tett tank med 4 års tømmeintervall 2)	3 510	790	-77 %
Tilleggsgebyr for minirensanlegg: Oppsamling av rejeaktvatn 2)	0	3 000	
Vatn fastledd heilårsbustad	564	592	5 %
Vatn fastledd fritidsbustad	846	888	5 %
Vatn forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert	14,32	15,04	5 %
Tilknytingsavgift vatn heilårs-/fritidsbustad trinn 1 (0 - 150 m2 BRA)	10 000	10 500	5 %
Tilknytingsavgift vatn heilårs-/fritidsbustad trinn 2 (151 - 250 m2 BRA)	13 000	13 650	5 %
Tilknytingsavgift vatn heilårs-/fritidsbustad trinn 3 (251 m2 BRA og oppover)	18 000	18 900	5 %
Avløp fastledd heilårsbustad	755	755	0 %
Avløp fastledd fritidsbustad	1133	1133	0 %
Avløp forbruksgebyr pr målt m3 eller stipulert	19,54	19,54	0 %
Tilknytingsavgift avløp heilårs-/fritidsbustad trinn 1 (0 - 150 m2 BRA)	10 000	10 000	0 %
Tilknytingsavgift avløp heilårs-/fritidsbustad trinn 2 (151 - 250 m2 BRA)	13 000	13 000	0 %
Tilknytingsavgift avløp heilårs-/fritidsbustad trinn 3 (251 m2 BRA og oppover)	18 000	18 000	0 %
Landingsavgift pr landing	132	135	2 %



Landingsavgift årskort	2 540	2 598	2 %
Landingsavgift fast avgift fallskjermklubben	38 036	38 911	2 %
Landingsavgift fast avgift helikopter	19 000	19 437	2 %
* Prisar eks mva			
1) Felles i IHM-området, etter tilråding frå representantskapet i Indre Hordaland Miljøverk IKS.			
2) Septik tilleggsgebyr for minirensanlegg: Oppsamling av rejevtvann vert frå 2022 trekt ut frå dei aktuelle gebyra og innført som eiga varelinje i tillegg.			

## Tilskot

I førre årsbudsjett vart det lagt fram liste over tilskot frå kommunen til eksterne. Dette vil bli lagt fram som eige sak til behandling i heradsstyret desember 2021.






## Organisering og styring

### Verksemdstyring

Heilskapleg og effektiv verksemdstyring skal sikra god leiing, planlegging og styring av drifts- og utviklingsoppgåver. Planlegging inneber å setja mål for kommunen, og å skildra kva endringar og tiltak som må gjerast for å nå måla. Planar er difor avgjerande for kva retning verksemda skal styrast. Dei strategiske planane i ein kommune vil som hovudregel vera politisk vedtekne, og planlegging handlar difor i stor grad om politikk. Gjennom å laga og vedta strategiske planar set folkevalde retninga for kommunen på kort og lang sikt. Innbyggjarar og andre aktørar vert inviterte til å medverka i planarbeidet og setja mål for utviklinga. Kommunen må også ta omsyn til regionale planar og nasjonale forventningar.

Ei forenkla hierarkisk framstilling av dei ulike planane i kommunen er vist i figuren under.



I 2020 vart det også vedteke ein planstrategi for kommunen. I denne er det vedteke kva planar som skal utarbeidast i perioden 2020-2023 for å jobba med dei tre valde utfordringane “klima og klimatilpassing”, “utanforskap” og “vossingane”.

Dei overordna føringane for verksemdstyring er skildra i dokumentet “styring i Voss herad”. God styring skal sikra at kommunen:

- Jobbar for å nå måla
- Følgjer lover og forskrifter
- Sett i verk politiske og administrative vedtak




- Brukar ressursane effektivt
- Oppnår best mogleg resultat og kvalitet innanfor tenestene ut i frå tilgjengelege ressursar
- Vert styrt på ein lik og samordna måte, mellom og innan tenesteområda

For å få til god styring og leia organisasjonen til å nå måla våre, trengs gode leiarar. Voss herad har difor utvikla ein leiaridentitet som me meiner har potensialet til å påverka og motivera leiarane i kommunen. Den skal gjera oss i stand til å oppnå gode resultat og driva fram ein felles visjon. Saman skal me skapa verdas beste herad.

### Organisering

Voss herad vert styrt etter formannskapsmodellen, der øvste organ er Voss heradsstyre:



Politiske utval har delegert mynde til å gjera vedtak og innstilling til heradsstyret. Dei skal handsama saker innanfor ulike fagområde. Voss herad har i tillegg tre kommunale råd som vert utnemnde for kvar valperiode. Dette er tre lovpålagde råd: Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet.

Den administrative delen av kommunen er organisert med rådmann som øvste leiar, fire kommunalavdelingar og tre stabsavdelingar.



Det å vera ein tillitsskapande organisasjon er ei viktig målsetjing for Voss herad. Tillitsskapande arbeid mellom administrasjon og folkevalde og mellom kommune og innbyggjarar vil gi positive ringverknader. Det er utarbeidd nye etiske retningslinjer i heile organisasjonen. Det å ha ein høg etisk standard betyr at dei etiske retningslinjene vert brukt aktivt i alt arbeid.

## Satsingsområde

Voss herad sin visjon og verdiane våre gjev retning for korleis me skal utvikla kommunen. Dette skal liggja til grunn for korleis me jobbar med ulike arbeidsprosessar, korleis me formar planane våre og korleis me styrer etter dei.

Visjonen vår om å vera **eit sterkt regionsenter med levande byder**, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel. Samfunnsdelen er kommunen sin langsiktige 12 årige plan, og økonomiplanen er den 4 årige handlingsplanen som skal sei kva me skal gjera dei neste åra for å nå måla.

Visjonen vert fylgt opp med tre satsingsområde: «**Attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar**», «**innovative Voss – med røter og vengjer**» og «**inkluderande Voss – bygd for alle**». Arbeidet vårt skal byggja på FN sine berekraftsmål. FN sine berekraftsmål er her framstilt i ein pyramide der dei ulike nivåa vert integrert i kvarandre og «alt heng saman med alt». Mål og delmål fastlagt i samfunnsdelen vil liggja på ulike nivå men arbeidet med å prioritera innsats og oppgåver i åra som kjem vil kunna verta meir intuitiv gjennom å nytta pyramiden som arbeidsverktøy.



Dei ulike tenesteområda set mål for sine område som igjen er kobla opp mot berekraftsmåla. Dei finn du igjen på dei ulike tenesteområda i økonomiplanen. På denne måten vil me sikra ein raud tråd frå mål til planar og til handling.

Kommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar, men også som tenesteytar og arbeidsgjevar. Satsingsområde for å utøva rolla som samfunnsutviklar er sett i planstrategien:

- Klima og klimatilpassing - Klimaendringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor og råkar alle samfunnsområde. Sjølv om utfordringar knytt til klima er globale, er det ei utfordring med store lokale konsekvensar. Klimabudsjett vert lagt fram saman med årsbudsjett 2022 og endeleg økonomiplan 2022-2025 til hausten.
- Vossingane - Barn, unge og gamle er dei store brukarane av kommunale tenester. Folketalet på Voss aukar, men venta auke i åra som kjem er hovudsakleg i dei eldste aldersgruppene og det blir relativt færre personar i arbeidsdyktig alder framover. Dette kan skapa utfordringar med finansiering av tenestene, samt rekruttering og riktig kompetanse til framtidens næringsliv.
- Utanforskaping - I ei tid der me aldri tidlegare har sett meir openheit, toleranse og inkludering, ser me òg motsetningar, utanforskaping og hat. Også hjå oss ser me tendensar til at skilnader vert større. Relevant planlegging for å møte «utanforskaping» vil kunna vera knytt til førebygging, tidleg innsats, kultur – og lagslivet si rolle, etc.

Nokre satsingsområde er meir internt retta. For å nå måla vil Voss herad jobba med ulike satsingsområde dei fire neste åra. Nokre av hovudsatsingsområda er:



### **Økonomi**

Ein robust og berekraftig økonomi er avgjerande for å oppretthalda og vidareutvikla tenestetilbod til innbyggjarane. Det er også viktig å skapa handlingsrom for nye brukarar, nye prioriteringar og nye oppgåver som vil koma i framtida. For å vurdera kor robust og berekraftig kommunen er økonomisk bør kommunen ha eit visst nivå av dei tre finansielle måltala våre, netto driftsresultat, disposisjonsfond og at me handterer naudsynt gjeldsgrad. Måltala syner soleis i kor stor grad inntektene dekker utgiftene i drifta, kor mykje me har av reserver på bok og kor stor lånebelastinga er. Voss herad er ikkje på tilrådd eller ønska nivå.

### **Effektiv tenesteyting tilpassa brukar**

Me må tilpassa og omstilla tenestene for å kunna møte brukarane sine behov i dag og i framtida. Effektive tenester handlar om å utøva oppgåver og samhandlinga mellom dei slik at det gjev mest mogleg verdi for brukaren eller innbyggjaren. Dette inneber at nokon oppgåver må gjerast anleis enn me har gjort det før eller gjera noko på ein heilt ny måte. Me vil nytta Lean og prinsipp om verksemdstyring i dette arbeidet. Nokre av desse endringane i tenesteutøving vert skildra under aktuelle tenestemråde, enten i tekstform eller som økonomiplaniltak.

### **Innovasjon og digitalisering**

Innovasjon og digitalisering er viktige område å meistra for å møte utfordringar framover. Innovasjon kan definerast som å skapa verdi på nye måtar. Me treng å skapa meir verdi når ressursane er knappe og krava høge. For at kommunen skal fortsetta å levera tenester av god kvalitet, må arbeidet med systematisk tenesteinnovasjon vidareførast og styrkast. Gjennom målretta satsing på effektive arbeidsprosessar, teknologi og digitalisering skal kommunen sikra ei god og framtidsretta teneste- og samfunnsutvikling.

Det er utarbeidd ein digitaliseringsstrategi, kalla digital arbeidsglede. Digital arbeidsglede handlar om å byggja grunnmuren; det handlar om sikkerheit, sikra at me har oversikt over alle dei ulike IKT-løysingane som me har i kommunen, sikra at me har orden i eige hus og å auka den digitale kompetansen i organisasjonen. Handlingsprogrammet skal setjast ut i live i planperioden.

Det skal utarbeidast ein strategisk kompetanseplan. Her vil eit av satsingsområda vera digital kompetanse.

### **Attraktiv arbeidsgjevar**

Voss herad skal vera attraktiv, inkluderande og innovativ. Dette gjeld også som arbeidsgjevar. Me vil ha ein god arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me lukkast med å rekruttera, utvikla og behalda medarbeidarar, få ein felles identitet og kultur, og driva utvikling og innovasjon. Ei viktig satsing i perioden framover vert å byggja ein ny, god og felles organisasjonskultur for alle tilsette i Voss herad. Me skal skapa eit arbeidsmiljø prega av motivasjon, arbeidsglede og skapa ein kultur som gjev ei kjensle av dette er «me» i Voss herad. Kulturen skal leggja til rette for ein innovativ og



endringsdyktig organisasjon. Det skal vera rom for å gjera feil, og samstundes gode system for å læra av feila, det vil seia ein god kultur for kontinuerleg forbetring.

Me er den største arbeidsgjevaren i kommunen og har eit særskild ansvar for å utøva rolla profesjonelt og inkluderande. Me har mange rutinar og reglement som legg retning og føringar for dette, og det er utarbeida mykje nye dokument og opplæringsmateriell med kommunesamanslåinga.

Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. I rekruttering oppmodar me alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.

Det å vera ein tillitsskapande organisasjon er ei viktig målsetjing for Voss herad. Tillitsskapande arbeid mellom administrasjon og folkevalde og mellom kommune og innbyggjarar vil gi positive ringverknader. Det er utarbeida nye etiske retningslinjer for heile organisasjonen. Det å ha ein høg etisk standard betyr at dei etiske retningslinjene vert brukt aktivt i alt arbeid.

### Lærlingar

Å læra opp lærlingar er viktig for at kommunen skal sikra kvalifisert arbeidskraft. Men me veit òg at utdanning og jobb er viktig for å hindre utanforskap. Eit felles mål for kommunane er å etablera fleire læreplassar til minst 2 per 1000 innbyggjarar. Arbeidet med rekruttering av lærlingar har alt gjeve resultat. Tal godkjente lærekontraktar i kommunesektoren auka med 22 prosent frå 2011 til 2018, og ein av tre kommunar hadde allereie i 2019 nådd målet.

Voss herad har som mål å ta inn lærlingar i fleire fag og auka talet læreplassar i løpet av perioden. I 2020 hadde me 13 lærlingar. Hausten 2021 er talet auka til 17. Våren 2022 skal det på plass ein ny lærlingestrategi.

### Sjukefråvær

Kommunen har eit mål om at sjukefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen). Det vil seia eit sjukefråvær på 7,2% for kommunen i 2022.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring i sjukefråværsarbeid til leiarane.

### Klart språk

Ei viktig satsing vert å byggja ein kultur som set alle tilsette i Voss herad i stand til å bruka klart språk



i all kommunikasjon med tenestemottakarar og innbyggjarar. Dette gjeld tekstar på nett og i sosiale media, svarbrev frå kommunale tenester og i kommunikasjonen med omverda elles.

## Hovudtala i budsjettforslaget

Inntektssystemet er utforma slik at kommunane skal ha nokonlunde like økonomiske føresetnadar på dei midlane som kjem frå staten. Sidan kommunane er ulike, både i storleik og behov, er inntektssystemet sett saman av mange ulike kriterie.

Det er likevel stor skilnad på den økonomiske situasjonen mellom kommunane. Dette blir påverka av lånegjeld, kraftinntekter, havbruksfond, eigedomsskatt og fleire spesielle postar. I tillegg er det avgjerande korleis kommunane har greidd å omstillast og utvikla seg i takt med dei demografiske og økonomiske endringane over tid.

Økonomisk berekraft er avgjerande for å kunna oppretthalda og vidareutvikla tenestetilbodet til kommunen sine innbyggjarar på lang sikt. Den samla økonomiske situasjonen til Voss herad er krevjande. Ekstraordinære inntekter i 2020 og 2021 med kommunesamanslåing og koronapandemien har ført til betre resultat desse åra enn me kan venta framover. Dette gjer at det ligg krevjande omstillingskrav i drifta for økonomiplanperioden. Driftsutgiftene må ned til eit berekraftig nivå samstundes som nye brukarbehov må dekkjast. I 2022 er det mogleg å auka budsjett for tenesteområda noko, men omstilling må gjerast for å handtera utgifter med aukande gjeld ut over i perioden.

### Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. i fjor 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
Skatt på inntekt og formue	-431 925	-470 826	-488 300	-501 300	-513 700	-526 800
Ordinært rammetilskot	-555 733	-552 759	-552 800	-550 494	-550 135	-546 567
Skatt på eigendom	-65 172	-69 050	-70 600	-70 600	-70 800	-70 800
Andre direkte eller indirekte skattar	-18 852	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630	-18 630
Andre generelle statstilskot	-54 372	-28 193	-20 593	-23 493	-23 093	-23 093
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-1 126 054</b>	<b>-1 139 458</b>	<b>-1 150 923</b>	<b>-1 164 517</b>	<b>-1 176 358</b>	<b>-1 185 890</b>





### Frie inntekter

Kommunen sine frie inntekter består av skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskilder. Skatt på formue og inntekt, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjettert med utgangspunkt i kommuneproposisjon for 2022 og statsbudsjett 2022.

Skatteinntekter til kommunane kjem frå inntekts- og formuesskatt frå personlege skattytarar, sjølvstendig næringsdrivane og naturressursskatt frå kraftføretak. Det er stor skilnad på omfanget av skatt mellom kommunane. For å jamne ut mykje av skilnadane, vert skatteinntektene omfordelt frå kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet til kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet. Voss herad ligg under landsgjennomsnittet, og vert difor kompensert med ei inntektsutjamning som vert betalt ut saman med rammetilskotet. I budsjett for 2022 er det lagt til grunn skatt på inntekt og formue på vel 475 mill.kr med ei realvekst på 2,5 % årleg. I tillegg er det lagt til grunn inntektsutjamning på om lag 27 mill.kr.

Eigedomsskatt er budsjettert med føresetnader om 2,1 promille for bustad og fritid, og 7 promille på næring. Dette er same nivå som i 2021, og inneber ein vekst frå 2020. Dette fordi det vart gjennomført allminneleg taksering i 20/21 der ein del fekk høgare verdi på eigedomen sin. Eigdomsverdien skal vera mest mogleg lik marknadsverdi. Ut i frå den pressa økonomiske situasjonen til kommunen er det ikkje tilrådd å justera promillesatsen ned.

Andre direkte skattar er konsesjonsavgifter, med 6 mill.kr. Dette vert sett av til Kraftfondet med tilsvarende beløp. Sal av konsesjonskraft er budsjettert under tenesteområdet finans.

Andre generelle statstilskot er i hovudsak integreringstilskot for flyktningar. Nivået på tilskot til flyktningar vert sterkt påverka av tal flyktningar me mottek for busetjing og integrering. Det er utfordrande å lage gode prognosar på utviklinga, men det er venta at tilskotet går ned i planperioden. Nedgangen er mindre enn venta i forrige økonomiplan.

### Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2020	Rev. bud. i fjor 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
Renteinntekter og utbytte	-23 805	-22 480	-25 667	-25 187	-26 207	-27 047
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	21 397	19 155	21 880	25 880	29 580	29 180
Avdrag på lån	53 313	51 687	52 100	58 100	65 000	67 800
<b>Netto finansinntekter/finansutgifter</b>	<b>50 904</b>	<b>48 363</b>	<b>48 313</b>	<b>58 793</b>	<b>68 373</b>	<b>69 933</b>
Finansutgifter i tenesteområda	168	350	350	350	350	350
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>51 072</b>	<b>48 713</b>	<b>48 663</b>	<b>59 143</b>	<b>68 723</b>	<b>70 283</b>
Motpost avskrivningar	0	0	0	0	0	0



Finansutgifter og -inntekter er justert etter prognosar med eit generelt høgare rentenivå ut i perioden. Estimert renteutvikling:

Lånetype	2022	2023	2024	2025
Avdragslån/gjeldsbrevlån	1,70 %	2,17 %	2,41 %	2,41 %
Korte lån i verdipapirmarknaden	1,25 %	1,72 %	1,96 %	1,96 %
Lengre lån i verdipapirmarknaden	1,40 %	1,87 %	2,11 %	2,11 %
Husbanklån	1,62 %	1,82 %	1,98 %	1,98 %
Innskotsrente	1,52 %	1,84 %	2,03 %	2,14 %

Avdrag er budsjettert med utgangspunkt i eit estimert minimumsavdrag som kommunen må betala jf.kommunelova, med tillegg av ein buffer på 5 mill.kr. Det er naudsynt med buffer då det på budsjetteringstidspunktet ikkje er mogleg å berekna korrekt minimumsavdrag fram i tid. Utrekninga av minimumsavdraget sikrar at heradet vil betala avdrag i samsvara med kapitalslitet på dei anleggsmidlane som vert avskrive, multiplisert med lånegrada på desse anleggsmidlane. Minimumsavdraget skal etter kommunelova reknast ut etter følgjande formel:

$$\text{Minimumsavdraget} = \text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Sum rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi avskrivbare driftsmidler}}$$

Finansutgiftene kjem frå renter og avdrag frå låneportefølja som kommunen har i dag og planlagde nye låneopptak. Utgifter frå framtidige lån vert også rekna inn i dei framtidige utgiftene, og det er tatt omsyn til dei investeringane som ligg i økonomiplan i dag.

Både renteutgifter og avdrag aukar vesentleg i perioden. Renteutgiftene vil auka som fylgje av både meir lån og forventa høgare rentenivå. Avdraga aukar både som fylgje av at det vert meir lån som betalast, men også fordi nye prosjekt har høg lånegrad som slår ut i berekninga av minimumsavdrag. Auke i finansutgifter kan handterast innafør driftsrammene.

Finansinntektene gjeld i hovudsak frå renteinntekter på innskot, renteinntekter på utlån til Voss Energi, samt utbytte frå Voss energi og BKK.




## Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar

Beløp i 1000

	Rekneskap		Økonomiplan			
	2020	Rev. bud. i fjor 2021	2022	2023	2024	2025
Til bundne avsetninger	17 946	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Til ubundne avsetninger	4 017	22 585	19 777	32 711	36 812	42 434
<b>Netto avsetningar</b>	<b>21 962</b>	<b>28 585</b>	<b>25 777</b>	<b>38 711</b>	<b>42 812</b>	<b>48 434</b>
Netto avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar i tenestoområda	6 737	-8 409	-19 388	-16 589	-16 399	-16 699
<b>Totale avsetningar</b>	<b>27 947</b>	<b>20 176</b>	<b>6 389</b>	<b>22 122</b>	<b>26 413</b>	<b>31 735</b>

## Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter




	KOSTRA 2020	Budsjett 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025
Voss herad	2,1 %	0,3 %	0,4 %	1,5 %	1,8 %	2,1 %

Det er planlagt for at kommunen vil få eit aukande driftsresultat i perioden og på over 1,75 % frå 2024.




### Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2020	Budsjett 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025
Voss herad	4,2 %	6,5 %	7,4 %	9,4 %	11,5 %	14,0 %

Det ligg inne at disposisjonsfondet vil auka monaleg i perioden då planlagt overskot frå drifta vert sett av til disposisjonsfond. Dersom driftsoverskot vert realisert bør delar av midlane nyttast til å finansiera investeringar, og låneopptaket reduserast. Då dette er noko usikkert, er dette ikkje lagt inn i planen.

### Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



	KOSTRA 2020	Budsjett 2021	Økplan 2022	Økplan 2023	Økplan 2024	Økplan 2025
Voss herad	58,2 %	67,5 %	68,7 %	77,8 %	76,8 %	73,2 %



## Klimabudsjett

### Bakgrunn

Som del av Parisavtalen har Noreg forplikta seg til å redusera direkte klimagassutslepp med minst 50 prosent og opp mot 55 prosent innan 2030 samanlikna med 1990-nivå. Voss herad er i ferd med å utarbeida kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling «Vossaklima 2030», Denne skal vedtakast hausten 2022. Eit mål for delplanen er mellom anna å formulera heradet sine ambisiøse målsettingar for reduksjon av klimagassutslepp.

Heradsstyret vedtok i møte 10. juni 2021 at «Økonomiplanen for 2022-2025 må presentera tal og vurderingar som syner dei økonomiske konsekvensane av planlagde kutt i klimagassutslepp, og omlegging til ei meir berekraftig drift».

Voss herad er no av dei fyrste kommunane i Vestland som er i ferd med å laga klimabudsjett. Føremålet med klimabudsjett er å planleggja og gjennomføra utsleppskutt. På sikt vil eit klimabudsjett syne kva klimaeffekt ulike tiltak har, kva tiltaka kostar og kven som er ansvarleg for at tiltaka vert gjennomførte. Klimabudsjettet skal også romma tiltak for klimatilpassing og tiltak for grøn omstilling. I tråd med vedteken planstrategi for heradet skal tiltaka i klimabudsjettet bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

### Kommunen si rolle

Kommunen har ei viktig rolle i arbeidet med å redusera klimautslepp som kommunen direkte kan påverka, utslepp frå eige verksemd og tenesteproduksjon. Kommunen er også viktig i rolla som samfunnsutviklar. Denne rolla inneber at kommunen sett i gang prosessar i lokalsamfunnet for omstilling av næringsliv og endring av hushalda sitt forbruk, og generelt er i dialog med lokale aktørar for å gjennomføra gode idear til lokal omstilling.

### Fordelinga av klimagassutslepp i Voss herad


Direkte utslepp er utslepp av klimagassar som skjer innanfor eit geografisk område. I klimabudsjettet vil dette gjelda innan heradet sine geografiske grenser. Utsleppsstatistikk frå Miljødirektoratet, fordelt på kjelder og sektorar dannar grunnlaget for klimabudsjettet. Sjå [Kunnskapsgrunnlag klima og energi i tal og fakta, april 2021](#).



## Klimastatistikk

### Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar




### Referansebane

I samband med arbeidet med klimabudsjett og tiltaksvurderingar er det nyttig å ha ein referansebane, sjå figurane under. Verktøyet her er laga av Asplan Viak. Referansebana er eit forsøk på å sjå inn i framtida, og seie noko om korleis klimagassutsleppa kan utvikle seg utan ny klimapolitikkk og nye klimatiltak. Dette er ei nyttig øving for å få eit betre perspektiv på kvar dei største utsleppsutfordringane ligg i framtida, og kva utslepp ein trur vil løyse seg delvis av seg sjølv ved til dømes teknologiutvikling.

Framskrivninga omfattar nasjonale og fylkeskommunale tiltak per mai 2021. Det er ekskludert kommunale tiltak.

Sekto	2009	2011	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Total utslepp	Utvikling (2009-2030)
- Annen mobil forburning 19 %	8 681	10 479	12 107	16 727	19 470	13 446	20 799	18 600	19 055	19 472	19 849	20 187	20 486	20 746	20 969	21 154	21 303	21 417	21 496	346 443	
- Avfall og avløp 4 %	6 570	6 140	5 572	5 389	5 048	4 557	3 971	3 785	3 612	3 445	3 283	3 127	2 977	2 834	2 696	2 566	2 442	2 325	2 217	72 557	
• Energiforsyning 0 %	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-	
- Industri, olje og gass 1 %	469	560	631	487	523	592	647	656	646	637	627	618	609	599	590	580	571	562	552	11 157	
• Jordbruk 33 %	34 117	32 340	31 063	31 326	31 765	32 053	31 490	31 718	31 578	31 434	31 286	31 136	30 982	30 825	30 664	30 501	30 335	30 167	29 995	594 774	
- Luftfart 0 %	1	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	4	
• Oppvarming 3 %	3 942	3 953	3 422	3 408	4 233	4 135	4 419	3 439	3 300	3 166	3 036	2 910	2 790	2 674	2 564	2 458	2 359	2 265	2 178	60 849	
• Sjøfart 1 %	165	165	165	165	1813	1 579	1 439	1 627	1 643	1 657	1 668	1 676	1 681	1 684	1 684	1 682	1 677	1 670	1 660	25 499	
• Veitrafikk 38 %	41 535	41 286	40 886	40 961	39 196	36 247	38 080	36 836	36 074	35 346	34 651	33 990	33 364	32 772	32 215	31 695	31 211	30 764	30 357	677 466	
<b>Total</b>	<b>95 480</b>	<b>94 923</b>	<b>93 846</b>	<b>98 664</b>	<b>102 047</b>	<b>92 609</b>	<b>100 845</b>	<b>96 660</b>	<b>95 908</b>	<b>95 155</b>	<b>94 400</b>	<b>93 644</b>	<b>92 888</b>	<b>92 134</b>	<b>91 383</b>	<b>90 637</b>	<b>89 898</b>	<b>89 170</b>	<b>88 455</b>	<b>1 788 749</b>	



Figur: Referansebane for klimagassutslepp Vestlandskommuner, Voss herad (Vestland fylkeskommune/ Asplan Viak)

## Klimatilpassing

Vestlandet er landsdelen som er mest r ka av ekstremv r, og har særskilte utfordringar med   tilpasse busetnad og infrastruktur til klimaendringane. Dette er ogs  eit viktig bakteppe for prioritering av tiltak.

## Vossingane sitt klimafotavtrykk

Gjennom prosjektet [Folkets Fotavtrykk](#) har heradet tilgang til data for klimafotavtrykket til Vossingane p  eit overordna niv . Totalt er utsleppa rekna til 212 738 tonn CO2-ekvivalentar per  r, og utgjer 13,8 tonn CO2-ekvivalentar per innbyggjar per  r. Sj  figur. Ei vurdering som omfattar b de direkte og indirekte utslepp vert ofte kalla for fotavtrykksanalyse. Klimafotavtrykksanalyser tar utgangspunkt i livsl psmetodikk, og inkluderer utvinning og transport av r varer, vidareforedling til eit produkt/vare, transport av varen til akt ren/personen som gjer seg nytte av den, og fram til eventuelt handsaming av produktet som avfall (Insam, Civitas og CICERO, 2016).

Det er ikkje fastsett m l for   redusera innbyggjarane sitt klimafotavtrykk. Voss herad vil likevel ta med tiltak i klimabudsjettet med f rem l om   p verka innbyggjarane sitt forbruk, haldningar og atferd i ein meir klimavenleg retning.



Årlig fotavtrykk for en gjennomsnittlig innbygger i det valgte området er 13,8 tonn CO<sub>2</sub>e.



## Klimatiltak

### Prioritering av tiltak

I tidleg fase av klimabudsjettering er det krevjande å estimera effekten av tiltak.

Kommunedelplanen for klima, klimatilpassing og grøn omstilling «Vossaklima 2030» er under arbeid. I prosessen vil det bli etablert kunnskapsgrunnlag som synleggjer kva potensiale for utsleppsreduksjon ulike tiltak har. Prioriterte satsingsområde og tiltak vert skildra nærare, og det vert arbeid med å finne høvelege indikatorar for å kunna måle utsleppsreduksjonar.

Klimabudsjettet for 2022 viser disponeringa av «klimamidlane, kr. 1.225 000» som er sett av til klimatiltak det neste året. Det er også lagt inn enkelte klimatiltak, vedteke i år, med gjennomføring innan ordinært driftsbudsjett. Klimabudsjettet skal med tida verte ein meir integrert del av handlings- og økonomiplanarbeidet, slik at me planlegg for «klima i alt me gjer». Målet er at klimatiltaka er meir synlege i det økonomiske budsjettet og at det vert planlagt og sett i gang tiltak og prosjekt som sikrar reduserte utslepp i heile perioden fram mot 2030.

I rapporten «Utvikling av klimabudsjettarbeidet» tar ein til orde for at det i mindre kommunar kan vera ein fordel å finna måtar å utarbeida klimabudsjett med mindre presisjon. Det er peika på at kunnskap om dei viktigaste tiltaka gir et godt grunnlag for prioritering. Vidare at ein vil kunne vidareutvikla andre, meir tekniske sider av arbeidet, i neste runde, med god ansvarsfordeling og tydelege mandat for dei ulike tenesteområda i kommunen.





Vurdering og prioritering av tiltak for 2022 er gjort med bakgrunn i «Klimakur 2030: Tiltak og virkemidler mot 2030» (Miljødirektoratet et.al. 2020), Meld. St. 13 (2020–2021), Klimaplan for 2021–2030, «Potensial og barrierer for kommunale tiltak 2018», Miljødirektoratet (Cicero, Civitas, Vestlandsforskning) og «Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi», Regjeringen 2021, som referansegrunnlag.

Det har også vore henta innspel frå organisasjonen i form av ei enkel spørjeundersøking. Spørsmål var knytt til kva tiltak som er viktig å prioritera i eit klimabudsjett, gjennomføring av konkrete klimatiltak for eige tenesteområde, og konkrete tips og innspel. Tiltak som scora høgt var byggsektoren med enøk/ gjenbruk/rehabilitering/ fornybarenergi og klimavenleg materialbruk i bygg. Elles var det stor merksemd rundt kortreist mat, matsvinn og avfallshandsaming/kjeldesortering. Spørjeundersøkinga hadde også til føremål å bevisstgjere.

## Direkte utslepp

Reduksjonar synast i tonn CO2 ekvivalentar

Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Kostnad 2022	Totalkostnad 2022-2025	Sektor	Kjelde	Reduksjon 2022	Beskriving	Beskriving av finansiering
Fossilfrie anleggsmaskiner og utstyr	150	600	Annen mobil forbrenning	Dieseldrevne motorredskap	25,0	Innfasing av fossilfrie anleggsmaskiner og utstyr. Innkjøp av ei utsleppfri anleggsmaskin for klimanøytrale og miljøvennlege operasjonar i kommunen sin eigen drift og i andre område der lokale utslepp og støy bør avgrensast. Søkje Klimasats og ev. støtte frå Enova. Heradet ynskjer å vera føregangsaktør.	Eigenandel kommunale midlar. Søkje Klimasats om meirkostnad til fossilfri anleggsmaskin og ev. Enova.
<b>Sum</b>	<b>150</b>	<b>600</b>			<b>25,0</b>		



## Ikkje-kvantifiserbare utsleppsreduksjonar

Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Kostnad	Sektor	Kjelde	Beskriving	Beskriving av finansiering
2022					
"Circle scan"	250	Annet	Annet	Kartlegging som identifiserer lokale materialstraumar (energi, vatn, biologiske råvarer, minerala og metalla) og sidestraumar (utslepp, biprodukt og avfall) som er eigna for omstilling til sirkulær økonomi.	Tiltaket er tenkt finansiert med eigenandel frå heradet, Vestland fylkeskommune - nærings og samfunnsutvikling gjennom Næringshagen og Klimasats
Bygdalab	250	Annet	Annet	Fast Bygdalab for medverknad i det kontinuerlege arbeidet med å utvikle Vossabygda mot ei grøn framtid. Me treng alle på lag! God erfaring frå denne type medverknadsarena frå arbeidet med sentrumsplanen. Det er også planlagt klimalab i samband med Vossaklima 2030. Nykkelen til å finne gode løysingar på klimakrisa, er å samarbeida på tvers, jfr. FN berekraftmål nr. 17. Samtidig er det å få til samarbeid på tvers sett på som ein av dei største barrierane for å oppnå klimamåla.  Bygdalab kan nyttast til dialogmøter med utbyggjarar, til deleordningar og aktivitetar som reparasjon, redesign og gjenbruk, samt fleksible kontor plassar, møterom mm.	Eigenandel kommunale midlar og søknad Klimasats - forprosjekt
Ducky verktøy Folkets Fotavtrykk	65	Annet	Utslepp og opptak av klimagasser	Avanserte verktøy for kartlegging av forbruksbasert klimarekneskap.	
Kompetanseheving klimabudsjett/rekneskap	100	Annet	Annet	I samband med nybrotsarbeidet med klimabudsjett og klimarekneskap, er det trong for kompetanseheving i organisasjonen ut over det interne ressursar kan bestå med. Det vert også trong for noko ekstern rådgjeving i samband med effektberekningar mm.	Kommunale midlar



Beløp i 1000 kr Klimatiltak	Kostnad 2022	Sektor	Kjelde	Beskriving	Beskriving av finansiering
Kreative klimamidlar	200	Annet	Annet	Heradet ynskjer å stimulera til lokale klimainitiativ ved å etablera ein "klimapott". Lag, organisasjonar eller enkeltpersonar skal kunne søkje tilskot for å kome frå idé til handling med gode klimaprojekt. Tildelast av UKM.	
Plaststrategi	0	Annet	Annet	Vedtak om at Voss herad skal laga ein plaststrategi	
Pollineringsstrategi	0	Annet	Annet	Vedtak om at Voss herad skal laga ein pollineringsstrategi	
Transformera og sambruka bygg	250	Bygg	Utslepp og opptak av klimagasser	Voss herad har store utslepp knytt til eigen bygningsmasse. Det er eit stort potensiale i å nytta eksisterande eigedomsmasse betre enn me gjer i dag. Me skal vera ei spydspiss for berekraft ved å transformera og sambruka eksisterande bygg i kommunen - frå offentlege bygg til fjøs og uteløer. Eksisterande bygg er ei gullgruve for framtida! Sirkulær økonomi i praksis.	Kommunal eigenandel, Klimasats, Riksantikvaren, Fylkeskommunen, Innovasjon Norge
Utvikling av indikatorar for måling av klimatilpassing av areal, bygningar og infrastruktur	0	Bygg	Utslepp og opptak av klimagasser	Etablera rutinar og sjekklister for klimagassberekningar i sakshandsaminga. Ta i bruk klimagassberekningar som verktøy. Pågåande prosjekt.	
Klimakommunikasjon og medverknad	100	Innkjøp	Utslepp og opptak av klimagasser	I samband med planprosessen for Vossaklima 2030 og planlagde tiltak er det trong for midlar til kommunikasjonstiltak og til medverknadsaktivitetar.	



Beløp i 1000 kr Klimatiltak	Kostnad 2022	Sektor	Kjelde	Beskriving	Beskriving av finansiering
Landsbyhage "Finnestråi"	50	Jordbruk	Jordbruksarealer	Etablert, frodig sentrumsnær hage "Finnestråi" på kommunal tomt. Tilbod til brukargrupper som rus og psykiatri, menneske med nedsett funksjonsevne og enkeltelevar i skulen som treng tilpassa opplegg. Skulehage for elevar på Gullfjordungen skule og Vangen skule. Her kan ein også leggja til rette kolonihage/parsell hage. Hagen kan verta ein møteplass, bidra til heilskapleg forståing av syklusane i naturen, bidra til å skapa grøn interesse, bevisste forbrukarar og auke kunnskapen om biologisk mangfald, og matproduksjon frå jord til bord. I utgangspunktet eit dugnadsbasert prosjekt, men treng kommunale midlar som eigendel for å søkje tilskot for organisering av prosjektet, tilrettelegging for vatn, utstyr mm.	Frivilligheit, ekstern finansiering og kommunale midlar
Klimapartnere Vestland	50	Miljøledelse	Utslepp og opptak av klimagasser	Samarbeid om å nå utsleppsmål	Klimamidlar - budsjett
Miljøsertifisering av eigen verksemd	200	Miljøledelse	Annet	Miljøstyringsssystem som verktøy for å redusera utslepp og oppnå berekraftsmål knytt til folkehelse, arbeidsmiljø mm. Feie for eigen dør - gå føre som eit godt døme. Tidlegare vedtak om at alle kommunale einingar skal Miljøsertifiserast. Nyttar hovudkontormodellen.	Kommunale midlar.
Miljøsertifisering av verksemdar under "Berekraftig reisemål"	70	Miljøledelse	Utslepp og opptak av klimagasser	Kommunen som samfunnsutviklar. Leggja til rette for å redusera eksterne utslepp - frå verksemdar i kommunen	
Etablera ladepunkt for eigen bilpark	100	Veitrafikk	Personbiler	Etablera infrastruktur overgang til 0-utslepp. Tiltaket reduserer ikkje klimagassutslepp i seg sjølv, men er ein føresetnad for elektrifisering av kommunen sin eigen bilpark.	Lokale klimamidlar og Klimasats
<b>Sum</b>	<b>1685</b>				


**Utslepp og opptak fra skog og annen arealbruk**

Beløp i 1000 kr

Klimatiltak	Kostnad	Sektor	Kjelde	Beskriving	Beskriving av finansiering
Matsvinn	0	Avfall og avløp	Utslepp og opptak av klimagasser	Få til eit samarbeid med eksterne organisasjonar td. Kirkens Bymisjon, Kveik, internt i kommunen td. Gryto, som kan koble trongen for å donere overskottsmat med trongen for mat og tid til matlaging.	Prosjekt innan ordinær drift
Jordkarbonprosjekt	100	Jordbruk	Jordbruksarealer	Siste året av eit 4-årig forsøksprosjekt. Omfattar drift av forsøksfelt, utprøving av endra praksis hjå deltakarane, kurs, samlingar og demonstrasjonar. Målsetnad å sjå på mogleg binding av CO2 i jord og auke kvaliteten i jordstruktur. Samarbeid med NLR.	Kommunale midlar løyvd
<b>Sum</b>	<b>100</b>				

## Utvikling i befolkning

Figuren nedanfor syner den økonomiske effekten av endring i befolkningsprognosen frå eitt år til neste. I figuren er utgiftene akkumulert, med 2020 som basisår. Figuren viser at dei teknisk berekna demografiutgiftene til eldre vil auke betydeleg i åra som kjem. Dette er i samsvar med befolkningsprognosen, der det og er forventa ein nedgang i tal unge. Utgiftene til både barn i barnehage- og grunnskulealder er på lang sikt forventa å gå markant ned. Samla sett, med nokre område som det er venta lågare utgifter med (under linja) og nokre område det er venta høgare utgifter med, syner berekningane at Voss vil få auka demografiutgifter på vel 36 mill.kr dei fire neste åra. Berekning av økonomisk endring som følgje av befolkningsutviklinga er basert på TBU sin berekningsmetode. Tala er usikre.



Utvikling i demografiutgifter ved høg nasjonal vekst

## Befolkningsprognose

	2021	2022	2023	2024	2025
0 - åringar	167	165	167	168	169
Barnehage (1-5 år)	886	864	859	868	858
Grunnskole (6-15 år)	1 857	1 862	1 883	1 872	1 898
Videregående (16-19 år)	808	766	727	729	717
Voksne (20-66 år)	9 005	8 987	8 961	8 931	8 907
Eldre (67-79 år)	2 042	2 100	2 178	2 250	2 302
Eldre (80-89 år)	791	786	797	804	837
Eldre (90 år og eldre)	231	256	262	265	261
Total	15 787	15 786	15 834	15 887	15 949

Prognose type : Høy nasjonal vekst

Prognose periode : 4

Befolkningsprognosen er basert på SSB sine befolkningsframskrivingar med høg nasjonal vekst. Voss herad har tidlegare nytta middels nasjonal vekst. Dette alternativet gjev ein nedgang i folketal i 2022-2024, noko som er lite truleg basert på historikk siste åra. Høg vekst kan gje eit noko høgt anslag for 2025.



Tabellen framstiller desse framskrivingane for 2020 til 2025. Eldre (67-79 år) er den aldersgruppa som er venta å auke mest i tal personar frå 2021 til 2025. Eit viktig utviklingstrekk i prognosen er at alle aldersgrupper frå 67 år og oppover er forventa å auke dei neste ti åra, samstundes som dei yngre aldersgruppene er venta å gå ned i tal. Dette vil sei at heradet potensielt får lågare skatteinntekter og høgare utgifter til omsorgstenester.

## Investeringar i økonomiplanen

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Helse</b>					
Voss interkommunale legevakt (IKL)	0	0	10 000	0	10 000
<b>Sum Helse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>	<b>10 000</b>
<b>Kultur og fritid (inkl.kyrkja)</b>					
Gryto - ventilasjonsanlegg	0	1 500	0	0	1 500
Vossabadet - servicebygg utebasseng	8 375	1 000	0	0	9 375
<b>Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)</b>	<b>8 375</b>	<b>2 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 875</b>
<b>Sum</b>	<b>8 375</b>	<b>2 500</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>	<b>20 875</b>

### Investeringar

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Administrasjon og leiing</b>					
Felles IT anlegg	0	1 875	1 875	1 875	5 625
<b>Sum Administrasjon og leiing</b>	<b>0</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>5 625</b>
<b>Plan, næring og forvaltning</b>					
Flaumsikring Skielva	313	0	0	0	313
<b>Sum Plan, næring og forvaltning</b>	<b>313</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>313</b>



Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Samferdsel</b>					
Brynali 102 Politistasjonen utbyggingsavtale	3 181	4 000	0	0	7 181
Standardh.brue (inv.)	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Trafikksikringstiltak	625	625	625	625	2 500
Utbyggingsavt. Knutepunktet	4 444	0	0	0	4 444
Veginvestering/vegpakke	3 069	2 250	6 250	6 250	17 819
<b>Sum Samferdsel</b>	<b>13 194</b>	<b>8 750</b>	<b>8 750</b>	<b>8 750</b>	<b>39 444</b>
<b>Eigedom og bustad</b>					
Aktivitetspark/festivalområde	3 750	3 750	0	0	7 500
Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett	1 250	0	0	0	1 250
Kjøp nye bilar	500	500	500	500	2 000
Nyrebru	4 688	0	0	0	4 688
Oppgradering omsorgsbustader Vetleflaten 1 F	2 000	2 000	0	0	4 000
Sentrumsplan, handlingsplan byromstrategi (grønt fond)	0	0	875	875	1 750
Strandpromenade/stemneplass	0	2 500	2 500	5 000	10 000
Utbyggingsavt. Park	0	1 750	0	0	1 750
<b>Sum Eigedom og bustad</b>	<b>12 188</b>	<b>10 500</b>	<b>3 875</b>	<b>6 375</b>	<b>32 938</b>
<b>Brann og ulukkesvern</b>					
Brannbil Voss	4 200	0	0	0	4 200
Hovudbrannstasjon	20 000	55 000	0	0	75 000
<b>Sum Brann og ulukkesvern</b>	<b>24 200</b>	<b>55 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>79 200</b>
<b>Finansielle poster/økonomi</b>					
Eigenkapitalinnskott KLP	3 400	3 400	3 400	3 400	13 600
<b>Sum Finansielle poster/økonomi</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>13 600</b>
<b>Grunnskule</b>					
Inventar/utstyr skuler og barnehager	0	1 000	0	0	1 000
Opprusting av skulebygg	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Ungdomsskolen idrettsfløy	54 250	40 000	0	0	94 250
<b>Sum Grunnskule</b>	<b>64 250</b>	<b>51 000</b>	<b>10 000</b>	<b>10 000</b>	<b>135 250</b>





Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Barnehage</b>					
Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21	1 250	0	0	0	1 250
Inventar/utstyr skuler og barnehager	0	1 000	500	0	1 500
Ny barnehage i Granvin	15 000	22 500	0	0	37 500
<b>Sum Barnehage</b>	<b>16 250</b>	<b>23 500</b>	<b>500</b>	<b>0</b>	<b>40 250</b>
<b>Omsorg</b>					
Bilar helse og omsorg	800	800	800	800	3 200
Kommunalt kjøkken	12 000	0	0	0	12 000
Utstyr og tekniske installasjonar	750	750	750	750	3 000
Vossestrand omsorgstun carport heimesjukepleie og vaktmesterlager	1 625	0	0	0	1 625
<b>Sum Omsorg</b>	<b>15 175</b>	<b>1 550</b>	<b>1 550</b>	<b>1 550</b>	<b>19 825</b>
<b>Kultur og fritid (inkl.kyrkja)</b>					
Bokbuss	0	3 125	0	0	3 125
Vatningsanlegg til grasbaner	0	313	0	0	313
<b>Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)</b>	<b>0</b>	<b>3 438</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3 438</b>
<b>Sum</b>	<b>148 969</b>	<b>159 013</b>	<b>29 950</b>	<b>31 950</b>	<b>369 881</b>

## Sjølvkostinvesteringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Samferdsel</b>					
Diverse anleggsmaskiner	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
<b>Sum Samferdsel</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>12 000</b>
<b>Eigedom og bustad</b>					
Diverse anleggsmaskiner	0	0	0	0	0
<b>Vatn, avlaup og renovasjon</b>					
Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA	0	52 500	37 500	13 750	103 750
Bømoen reserve vassverk	6 250	22 500	0	0	28 750
Hovudplan avlaup	0	3 750	3 750	3 750	11 250



Beløp i 1000

Økonomiplan	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Investeringsprosjekter</b>					
Hovudplan vatn	0	3 750	3 750	3 750	11 250
Vassanlegg Myrkdalen HP VA	0	27 500	25 000	6 875	59 375
<b>Sum Vatn, avlaup og renovasjon</b>	<b>6 250</b>	<b>110 000</b>	<b>70 000</b>	<b>28 125</b>	<b>214 375</b>
<b>Finansielle postar/økonomi</b>					
Bømoen reserve vassverk	0	0	0	0	0
Diverse anleggsmaskiner	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>9 250</b>	<b>113 000</b>	<b>73 000</b>	<b>31 125</b>	<b>226 375</b>

## Helse

### Voss interkommunale legevakt (IKL)

Det er behov for ei utgreiing av ulike alternativ for framtidig drift og organisering av Voss interkommunale legevakt. Sjukehuset og kommunane er einige om at det ikkje er aktuelt å fortsetje med samdrift med sjukehuset av legevakta slik den er i dag. I tillegg har Helse Bergen varsla om at det truleg ikkje vil vera plass til legevakta i deira nye lokale i framtida. Dette er ikkje landa enno, me jobbar tett med Voss sjukehus for å finne ei god løysing for Legevakta. Legevakta skal ha ei drift som er økonomisk berekraftig, av høg kvalitet, som ivareta behovet for beredskap og er ein attraktiv og trygg arbeidsplass. Det som vert viktig framover er at me får på plass ei plassering av legevakt så tett opp til sjukehuset som mogleg, slik at me får ivareta beredskap og akuttfunksjon til innbyggjarane på ein så trygg måte som mogleg. Ei alternativ plassering av interkommunal legevakt er i lokale i Voss sjukeheim. Dette vil krevje noko ombygging av lokale. Endeleg avgjersle er ikkje teken.

## Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

### Gryto - ventilasjonsanlegg

Ventilasjonsanlegget i Gryto trengs å skiftast ut. Utfordringar knytt til eksisterande anlegg har ført til at tilbodet har vore stengt i periodar.

### Vossabadet - servicebygg utebasseng

Nytt servicebygg ved utebassenget som skal innehalde garderober til utebassenget, offentleg toalett, kafé og badstu. Prosjektet er estimert til 7,5 mill.kr (ekskl.mva) og er finansiert med innsamla eigenkapital (2,5 mill.kr), estimerte spelemidlar (2,5 mill.kr), ekstraordinære inntekter ved sal av konsesjonskraft (2,5 mill.kr) og momsrefusjon.



### **Administrasjon og leing**

#### **Felles IT anlegg**

Samlepost for investering i felles infrastruktur og system. Investeringsbehovet er forventa stabilt heile perioden.

### **Plan, næring og forvaltning**

#### **Flaumsikring Skielva**

Granvin herad fekk rekkjefølgjekrav om flaumsikring av Skielva før utbygging av bustadfelt. Dette vart gjennomført i samarbeid med NVE. Flaumløpet er fylt opp med store steinar og neste flaum kan gje større skade på husa i feltet. Total kostnad for oppreinsking er stipulert til 1,2 mill kr. Det er søkt om og fått tilsegn om midlar frå NVE. Voss herad treng difor ikkje bidra med meir enn 250' + mva.

### **Samferdsel**

#### **Brynali 102 Politistasjonen utbyggingsavtale**

Utbyggingsavtalen er inngått, med totalkostnad for Voss herad for tiltak med veg og fortau. Konsekvens av å ikkje løyva pengar i 2022 og 2023 vert at politistasjonen ikkje kan takast i bruk grunna manglande bruksløyve (rekkefølgjekrav i reguleringsplanen).

#### **Standardh.brue (inv.)**

Voss herad har om lag 130 bruer. Det er viktig å skifta ut nokre bruer årleg. Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Om farlege bruer ikkje vert retta, må vegen stengjast.

#### **Trafikksikringstiltak**

Heradet har fått midlar til revisjon av gjeldande trafikksikringsplan. Det er viktig at det er midlar til å gjennomføre tiltak i planen.

#### **Utbyggingsavt. Knutepunktet**

Ferdigstilling av uteområdet er eit rekkefølgjekrav for å få bruksløyve på nytt kontorbygg knutepunktet. Voss herad har ein kommunal veg mm gjennom området. I tråd med utbyggingsavtalen (HST 18.juni) har heradet avtalt å betala eit fast utbyggingsbidrag til tiltakshavar som gjennomfører arbeidet. Ferdig 2022.

#### **Veginvestering/vegpakke**

Omlag 35 mil kommunale vegar krev årlege investeringar. Årleg løyving er redusert i 2022-2023, på grunn av at Voss herad sin andel veginvestering i samband



med Utbyggingsavtale Brynali 102 ved politistasjonen skal dekkast herifrå med 7,2 mill inkl mva, sjå eige investeringsprosjekt.

### **Eigedom og bustad**

#### **Aktivitetspark/festivalområde**

Spleiselag med mange aktørar. Aktivitetsparken AS har samla inn 6 mill kr. Arbeid med landskapsforming av amfi, og areal til skateområdet mm. Ferdigstilling er kalkulert til ytterlegare 12 mill kr.

#### **Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett**

Kjøp av maskiner, utstyr og bilar til park og idrett, til i vedlikehald både vinter og sommar.

#### **Kjøp nye bilar**

Utskifting av eldre bilar i Bygg og eigedom, utgjør 500 000 kr årleg.

#### **Nyrebru**

Gangbru rekkjefølgjekrav Nyrefeltet med kommunal finansiering utover 6 mill: Utbyggingsplan - heradet medfinansiering på overskytande 6 mill. Byggjstart haust 2020, kostnadskalkylen ligg om lag på denne summen (2010-kroner).

Føreligg avtale om at Voss herad maks skal betale 3.750.000,- eks MVA.

#### **Oppgradering omsorgsbustader Vetleflaten 1 F**

Det er behov for å oppgradere eksisterande omsorgsbustader på Vetleflaten 1.etg (mot hovudveg) for å tilpassast eldre med demens. Leilegheitene står i dag tomme og treng oppgradering før dei kan leigast ut på nytt som omsorgsbustader.

Dette er personar som ikkje kan bu heime men heller ikkje kjem inn under kriteria for sjukeheimplass. Dei ville i heimen hatt hyppig bruk for heimesjukepleie. I denne typen omsorgsbustad vil ein ha moglegheit for å nytta teknologi til trygging og oppfølging. Omsorgsbustadane er knytt til sjukeheimen på Vetleflaten, heimesjukepleie er stasjonert i same bygg og her vil koma kjøkken med kafé.

Dette vil føra til reduserte driftsutgifter. Innsparingar på lønsutgifter vil hentast inn ved naturleg avgang.

#### **Sentrumsplan, handlingsplan byromstrategi (grønt fond)**

I samband med ny sentrumsplan skal det utarbeidast fleire strategiar for kva som skal til for å få ynskja utvikling i sentrum. I tillegg skal kommunen vere aktive medspelarar i arkitektkonkurransar på utvikling av verdifulle sentrumstomter. Eit av dei viktigaste tiltaka er å få sikra og opparbeida



gode byrom. Det skal utarbeidast ein byromstrategi som vil ha prioriterte tiltak for opparbeiding. Det må setjast av pengar til utvikling og opparbeiding. Det må vere eit satsingsområde og denne utviklinga vil krevje offentlege midlar. Det kan både vere mellombelse og permanente tiltak.

### **Strandpromenade/stemne plass**

Uferdig strandpromenade etablert etter utfylling i Vangsvatnet. Planlagt ljøs og møblering manglar. Konsekvens: redusert brukskvalitet delar av året.

### **Utbyggingsavt. Park**

Fortettingsprosjekt i sentrum. Arealet er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Park hotell Vossevangen p-id 2013007. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggjar. Det er avtalt ei kostnadsfordeling mellom Voss kommune og utbyggjar. Utbyggjar gjev Voss herad eit kontantbidrag slik at definerte tiltak i området kan gjennomførast. Voss herad skal vera ansvarleg for utbygginga. Dette er eit viktig tiltak i samband med offentlig tilrettelegging for god bustadfortetting i sentrum. Prosjektet må gjennomførast innan tidsfrist, elles vil kommunen miste kontantbidraget. Frist 2025

### **Brann og ulukkesvern**

#### **Brannbil Voss**

Mannskapsbil til hovudbrannstasjon på Voss. Skal erstatta over 30 år gamal mannskapsbil.

#### **Hovudbrannstasjon**

Det er gjennomført kostnadskalkyle for totalentreprise for ny hovudbrannstasjon i august 2020. Dette gjeld ny plassering av brannstasjon med tillegg for 2 års prisvekst. Tomtekostnad kjem utanom.

### **Finansielle postar/økonomi**

#### **Eigenkapitalinnskott KLP**

Eigenkapitalinnskott til KLP vert ført som ei investering og vert dekkja av bruk av avsette ubundne midlar (disposisjonsfond).

### **Grunnskule**

#### **Inventar/utstyr skuler og barnehagar**

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr.



### **Opprusting av skulebygg**

Voss har mange skulebygg som krev rehabilitering. Det vert planlagt med 10 mill.kr årleg til oppgradering av skular både innvendig og utvendig. Skular og prosjekt vert prioritert etter tilstandsanalysar og vurdering av kor kritisk utbetringa er. Utbetringane skal gjera at skular stettar krav til arbeidsmiljø og miljøretta helsevern. Tiltaket omfattar tidlegare budsjettpostar for brannførebyggjande tiltak, takrehabilitering, rehabilitering av toalett/sanitæranlegg, tilpassing av lokale til elevar med særskilte behov og generelle rehabiliteringstiltak.

### **Ungdomsskulen idrettsfløy**

Det var i heradsstyre sak 98/20 vedteke å byggja ny idretts- og skulefløy ved Voss ungdomsskule. Utbygging skal skje i tråd med Alternativ A og innanfor ei maksimal budsjetttramme på 82,3 millionar eks. moms.

Denne prisen inkluderer oppjustering av skuleplass, spelemidlar på 5 millionar kjem i tillegg.

Etter vedtaket er det avklart at kjellar ikkje skal byggast, ein står då igjen med eit bygg på 2780 m2.

I sak 10/21 (04.02.2021) i HST vart det vedteke at rådmannen får fullmakt til å arbeida vidare med å finna hybride løysingar som gjev størst vinst for klima og økonomi. Dette skal skje innanfor ei ramma på 15% meirkostnader samanlikna med tidlegare vedteke budsjett.

I juli 2021 vart totalentreprise for prosjektet avlyst grunna for høge prisar jamføre vedteke budsjett. Etter avklaring i sak 21/00741-4 i HST 02.09.2021 fekk rådmannen fullmakt til å auke budsjettamma for å halde på klimatiltak i bygget. Etter ny konkurranse skal saka tilbake til politikarane i samband med økonomiplanen.

Skuleprosjektet ligg no ute som totalentreprise med samspel, med frist 9.november 2021. Etter 9.november vil rådmannen ha oppdatert estimat for kostnaden ved skuleprosjektet.

I januar er det lagt opp til samspelsfase med entreprenør, byggherre og brukarar for å gjera dei siste justeringane i prosjektet. Her vert endeleg pris og framdrift i prosjektet fastsett.

Etter avslutta samspel vert det inngår kontrakt for bygget med valt totalentreprenør. Målet er ferdigstilling august 2023.

### **Barnehage**

#### **Inventar/utstyr skuler og barnehager**

Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr.



### **Ny barnehage i Granvin**

Vedtak om å byggja ny barnehage i Granvin. Heradsstyret har valt Bygdatunet som tomt. Reguleringsplan naudsynt. Planarbeid starta. Byggjestart forventa hausten 2022 med innflytting tidlegast hausten 2023.

### **Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21**

HST 16.12.21: Prosjektet med å ta i bruk og oppgradera eldre bygg må starta opp. I fyrste omgang er det flytting av Hauge barnehage til Oppheim skule med mål om ferdigstilling hausten 2023. For Bolstad skule ser me for oss at her må eit prosjekt for oppgradering til barnehage vera løyst innan 2025. Det må setjast av midlar til planlegging i 2022 og resterande for Oppheim skule må innarbeidast i økonomiplanen for 2023 og for Bolstad vidare utover.

### **Omsorg**

#### **Bilar helse og omsorg**

Helse og omsorg har totalt nær 50 bilar og må skifta ut 4-5 av desse årleg.

#### **Kommunalt kjøkken**

Heradsstyret har gjort vedtak om å byggja kommunalt kjøkken som skal laga mat til bebuarar i institusjon og heimebuande med behov. I 2021 starta bygginga av produksjonskjøkken ved Vetleflaten. Dette kjøkkenet vil ha kapasitet til å laga mat til Voss sjukeheim også. Det har vist seg teknisk vanskeleg å byggja kommunalt kjøkken i Voss sjukeheim sine lokale. Det er tilrådd at Voss herad berre byggjer eitt kommunalt kjøkken (sjå eiga sak). Lokale ved Voss sjukeheim bør heller disponerast til lokale for Voss interkommunale legevakt.

#### **Utstyr og tekniske installasjonar**

Oppgradering og utskifting av utstyr og tekniske installasjonar innan pleie og omsorg. Velferdsteknologi brukt riktig er ressursparande og kan vere meir skånsomt for brukaren.

#### **Vossestrand omsorgstun carport heimesjukepleie og vaktmesterlager**

Det er behov for ein carport for bilane til heimetenesta ved Vossestrand omsorgstun. Bilane står i dag ute og det fører til slitasje på bilane og meirarbeid for tilsette om vinter når det er frost og snø. Ein carport vil betra arbeidsforholda for tilsette, redusert tidsbruk, og gje redusert behov for vedlikehald på bilane.

### **Kultur og fritid (inkl.kyrkja)**

#### **Bokbuss**

Som erstatning for skulebibliotek er bokbussen eit godt tilbod til elevane når det kjem til å heva lesekompetansen. Majoriteten av borna ved skulane og i barnehagane nyttar bokbussen som sin



«hovudkanal» når det kjem til lån av litteratur. Bokbussen er ein arena der elevar og pedagogar kan ha gode drøftingar ikring litteratur. Noko som på sikt kan auka leselysta blant elevane samt styrka dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og skriving. Voss bibliotek sin bokbuss er 17 år gamal, og det vert stadig vanskelegare å skaffa reservedelar når noko går sundt. I januar 2019 var det eksplosjon i bussen, til alt hell kom ingen til skade. Bussen har store driftsutgifter, ulike reparasjonar kom på til saman om lag 260 000,- kr frå 2018 til i år. Ein ny bokbuss vil vera meir miljøvenleg.

Vedlikehaldskostnadane for Bokbussen er høge og tærar på biblioteket sine ressursar, det er difor ynskjeleg at me snarast set i gang arbeidet med anskaffing av ny bokbuss. Det er ikkje mange leverandørar av bokbuss, og anskaffingsprosessen kan ta fleire år. Sjølv om me startar anskaffingsprosessen no vil truleg ikkje kjøpe skje før i 2023. Det er derfor viktig at me får eit vedtak om dette no for å sikra bibliotekstenester i overgangen mellom gamal og ny buss.

### **Vatningsanlegg til grasbaner**

Vatningsanlegg til grasbaner på sentralidrettsanlegget med naudsynt borehol, pumpe og brønnhus.

### **Sjølvkostinvesteringar**

#### **Samferdsel**

#### **Diverse anleggsmaskiner**

Kjøp av maskiner/utstyr til anleggsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp.

#### **Eigedom og bustad**

#### **Diverse anleggsmaskiner**

Kjøp av maskiner/utstyr til anleggsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp.

#### **Vatn, avlaup og renovasjon**

#### **Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA**

I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - avløpsanlegg sjølvkostfinansiert. Ifølgje "NOTAT gebyrgrunnlag i samband med hovudplan VA Myrkdalen" er tala basert på kostnadsalternativ "b) utbyggingskost oppjustert med 50%", prisjustert for forventa prisvekst og lagt til mva

#### **Bømoen reserve vassverk**

Arbeid med prøvepumping og strømningskart er nær ferdig. Bygging av vassanlegg, høgdebasseng og leidningsnett vil skje i økonomiplanperioden. Dersom noko skjer med dagens vasskjelde i





Prestegardsmoen, har ikkje Voss reservevatn pr dato. Viktig at Bømoen kjem i drift. Sjølvfinansiering.

### **Hovudplan avlaup**

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og oppgradering/separering av leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande med brukarbetaling.

### **Hovudplan vatn**

Det er årleg sett av inntil 3 mill. til investering i nyanlegg og oppgradering av gammalt leidningsnett. Tiltaket er sjølvfinansierande med brukarbetaling.

### **Vassanlegg Myrkdalen HP VA**

I tråd med Hovudplan VA Myrkdalen (vedtak 18.6.2020) - vassanlegg sjølvkostfinansiert. Ifølgje "NOTAT gebyrgrunnlag i samband med hovudplan VA Myrkdalen" er tala basert på kostnadsalternativ "b) utbyggingskost oppjustert med 50%", prisjustert for forventa prisvekst og lagt til mva.

### **Finansielle postar/økonomi**

#### **Bømoen reserve vassverk**

Arbeid med prøvepumping og strømningskart er nær ferdig. Bygging av vassanlegg, høgdebasseng og leidningsnett vil skje i økonomiplanperioden. Dersom noko skjer med dagens vasskjelde i Prestegardsmoen, har ikkje Voss reservevatn pr dato. Viktig at Bømoen kjem i drift. Sjølvfinansiering.

#### **Diverse anleggsmaskiner**

Kjøp av maskiner/utstyr til anleggsavdelinga til bruk i tenesteområde kommunale vegar (vedlikehald og utbetring sommar/vinter) og tenesteområde vatn/avløp.



## Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

Økonomiplan

	2022	2023	2024	2025
Investeringer i varige driftsmidler	163 194	271 113	109 550	59 675
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	3 400	3 400	3 400	3 400
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>166 594</b>	<b>274 513</b>	<b>112 950</b>	<b>63 075</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	-32 328	-52 363	-20 310	-10 175
Tilskudd fra andre	-2 500	-2 500	0	0
Salg av varige driftsmidler	0	0	0	0
Bruk av lån	-124 866	-216 250	-89 240	-49 500
Videreutlån	35 000	35 000	30 000	30 000
Bruk av lån til videreutlån	-35 000	-35 000	-30 000	-30 000
Avdrag på lån til videreutlån	11 200	11 200	11 200	11 200
Mottatte avdrag på videreutlån	-11 200	-11 200	-11 200	-11 200
Overføring fra drift	-6 900	-3 400	-3 400	-3 400
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetninger til ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-166 594</b>	<b>-274 513</b>	<b>-112 950</b>	<b>-63 075</b>
<b>Sum finansieringsbehov</b>	<b>166 594</b>	<b>274 513</b>	<b>112 950</b>	<b>63 075</b>
<b>Sum finansiering</b>	<b>-166 594</b>	<b>-274 513</b>	<b>-112 950</b>	<b>-63 075</b>
<b>Udekt finansiering</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Kommunen sine tenesteområde



# Budsjett Voss herad 2022



## Administrasjon og leing

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar rådmann og administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad. Stabsavdelingane HR og Innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, organisasjonsutvikling, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnsstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

### Status og utfordringar

Målet vårt er å ha ein effektiv og dyktig administrasjon. Dette for å dekkja behovet for stabs- og støttetjenester til folkevalde, rådmann, organisasjonen og innbyggjarane. Dette krev ein annan og meir spesialisert kompetanse enn tidlegare. Strengare krav til styringsinformasjon krev gode analysar og utgreiingar. Kommunen si rolle som samfunnsutviklar krev også meir dialog og informasjon til ulike partar. Staben er sentralt i dette med overordna plan- og utviklingsarbeid,



mellom anna innan klima, næringsutvikling og sysselsetjing. I tillegg krev auka digitalisering, automatisering og effektivisering, kompetanse på eit anna nivå enn tidlegare. Voss herad sin administrasjon er midt i denne endringa der ein både rustar opp til nødvendig kompetanse, i tillegg til å planlegga for å redusera årsverk. Dei er ei utfordring å oppretthalda nivået på stabs- og støttefunksjon til leiarar og driva ønska nivå av utviklingsarbeid og innovasjon med knappe ressursar. Administrasjonen skal likevel jobba for henta ut gevinstar av å jobba smartare. Det å byggja kompetanse, kultur og endra måtar å jobba på tek noko tid.

## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil det blir jobba aktivt for å:

- Betra økonomiforvaltinga og -styringa i organisasjonen
- Ta i bruk digitale løysingar og automatisering
- Forbetra og forenkla administrative prosessar
- Skapa kultur for innovasjon og kontinuerleg forbetring
- Legga til rette for god styring av verksemda gjennom prosessar, kompetanse og verktøy
- Nå måla i overordna planar, som samfunnsdel
- Utarbeida kommunedelplan for klima og klimatilpassing og Voss i vekst
- Utarbeida rutinar og reglement for dei administrative tenestene

Det er planlagt for å redusera årsverk i staben i perioden. Ved naturlege avgangar, vil fleire av desse ikkje bli erstatta. Det inneber at oppgåver må gjerast på ein meir effektiv måte, nokre oppgåver må sluttast med og oppgåver som gjev verdi for brukarane våre må prioriterast. Det må også jobbast for å handtera utgiftsauke innan bl.a. IT innafor rammene.

Ref. vedtak frå Retningsgjevande øk.plan 2022-2025 ([sak 30/21](#)), så vart rådmann beden om å vurdere Voss herad si pensjonsordning. Administrasjonen har ikkje hatt kapasitet til å gjennomføra vurdering eller ei endring i pensjonsordning no. Vurdering vil bli gjort i løpet av 2022.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
			2020	2021	2022	2023
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	50 264	49 398	51 266	47 657	47 657	47 657
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	22 568	25 115	29 162	29 076	29 076	28 606
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	3 246	3 253	2 268	3 017	3 017	3 017
Overføringsutgifter	6 603	3 819	4 443	4 238	4 238	4 238



Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Finansutgifter	5 558	5 533	5 533	5 533	5 533	5 533
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>88 239</b>	<b>87 117</b>	<b>92 671</b>	<b>89 520</b>	<b>89 520</b>	<b>89 050</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salgsinntekter	-3 390	-2 524	-4 366	-4 474	-4 474	-4 474
Refusjoner	-9 435	-3 772	-4 062	-3 498	-3 498	-3 498
Overføringsinntekter	-100	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-3 475	-1 860	-1 410	-1 060	-1 060	-1 060
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-16 401</b>	<b>-8 156</b>	<b>-9 838</b>	<b>-9 032</b>	<b>-9 032</b>	<b>-9 032</b>
<b>Sum</b>	<b>71 838</b>	<b>78 961</b>	<b>82 834</b>	<b>80 488</b>	<b>80 488</b>	<b>80 018</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Gj.sn. Kostra
Attraktive Voss								
Attraktive Voss	Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,4 %	1,8 %	1,8 %	2,0 %		2,0 %
Inkluderande Voss								
Inkluderande Voss	Sjuefråværsprosenten skal reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018 innan 2022 (IA avtalen).							
	Voss herad har som mål å ta inn lærlingar i fleire fag og auka talet læreplassar i løpet av perioden.	Tal lærlingar	22	24	24	27		32
Innovative Voss	Voss herad leggjer til rette for universelt utforma og digital kommunikasjon med innbyggjarane.	Brukarar av Mi side for sjølvbetening	11 000,0	13 000,0	15 000,0	18 000,0		30 000,0

## Voss herad skal ha ein berekraftig økonomi

Utgifter må reduserast for å oppnå eit netto driftsresultat i % av driftsinntekter på minimum 1,75 % og avsetning til disposisjonsfond må aukast



## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>78 961</b>	<b>78 961</b>	<b>78 961</b>	<b>78 961</b>
<b>Vedtak førige periode</b>					
Redusera administrasjon	Stab	858	0	0	0
<b>Sum Vedtak førige periode</b>		<b>858</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum Budsjettendring i år</b>		<b>1 270</b>	<b>1 270</b>	<b>1 270</b>	<b>800</b>
<b>Sum Lønns- og prisvekst</b>		<b>882</b>	<b>882</b>	<b>882</b>	<b>882</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>3 010</b>	<b>2 152</b>	<b>2 152</b>	<b>1 682</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>81 971</b>	<b>81 113</b>	<b>81 113</b>	<b>80 643</b>
<b>Politisk vedtak</b>					
HST 16.12.21 auke klimapott	Stab	400	400	400	400
<b>Sum Politisk vedtak</b>		<b>400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	464	-1 593	-1 593	-1 593
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>464</b>	<b>-1 593</b>	<b>-1 593</b>	<b>-1 593</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Digitalisering	Stab	2 700	2 700	2 700	2 700
Andre tiltak	Stab	-142	-142	-142	-142
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>2 558</b>	<b>2 558</b>	<b>2 558</b>	<b>2 558</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>3 422</b>	<b>1 365</b>	<b>1 365</b>	<b>1 365</b>
<b>Budsjetteringar</b>					
Redusera administrasjon	Stab	-1 300	-1 700	-1 700	-1 700
Andre tiltak	Administrasjon / politiske organ	-1 259	-290	-290	-290
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>-2 559</b>	<b>-1 990</b>	<b>-1 990</b>	<b>-1 990</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>-2 559</b>	<b>-1 990</b>	<b>-1 990</b>	<b>-1 990</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>82 834</b>	<b>80 488</b>	<b>80 488</b>	<b>80 018</b>

## Innsparingstiltak

## Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstattta bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.



## Nye tiltak

### Digitalisering

Endringar omfattar oppgradering av lisenstype samt tildeling av lisens til alle faste tilsette som ikkje har dette i dag. Resultatet er ei betydeleg auka sikkerheitsnivå med beskyttelse mot eksterne truslar, med moglegheit for automatisert overvaking av mistenkjeleg aktivitet. Gevinsten er auka tryggleik for dei tilsette, auka fleksibilitet for framtidige sikkerheitstiltak og moglegheit til å handtere eksterne trugslar.

I tillegg har kommunen allereie ein auke i utgifter til driftsavtale for data/serverrom, medlemskap i DigiVestland og ny backupløysing. Ny backupløysing gjer at det er mogleg å tilbakestill tilnærma normal operativ drift innan svært kort tid om Voss herad sitt driftsmiljø skulle verte råka av eit cyberangrep.

### HST 16.12.21 auke klimapott

Klima, auka pott særleg retta inn mot tiltak i landbruket

### HST 16.12.21 breiband Øvstedalen

Breiband i Øvstedalen, spleiselag. Dekka med bruk av disposisjonsfond.

## Budsjettendringar

### Redusera administrasjon

Det må jobbast for å redusera utgifter innan administrasjon og leiing på sikt. For å ha eit realistisk budsjett som er tilpassa oppgåver og ansvar er effektiviseringskrav redusert med 858 000 kr i 2022.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Administrasjon og leiing</b>					
Felles IT anlegg	0	1 875	1 875	1 875	5 625
<b>Sum Administrasjon og leiing</b>	<b>0</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>1 875</b>	<b>5 625</b>



## Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)		4 410	4 753	2 910	2 838	3 374	3 505
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) *) **)	404	389	547	595	497	236	431
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	8,1 %	6,8 %	6,9 %	5,7 %	5,2 %	6,3 %	6,4 %

## Plan, næring og forvaltning

### Beskriving av verksemda i dag

Tenestemrådet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Tilskot til næring, konsesjonskraft og disponering kraftfond ligg også her.

Voss herad har starta eit arbeid med strategisk næringsplan for Voss herad som kan endra heradet si rolle og arbeid med næringsutvikling.

### Status og utfordringar

Avdelinga tok eit stort grep i fjor med å redusera 80% planleggjarstilling. Innsparing 680 000,- kr pr.år 2021-24.

Me må halde fram med å nytta ressursane våre så effektivt som mogleg. Alle ledd i organisasjonen må tenkja ut moglege tiltak for å redusera kostnader.

Nøkkelen til å lukkast med det kan vera:





- å prioritera kva oppgåver me skal gjennomføra. Når oppgåvene er definerte, må me finna dei mest effektive måtane å løysa oppgåvene på.
- å sikra seg gode team av tilsette som kan utfylla kvarandre på ein god og effektiv måte.
- å ha fokus på godt samarbeid og høg produktivitet med god fagleg kompetanse.

Lønskostnader er største utgifta for tenestområdet, i tillegg til store kostnader til kartlisensar.

Våre viktigaste oppgåver er å forvalta plan- og bygningslova, matrikkellova, jordlova, skoglova og konsesjonslova, i tillegg til å forvalta staten sine oppgåver på landbruksida, inklusiv arbeidet med landbrukstilskota. Me skal og vera gode tilretteleggjarar for god samfunnsutvikling.

For å oppfylle dette må kommunen:

- kunna møte ein profesjonell marknad ute, med høg kompetanse og profesjonelt nivå.
- vera langt framme i bruk av teknisk utstyr og nye hjelpemiddel.
- vera utadretta og ha fokus på å løysa oppgåvene for kundane.

Tenestområdet består i dag av gode team som kan tena alle dei ulike oppgåvene. Det vert truleg permisjon for ein tilsett 2022. Som eit innsparingstiltak vil me ikkje søkja etter vikar i permisjonsperioden, men freista løysa dette gjennom hardare prioritering av arbeidsoppgåvene.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	16 005	16 400	15 873	16 536	16 536	16 536
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	2 829	3 451	3 650	3 706	3 706	3 706
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	3 249	1 891	2 530	324	324	324
Overføringsutgifter	14 130	11 408	11 400	11 554	11 554	11 554
Finansutgifter	11 098	6 128	7 628	4 598	4 598	4 598
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>47 310</b>	<b>39 278</b>	<b>41 081</b>	<b>36 718</b>	<b>36 718</b>	<b>36 718</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-7 404	-6 919	-7 479	-7 257	-7 257	-7 257
Refusjonar	-6 683	-2 288	-2 919	-647	-647	-647
Overføringsinntekter	-6 819	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000	-6 000
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-9 488	-6 401	-8 301	-4 901	-4 901	-4 901
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-30 394</b>	<b>-21 607</b>	<b>-24 699</b>	<b>-18 805</b>	<b>-18 805</b>	<b>-18 805</b>
<b>Sum</b>	<b>16 916</b>	<b>17 671</b>	<b>16 382</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>



## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostragr
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband	Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0 %	
			%	%	%	%		

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>	<b>17 671</b>
Sum Lønns- og prisvekst	242	242	242	242
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>242</b>	<b>242</b>	<b>242</b>	<b>242</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	-847	0	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>	<b>-847</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>	<b>-847</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettendringar</b>				
Andre tiltak	-684	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringar</b>	<b>-684</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettendringar</b>	<b>-684</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>	<b>16 382</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>	<b>17 913</b>

## Innsparingstiltak

## Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeininger utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatta bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei



teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

### Investeringsbudsjett

	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Plan, næring og forvaltning</b>					
Flaumsikring Skielva	313	0	0	0	313
<b>Sum Plan, næring og forvaltning</b>	<b>313</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>313</b>



## Samferdsel

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelveggar samt Bømoen flyplass.

Voss Herad har 300 km kommunal veg (Voss: 242 km, Granvin 47 km, del av Ullensvang 12). Noko under halvparten med fast dekke og resten gruslagt. Tidlegare Voss kommune har 6 km gang- og sykkelveggar, omlag 100 bruer og 6 tunellar. Avdelinga har òg ansvar for flaumsikringstiltak.

Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikeheld kommunale bilar samt maskinpark for heile Voss herad. Eiga anleggsavdeling tek mindre utbyggingsoppgåver og vedlikehaldsarbeid.

### Status og utfordringar

Det er utført mykje godt arbeid i form av oppgradering og vedlikehald av kommunale vegar både i Granvin herad og Voss kommune dei siste åra. Likevel er det viktig å oppretthalda denne satsinga i Voss herad, då det framleis er etterslep på vedlikehald av det kommunale vegnettet.

Oppgåver vert utført i tråd med prioriteringslista for kommunale vegar. Til grunn for dette arbeidet ligg faglege vurderingar av trong for oppgraderingar og vedlikehald sett i samheng med trafikkettleik. Brøyting/strøing og vedlikehald etter vinterslitasje/skadar utgjer relativt stor del av budsjettet, men varierer frå år til år. Dette vert regulert gjennom året med å prioritera opp og ned ulike drifts- og investeringstiltak, med mål om at driftsbudsjettet ikkje vert overskride. Førsetnaden er at det er investeringsmidlar til disposisjon innanfor tenesteområdet.

Ytre faktorar kan påverka framdrift og midlar til disposisjon for kommunale vegar. Uføresette hendingar som flaum og ras medfører akutte tiltak, og er ofte svært kostbare. Av og til vert tiltak initiert av andre aktørar som til dømes vatn/avløp, energiverk, fiber, fjernvarme eller annan type utbygging. Dette kan vera tiltak som ikkje er fagleg prioriterte innanfor tenesteområdet veg isolert sett, men som er fornuftig å koordinera og gjennomføra samstundes med utbetring av veg.

Eit av måla under attraktive Voss i kommuneplanen er at det vert "stimulert til at fleire av innbyggjarane sykklar, går eller reiser kollektivt til og frå jobb". Det er utarbeidd "Plan for hovudnett for sykkel i Voss sentrum". Sentrumsplanen ser også sykkel som eit viktig transportmiddel i sentrale strok.



Voss herad har eit høgt tal km veg pr innbyggjar i høve KOSTRA-tal, noko som skuldast at heile kommunen er bebudd. For å redusera kostnadane er det vedteke kriteria for omklassifisering av vegar. Dette arbeidet vil halda fram.

### Hovudprioriteringar

**I økonomiplanperioden vil administrasjonen jobba aktivt for å:**

- effektivisera drift av vegnettet tilpassa gitte økonomiske rammer
- auka tilrettelegging for mjuke trafikantar
- følgja opp og revidera prioriteringslista for utbetring av kommunale vegar.
- redusera tal km kommunal veg, då Voss herad har svært høgt tal km kommunal veg i høve til innbyggjartalet
- få til samarbeid med offentlege og private aktørar for å oppgradera det kommunale vegnettet i spleiselag, Det vil bli lagt særleg vekt på å få alle vegar opp til 10 t akseltrykk då fleire av våre vegar vert opplevd som flaskehalsar når t d tømmer skal ut av skogen og over på kommunale vegar
- følgja opp ansvar og plikter i utbyggingsavtalar, samarbeidsprosjekt og eigne prosjekt:

#### **Utbyggingsavtale Brynali 102 (ny politistasjon)**

Totalkostnad for Voss herad er kr 7.945.656,- inkl MVA for tiltak med veg, fortau, VA og OV for Brynali og Brynamoen fordelt på 2022 og 2023.

#### **Nyrefeltet, Gangbru**

Voss herad har forplikta seg til å betala overskytande kostnader over 6 mill. kr. Etter forhandllingar skal Voss herad betala kr 3.750.000,- eks mva.

#### **Utbyggingsavtale Bjørkemoen**

Har avtale med IHM om bidrag på 2,6 mill. til vidareføring av kommunal veg. Skal forhandla med Nobi, men og andre med næringsaktivitet på Bjørke.

#### **Utbyggingsavtale Knutepunktet**

Ferdigstilling av uteområdet er eit rekkjefølgjekrav for å få bruksløyve på nytt kontorbygg *Knutepunktet*. Voss herad har ein kommunal veg mm gjennom området. I tråd med utbyggingsavtalen har heradet avtalt å betala eit fast utbyggingbidrag til tiltakshavar som gjennomfører arbeidet.

#### **Standardheving bruer (investering)**

Voss herad har om lag 130 bruer. Det er viktig å skifta ut nokre bruer årleg. Heradet må kvart 5.år leiga inn fagleg kompetanse for å sjekka bruer. Om farlege bruer ikkje vert retta, må vegen stengjast.



Standardheving av bruer, årlege investeringar i vegnettet og trafikksikringstiltak er viktig . Revisjon av trafikksikringsplanen vil bety forventningar om at avdekka, farlege tilhøve kan rettast.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	4 425	5 652	11 267	5 717	5 717	5 717
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	26 414	23 307	16 878	15 827	15 627	15 627
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	24	560	560	571	571	571
Overføringsutgifter	6 167	4 253	4 253	3 522	3 522	3 522
Finansutgifter	6 574	7 595	7 595	7 595	7 595	7 595
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>43 604</b>	<b>41 367</b>	<b>40 553</b>	<b>33 233</b>	<b>33 033</b>	<b>33 033</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-508	-445	-462	-462	-462	-462
Refusjonar	-6 676	-4 443	-4 516	-3 781	-3 781	-3 781
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-7 184</b>	<b>-4 888</b>	<b>-4 978</b>	<b>-4 243</b>	<b>-4 243</b>	<b>-4 243</b>
<b>Sum</b>	<b>36 420</b>	<b>36 479</b>	<b>35 575</b>	<b>28 990</b>	<b>28 790</b>	<b>28 790</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostragr
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Alle kommunale vegar skal minimum 10 tonn akseltrykk (50 tonn totalvekt)	Oppgradering av alle kommunale vegar til minimum 10 tonn akseltrykk						6
	Tilpassa aktivitet og utgiftsnivå for drift av kommunalt vegnett til gitte rammer	Tal kilometer kommunal veg omklassifisert i løpet av året	4	6	8	6		

### Alle kommunale vegar skal minimum 10 tonn akseltrykk (50 tonn totalvekt)

Auke bereevne og utbetra flaskehalsar på kommunale vegar.

**Driftsbudsjett med endringar**

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
	<b>Avdeling</b>				
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>36 479</b>	<b>36 479</b>	<b>36 479</b>	<b>36 479</b>
Sum Lønns- og prisvekst		506	506	506	506
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>506</b>	<b>506</b>	<b>506</b>	<b>506</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>36 985</b>	<b>36 985</b>	<b>36 985</b>	<b>36 985</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	-2 215	-7 595	-7 595	-7 595
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-2 215</b>	<b>-7 595</b>	<b>-7 595</b>	<b>-7 595</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-2 215</b>	<b>-7 595</b>	<b>-7 595</b>	<b>-7 595</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Omklassifisere vegar, plassar, bruer	Teknisk	-200	-400	-600	-600
Andre tiltak	Stab	1 005	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>805</b>	<b>-400</b>	<b>-600</b>	<b>-600</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>805</b>	<b>-400</b>	<b>-600</b>	<b>-600</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>35 575</b>	<b>28 990</b>	<b>28 790</b>	<b>28 790</b>

**Innsparingstiltak****Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering**

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstattta bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

**Budsjettendringar****Omklassifisere vegar, plassar, bruer**

Prosessen er starta i 2020, med innsparingar frå 2021. Avtale med Voss parkering om vedlikehald vart sist forhandla for 12 år sidan. Dessutan har arealet auka i perioden og avtalen er moden for revisjon.

**Investeringsbudsjett**

		Økonomiplan				Sum
		2022	2023	2024	2025	2022-25
Investeringsprosjekter						
Samferdsel						



	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Investeringsprosjekter</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2022-25</b>
Brynali 102 Politistasjonen utbyggingsavtale	3 181	4 000	0	0	7 181
Diverse anleggsmaskiner	3 000	3 000	3 000	3 000	12 000
Standardh.brue (inv.)	1 875	1 875	1 875	1 875	7 500
Trafikksikringstiltak	625	625	625	625	2 500
Utbyggingsavt. Knutepunktet	4 444	0	0	0	4 444
Veginvestering/vegpakke	3 069	2 250	6 250	6 250	17 819
<b>Sum Samferdsel</b>	<b>16 194</b>	<b>11 750</b>	<b>11 750</b>	<b>11 750</b>	<b>51 444</b>

## Eigedom og bustad

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under tenesteområda i tabellen nedanfor, og skal omtalast der:

Tenesteområde	Funksjon
1 Administrasjon og leing	130 administrasjonslokale
2 Grunnskule	222 Skulelokale og -skyss
3 Barnehage	221 Barnehagelokale og –skyss
7 Omsorg	234 Aktivisering av eldre og funksjonshemma 261 Institusjonslokale
9 Kultur og fritid (inkl. Kyrkja)	381 Kommunale idrettsanlegg/bygg 386 Kommunale kulturbygg

Tenesteområdet har ansvar for generell forvaltning av kommunale bygg og eigedomar, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Kommunen har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffa eigen bustad sjølv, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss Bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin Bustadstifting.

Tenesteområdet har også ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular / barnehagar / omsorgsbygg/ administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangveggar og andre mindre samferdsleanlegg.





I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene, samt graving i samband med gravferder.

### Status og utfordringar

Bygg og eigedom utfører tenester for alle tilsette i Voss herad. Dette betyr eit spesielt fokus på å samarbeida på tvers av kommunalavdelingane.

Reinholdarane vart formelt flytt over i Bygg og eigedomsavdelinga pr 1.1.2021 og samla i ei eiga, felles avdeling. Arbeidet med å samla alle, og nå målet om at alle reinholdarar skal leva av reinhald og streva etter 100 % stillingar til dei som ynskjer det, er ambisiøse. Samstundes skal det arbeidast for å auka kvaliteten på reinhaldet gjennom å få flest mogleg til å ta fagbrev innan reinhald.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil hovudfokus vera følgjande:

- følgja opp målsetjingar i Bustadsosial handlingsplan 2018-2022. Dette omfattar å ha rett tal og type kommunale bustader tilpassa brukargruppene i heradet. Målet er å kunna ha belegg på rundt 80 % av den kommunale bustadmasse til ei kvar tid.
- utøva god eigedomsforvaltning ved å optimalisera og tilpassa tal og type bygg til behov, slik at unytta bygg vert omdisponert eller avhenda.
- effektivisera og systematisera kommunal drift av bygg, bustader og eigedomar som heradet disponerer eller eig. Bruka Internkontrollsystem for å sikra at drift skjer i tråd med fastsette krav, både interne og eksterne.
- etablera betre kommunikasjon mellom brukarar og Bygg og eigedomsavdelinga slik at vedlikehald kan planleggjast og gjennomførast på best mogleg måte og til minst mogleg sjenanse for brukaren
- faste månadlege møte mellom avdelingar som er brukarar av formålsbygg og Bygg og eigedomsavdelinga
- omorganisering av reinhaldstenesta er gjennomført, men arbeidet med å få betre samordning og profesjonalisering av faget held fram
- heva standard på offentlege fellesareal i sentrum. Dette vil bidra til å skapa attraktive Voss.

### Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart



Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	29 562	33 009	23 732	33 370	33 396	33 424
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	17 850	16 059	30 314	30 055	30 055	30 055
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	1 013	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	1 717	1 573	1 173	609	609	609
Finansutgifter	8 993	6 568	6 568	6 568	6 568	6 568
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>59 135</b>	<b>57 210</b>	<b>61 787</b>	<b>70 602</b>	<b>70 628</b>	<b>70 656</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-35 304	-31 724	-28 621	-29 031	-29 031	-29 031
Refusjonar	-3 902	-2 116	-1 927	-852	-852	-852
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-228	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-39 434</b>	<b>-33 840</b>	<b>-30 548</b>	<b>-29 884</b>	<b>-29 884</b>	<b>-29 884</b>
<b>Sum</b>	<b>19 701</b>	<b>23 370</b>	<b>31 239</b>	<b>40 718</b>	<b>40 744</b>	<b>40 772</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar	Nyetablering av alternative bustader	12	12	12	12	12	
Innovative Voss	Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg)	Tal bygg utan sentralt styringsanlegg (SD)				0	0	

## Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg)

Laga oversikt (enøk plan) for bygg som manglar SD-styring.



## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Godt samarbeid med brukarar for best mogleg resultat	Tal fellesmøter med brukarane	10	10	10	10	10	
Sikra utdanningsløp for ungdom	Tilby ei stor breidde av læreplassar i Voss herad	Engasjera lærlingar innanfor tekniske fag	1	1	1	1	1	

## Godt samarbeid med brukarar for best mogleg resultat

Auka tal samarbeidsmøte/fellesmøte med brukarane

## Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg)

Laga oversikt (enøk plan) for bygg som manglar SD-styring.

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2022	2023	2024	2025	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>23 370</b>	<b>23 370</b>	<b>23 370</b>	<b>23 370</b>	
Sum Lønns- og prisvekst	-50	-50	-50	-50	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>-50</b>	<b>-50</b>	<b>-50</b>	<b>-50</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>23 320</b>	<b>23 320</b>	<b>23 320</b>	<b>23 320</b>	
<b>Innsparingstiltak</b>					
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	4 478	15 461	15 461	15 461
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>4 478</b>	<b>15 461</b>	<b>15 461</b>	<b>15 461</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auke i festeavgift Tvildemoen	Teknisk	1 242	1 242	1 242	1 242
Andre tiltak	Finans	109	246	272	300
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>1 351</b>	<b>1 488</b>	<b>1 514</b>	<b>1 542</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>5 829</b>	<b>16 949</b>	<b>16 975</b>	<b>17 003</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Avhenda bygg ute av drift	Teknisk	0	-550	-550	-550
Andre tiltak	Stab	2 091	1 000	1 000	1 000
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>2 091</b>	<b>450</b>	<b>450</b>	<b>450</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>2 091</b>	<b>450</b>	<b>450</b>	<b>450</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>31 239</b>	<b>40 718</b>	<b>40 744</b>	<b>40 772</b>



## Innsparingstiltak

### Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatte bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

## Nye tiltak

### Auke i festeavgift Tvildemoen

Kommunen overtok det økonomiske ansvaret for festeavgifter på Tvildemoen etter Voss Eigedom. Frå 2021 inneber det ein auke frå ca. 1 mill.kr til 2,2 mill.kr.

## Budsjettendringar

### Avhenda bygg ute av drift

Når drift i eit bygg vert avslutta, må det lagast ein plan for kva som skal skje vidare med bygget. Er det ikkje vidare plan for drift/bruk, skal det vera politisk bestemt kva som skal skje med det fråflytte bygget .

Økonomiske konsekvensar vil vera reduksjon i vedlikehaldskostnader, straum og bemanning, som vil gje meir ressursar til drift av aktive, kommunale bygg. Det vil verta redusert tilbod til grendafolk der me sel bygg, men det kan vera positivt for grenda ved vidareutvikling av bygg som ikkje lenger er i drift gjennom å skapa levande lokalsamfunn.

## Investeringsbudsjett

	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Eigedom og bustad</b>					
Aktivitetspark/festivalområde	3 750	3 750	0	0	7 500
Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett	1 250	0	0	0	1 250
Kjøp nye bilar	500	500	500	500	2 000
Nyrebru	4 688	0	0	0	4 688
Oppgradering omsorgsbustader Vetleflaten 1	2 000	2 000	0	0	4 000
F					
Sentrumsplan, handlingsplan byomstrategi (grønt fond)	0	0	875	875	1 750
Strandpromenade/stemne plass	0	2 500	2 500	5 000	10 000
Utbyggingsavt. Park	0	1 750	0	0	1 750



Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Investeringsprosjekter					
Sum Eigedom og bustad	12 188	10 500	3 875	6 375	32 938

**Kostra-analyse**

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Øvre Kostragruppe Eiker	07
<b>Prioritet</b>							
Netto driftsutgifter per innbygger (265) kommunalt disponerte boliger (B) *) **)	482	407	112	-131	50	34	-6
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) *) **)	6 939	6 479	6 062	5 665	3 850	4 389	5 244
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger (B)	7,5	6,7		4,6	4,4	4,7	4,9
<b>Produktivitet</b>							
Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B) *)	24 293	23 683		-12 430	4 186	3 140	-592
<b>Dekningsgrad</b>							
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere *)		19		11	15	13	17

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov



## Brann og ulukkesvern

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet inneheld arbeid og tiltak for å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn som vert dekkja av feiegebyret, då dette er eit sjølvkostområde. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen. Herunder kjem også oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar; Evanger, Vossestrand og Granvin med frivillig personal knytt opp mot stasjonane.

Det er inngått avtale med Ulvik herad og Eidfjord kommune om kjøp av brannsjeftejenester i Voss herad.

### Status og utfordringar

Tilsyn frå Arbeidstilsynet i 2017 viste at Voss herad ikkje har tilfredsstillande tilhøve for brannmannskap og feiarar verken på hovudbrannstasjonen på Vangen eller bistasjonane. Eksisterande hovudbrannstasjon er verken funksjonell eller har plass nok til naudsynt personale etter kommunesamanslåinga. Vidare har brannmannskap krav på trygge tilhøve å utøva brannberedskapen i. Arbeidstilsynet peikte på så store avvik ved dagens situasjon at dei meinte tilhøva for brannmannskap og feiarar var helsefarlege. Ny hovudbrannstasjon er planlagt bygd på Tvildemoen. I økonomiplanperioden er det lagt inn midlar til oppstart og bygging av ny stasjon frå 2022-2024. I Granvin er det gjort naudsynte tiltak og ny brannstasjon på Vinje er ferdig, eit godt samarbeid med Vossestrand Røde Kors om sambruk av "beredskapshuset".

Det er viktig for brannvernet å ha godt og funksjonelt utstyr. Fleire av bilane er gamle og nær grensa for veteranbilar. Det er derfor viktig at det vert løyvt midlar jamt for utskifting av bilar og utstyr. Sentrumsplanen opnar for høgare bygg på Voss, slik at på sikt vil det vera naudsynt med eit høgderidskap som gjer brannfolk i stand til å kunna angripa brannar frå taket også på dei høgaste bygga.

Tal utrykkingar for brannvernet aukar. Det er ei utfordring for brannvernet at dei må rykkja ut til mange typar oppdrag som dei ikkje nødvendigvis er kvalifisert for, eller har utstyr til å gjennomføra.

Tal brannar har gått ned over tid, medan trafikkulukker i same tidsrom har auka.



## Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt for å:

- gjennomføra Ny brannordning Voss herad, vedteken av fellesnemnda 25.01.2019 (sak 1/19), stadfesta av Voss heradsstyre. Det vil bli jobba for å etablere lokale for brannmannskap og feiarar som stettar krava i arbeidsmiljølova på hovudbrannstasjonen og alle bistasjonar.
- få på plass naudsynt utstyr på alle stasjonane.
- vurdera nedlegging av Evanger bistasjon

Det er utarbeidd ei konsekvensvurdering av ei eventuell nedlegging av bistasjonen på Evanger. Resultatet av denne viser at dette er mogleg. Grunnar til å leggja ned er at folketalet går ned og det er berre 15-20 minuttar utrykkingstid frå hovudstasjonen på Voss til Evanger. Tal utrykkingar har gått noko ned og det er vanskelegare å rekruttera mannskap som bur og arbeider på Evanger.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	13 309	13 769	13 974	13 541	13 541	13 541
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	3 980	3 848	3 828	3 659	3 659	3 659
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	977	924	924	942	942	942
Overføringsutgifter	550	442	442	169	169	169
Finansutgifter	1 099	933	933	933	933	933
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>19 915</b>	<b>19 915</b>	<b>20 100</b>	<b>19 244</b>	<b>19 244</b>	<b>19 244</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-5 996	-5 940	-6 078	-5 298	-5 298	-5 298
Refusjonar	-789	-442	-442	-715	-715	-715
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-440	-88	-88	-88	-88	-88
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-7 225</b>	<b>-6 470</b>	<b>-6 608</b>	<b>-6 101</b>	<b>-6 101</b>	<b>-6 101</b>
<b>Sum</b>	<b>12 690</b>	<b>13 445</b>	<b>13 492</b>	<b>13 143</b>	<b>13 143</b>	<b>13 143</b>



## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra gr
Gode, trygge og tenelege lokale for brannmannskapa i Voss herad	Ny hovudbrannstasjon på Tvildemoen	Gjennomført utbygging i tråd med plan	100,0 %	100	100	100		
Godt og teneleg utstyr som set brannmannskapa i stand til å redde liv og helse	Utskifting av mannskapsbil på hovudbrannstasjonen	Gjennomføra innkjøp i tråd med løyving i økonomiplan	100,0 %	100	100			

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>13 445</b>	<b>13 445</b>	<b>13 445</b>	<b>13 445</b>
Sum Lønns- og prisvekst	118	118	118	118
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>118</b>	<b>118</b>	<b>118</b>	<b>118</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>13 563</b>	<b>13 563</b>	<b>13 563</b>	<b>13 563</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	91	-20	-20	-20
<b>Sum Innsparingstiltak</b>	<b>91</b>	<b>-20</b>	<b>-20</b>	<b>-20</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>	<b>91</b>	<b>-20</b>	<b>-20</b>	<b>-20</b>
<b>Budsjettendringar</b>				
Redusera tal bistasjonar	-400	-400	-400	-400
Andre tiltak	238	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringar</b>	<b>-162</b>	<b>-400</b>	<b>-400</b>	<b>-400</b>
<b>Budsjettendringar</b>	<b>-162</b>	<b>-400</b>	<b>-400</b>	<b>-400</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>	<b>13 492</b>	<b>13 143</b>	<b>13 143</b>	<b>13 143</b>

## Innsparingstiltak

## Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatte bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar,





strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

## Budsjettendringar

### Redusera tal bistasjonar

Voss brannvern har etter kommunesamanslåinga 1 hovudbrannstasjon på Voss og 3 bistasjonar på Vossestrand, Evanger og Granvin. Evanger bistasjon har lite utrykkingar og det er vanskeleg å skaffa mannskap som bur på Evanger. Økonomiske konsekvensar er reduserte kostnader med mannskap. Det er mogeleg å nytta ny brannbil på hovudstasjonen i staden for å kjøpa ny der. Det vil verta inntil 20 min lenger utrykkingstid til hendingar i vest på E16 mot Vaksdal (sjå eiga konsekvensvurdering vedlagt budsjettet). Evanger kraftstasjon sikrar låge driftsutgifter til lokala og vil mista nærkontakt med brannvern.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Brann og ulukkesvern</b>					
Brannbil Voss	4 200	0	0	0	4 200
Hovudbrannstasjon	20 000	55 000	0	0	75 000
<b>Sum Brann og ulukkesvern</b>	<b>24 200</b>	<b>55 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>79 200</b>

## Vatn, avlaup og renovasjon

### Beskriving av verksemda i dag

Tenestemrådet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avlaupsanlegg (VA-anlegg). Renovasjon er delegert til det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk (IHM IKS).

Hovudoppgåvene til VA-avdelinga er å produsera tilstrekkeleg vatn med god kvalitet til abonnentane og syta for å ta vare på avlaupsvatnet frå kommunal kloakk, industri og spreidd busetnad på ein måte som hindrar at det oppstår miljøulemper i vassdrag og sjø. Tøming og handsaming av slam frå septiktankar og tømestasjon for bubilar sorterer også innanfor dette tenestemrådet.



Voss herad har 11 store og mindre vassbehandlingsanlegg, 11 reinseanlegg, 60 pumpestasjonar og slamavskiljarar med tilhøyrande ca 300 km leidningsnett. Avdelinga administrerer slamrømming av septiktankar heile heradet

Økonomiplan og budsjett for tenesteområdet syner negative tal, noko som betyr at tenesteområdet totalt sett har netto inntekter. Det vert utarbeida kalkylar for kvart enkelt sjølvkostområde, med indirekte kostnader frå andre tenesteområde som del av grunnlaget.

### Status og utfordringar

Vatn og avløp står framfor store utfordringar. Kommunen arbeider med å få bygd eit reservevassverk i Bømoen. I dag er all vassforsyning i sentrumsområdet forsynt frå grunnvassbrønnar i Prestegardsmoen. Dette er ei sårbar løysing, og det er venta at heradet har eit reserveanlegg på plass i Bømoen i løpet av økonomiplanperioden. Driftsutgifter vert dekkja av gebyr og er derfor ikkje synleg i nettoramma.

Det er planlagt ein gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn. Heradet vil spesielt ha fokus på å auka utskifting av leidningsnettet for å hindra ikkje-planlagde brot. Gjennom auka separering av overflatevatn og kloakk, kan me redusera mengdene kloakk gjennom pumper, leidningsnett og reinseanlegget på Gjernes, samt redusera kostnadene med å reinsa tilnærma "reint" vatn. Dette må gjerast i nært samarbeid med drift av kommunale vegar og private.

Heradet har bestemt at utbygging av vatn og avløp i Myrkdalen skal skje i kommunal regi. Totalt er det planlagt 3400 bueiningar i Myrkdalen, noko som betyr vassverk og kloakkreinseanlegg på storleik med Vossevangen sine anlegg. Hovudplan for vatn og avløp i Myrkdalen slår fast at Voss herad skal stå som utbyggjar av reinseanlegg og vassforsyningsanlegg samt hovudleidningsnettet i dalen. I dag er dette løyst hovudsakleg gjennom private anlegg som skal sanerast når det kommunale anlegget vert teke i bruk. Arbeidet vil starta opp årsskiftet 2021/2022.

### Hovudprioriteringar

I økonomiplanperioden vil rådmannen jobba aktivt med:

- planlegging, vurdering og val av løysingar for nytt reservevassverk på Bømoen.
- gjennomføring utbygging av vatn- og avløpsanlegg i Myrkdalen i samsvar med ny vedteken hovudplan.
- å etablere langsiktig strategi for utskifting og rehabilitering av eksisterande vatn- og avløpsnett.
- oppfølging av hovudplan avløp.
- gjennomgang og revisjon av hovudplan vatn.



### Hovudplan vatn og avløp Myrkdalen

Voss herad skal overta Myrkdalen vassverk og arbeid med nytt grunnvassanlegg på Skjervheimsøyne er i gang. Dagens vassforsyning har dårleg kapasitet og er utsett for frost. Med ytterlegare utbygging i dalen, hastar det med å få på plass nytt vassverk.

Vidare skal det leggjast rørtrase frå nytt grunnvassanlegg og nytt kloakkreinseanlegg på Skjevheimsøyne opp til fjellandsbyen. Dette er eit stort anlegg om lag på lina med Vangen og det vert sett i gang eit eige prosjekt for å løysa oppgåva.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	12 951	14 632	14 950	14 752	14 752	14 752
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	24 679	23 296	22 657	23 123	23 123	23 123
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	4 961	4 870	4 870	4 965	4 965	4 965
Overføringsutgifter	103	0	0	0	0	0
Finansutgifter	9 270	8 891	8 891	8 891	8 891	8 891
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>51 964</b>	<b>51 689</b>	<b>51 367</b>	<b>51 731</b>	<b>51 731</b>	<b>51 731</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-51 324	-50 976	-50 668	-51 357	-51 357	-51 357
Refusjonar	-837	0	0	15	15	15
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-3 690	-6 049	-6 049	-6 049	-6 049	-6 049
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-55 851</b>	<b>-57 025</b>	<b>-56 717</b>	<b>-57 390</b>	<b>-57 390</b>	<b>-57 390</b>
<b>Sum</b>	<b>-3 888</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 349</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>

### Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Fornya /utvida høgdebasseng Hagahaugen	Gjennomført utbygging i tråd med plan	100,0 %					
	Gjennomføra hovudplan vatn og avløp i Myrkdalen	Gjennomført utbygging i tråd med plan				50,0 %	100,0 %	
	Nytt vassverk Bømoen	Gjennomført utbygging og sett i normal drift				100,0 %		



Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
	Vassforsyningssystemet skal levere godt og hygienisk sikker drikkevatt til abonnentane.	Prosentandel rutinemessige vann-analyser med god hygienisk vann-kvalitet.	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	gr

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>	<b>-5 336</b>
Sum Lønns- og prisvekst	-323	-323	-323	-323
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>-323</b>	<b>-323</b>	<b>-323</b>	<b>-323</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>
<b>Innsparingstiltak</b>				
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	-71	0	0	0
Sum Innsparingstiltak	-71	0	0	0
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>	<b>-71</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettendringar</b>				
Andre tiltak	380	0	0	0
Sum Budsjettendringar	380	0	0	0
<b>Budsjettendringar</b>	<b>380</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>	<b>-5 349</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>	<b>-5 659</b>

## Innsparingstiltak

### Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatt bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

## Investeringsbudsjett



Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Vatn, avlaup og renovasjon</b>					
Avløpsanlegg Myrkdalen HP VA	0	52 500	37 500	13 750	103 750
Bømoen reserve vassverk	6 250	22 500	0	0	28 750
Hovudplan avlaup	0	3 750	3 750	3 750	11 250
Hovudplan vatn	0	3 750	3 750	3 750	11 250
Vassanlegg Myrkdalen HP VA	0	27 500	25 000	6 875	59 375
<b>Sum Vatn, avlaup og renovasjon</b>	<b>6 250</b>	<b>110 000</b>	<b>70 000</b>	<b>28 125</b>	<b>214 375</b>

## Politisk styring

### Beskriving av verksemda i dag

Politisk styring omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad. Politisk styringsmodell vart vedtatt av Heradsstyret i sak 44/19, jf. oversikt under.

Tenestemrådet har ansvar for å leggja til rette for og avvikle politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansvar for førebuing til og avvikling av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	3 900	4 108	3 884	4 229	4 229	4 229
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	1 291	1 725	1 427	1 759	1 759	1 759
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	1 461	1 624	1 660	1 629	1 629	1 629
Overføringsutgifter	379	974	879	993	993	993
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>7 030</b>	<b>8 430</b>	<b>7 850</b>	<b>8 610</b>	<b>8 610</b>	<b>8 610</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	0	-20	-20	-20	-20	-20



Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Refusjonar	-174	-185	-90	-189	-189	-189
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-174</b>	<b>-205</b>	<b>-110</b>	<b>-209</b>	<b>-209</b>	<b>-209</b>
<b>Sum</b>	<b>6 856</b>	<b>8 225</b>	<b>7 740</b>	<b>8 401</b>	<b>8 401</b>	<b>8 401</b>

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>	<b>8 225</b>
Sum Lønns- og prisvekst		177	177	177	177
Konsekvensjustert budsjett		177	177	177	177
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>8 401</b>	<b>8 401</b>	<b>8 401</b>	<b>8 401</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Andre tiltak	Administrasjon / politiske organ	-662	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>-662</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>-662</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>7 740</b>	<b>8 401</b>	<b>8 401</b>	<b>8 401</b>

### Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Kostragruppe Eiker	07
<b>Prioritet</b>							
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)	469	354	419	294	215	264	375

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov



## Finansielle postar/økonomi

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet er ei samling av diverse postar som består av Kostra funksjonane for rekneskapstekniske postar for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivningar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivningane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	-382	-30 000	-24 000	-27 900	-27 900	-26 900
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	702	338	338	345	345	345
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	150	0	0	0	0	0
Overføringsutgifter	8 397	9 100	9 100	9 282	9 282	9 282
Finansutgifter	113 420	88 188	96 657	115 659	129 860	137 882
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>122 287</b>	<b>67 626</b>	<b>82 095</b>	<b>97 386</b>	<b>111 587</b>	<b>120 609</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salgsinntekter	-22 802	-15 450	-27 820	-18 819	-18 819	-18 819
Refusjoner	-15	0	0	0	0	0
Overføringsinntekter	-1 119 235	-1 085 738	-1 144 923	-1 158 517	-1 170 358	-1 179 890
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-99 240	-85 220	-90 181	-87 935	-88 265	-89 005
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-1 241 291</b>	<b>-1 186 408</b>	<b>-1 262 924</b>	<b>-1 265 271</b>	<b>-1 277 442</b>	<b>-1 287 714</b>
<b>Sum</b>	<b>-1 119 005</b>	<b>-1 118 782</b>	<b>-1 180 829</b>	<b>-1 167 885</b>	<b>-1 165 855</b>	<b>-1 167 105</b>

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>-99 670</b>	<b>-99 670</b>	<b>-99 670</b>	<b>-99 670</b>
Sum Budsjettendring i år	-956	-690	-500	-800
Sum Lønns- og prisvekst	-1 012	-1 012	-1 012	-1 012
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>-1 968</b>	<b>-1 702</b>	<b>-1 512</b>	<b>-1 812</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>-101 639</b>	<b>-101 373</b>	<b>-101 183</b>	<b>-101 483</b>



Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Politisk vedtak</b>					
Sum Politisk vedtak		0	0	0	0
<b>Nye tiltak</b>					
Endring sal av konsesjonskraft	Finans	-12 000	-3 000	-3 000	-3 000
Andre tiltak	Stab	500	500	500	500
Sum Nye tiltak		-11 500	-2 500	-2 500	-2 500
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>-11 500</b>	<b>-2 500</b>	<b>-2 500</b>	<b>-2 500</b>
<b>Budsjettendringer</b>					
Andre tiltak	Finans	9 142	3 000	3 000	4 000
Sum Budsjettendringer		9 142	3 000	3 000	4 000
<b>Budsjettendringer</b>		<b>9 142</b>	<b>3 000</b>	<b>3 000</b>	<b>4 000</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>-103 996</b>	<b>-100 873</b>	<b>-100 683</b>	<b>-99 983</b>

### Samandrag budsjett

Lønsreserven som vert nytta til å dekkja årets lønsoppgjer er budsjettert sentralt og så vert den fordelt ut på tenestemråda etter faktisk oppgjer. Det er venta sterkare lønsvekst dei neste åra og det er lagt til grunn lønsvekst på 3 % i 2022, med 0,2 % auke per år framover.

Kommunen sel årleg 61,8 GWh konsesjonskraft. For 2021 er det lagt til grunn 45 øre/kWh (27,8 mill.kr), som er ein vesentleg auke frå 2021. For resten av perioden er det lagt til grunn 30 øre/kWh. Dette er inntekter som varier over tid og meirinntekter i periodar med høgt prisnivå bør nyttast til utviklingsarbeid og eingangsutgifter. Det er lagt til grunn i budsjett for 2022 at meirinntekter skal nyttast til å dekkja kjøp av læremiddel i grunnskule (3 mill.kr), kommunal del av finansiering av servicebygg utebassenget (2,5 mill.kr) og for å dekkja auka pensjonskostnader (5,5 mill.kr).

Lønspostane under dette tenestemrådet utgjer premieavvik og bruk av premiefond. Premieavvik er differansen mellom betalt pensjonspremie og netto pensjonskostnader inkl. administrasjon. Betalt pensjonspremie er brutto pensjonspremie minus bruk av premiefond. Det er venta høgare premieavvik i åra framover på grunn av lønsvekst. Det er lagt til grunn at dette vil utliknast noko med bruk av premiefond. Det er likevel lagt til grunn ein relativt stabil bruk av premiefond i perioden.

Det er budsjettert med stabilt eigenkapital til pensjonskassa KLP på 3,4 mill.kr som vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.





## Nye tiltak

### Endring sal av konsesjonskraft

Kommunen vil prøva aktiv forvaltning av sal av konsesjonskraft. Kommunen sel årleg 61 800 kwh og har til no gjort det ved å selja heile volumet i eitt eller to sal. Det er venta at ei meir aktiv forvaltning vil gje kommunen høgre salspris.

### HST 16.12.21 planlegging Hauge bhg til Oppheim skule

Prosjektet med å ta i bruk og oppgradera eldre bygg må starta opp. I fyrste omgang er det flytting av Hauge barnehage til Oppheim skule med mål om ferdigstilling hausten 2023. For Bolstad skule ser me for oss at her må eit prosjekt for oppgradering til barnehage vera løyst innan 2025. Det må setjast av midlar til planlegging i 2022 og resterande for Oppheim skule må innarbeidast i økonomiplanen for 2023 og for Bolstad vidare utover. 1 mill.kr til planlegging i 2022 vert dekkja av disposisjonsfond.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	
<b>Investeringsprosjekter</b>					<b>2022-25</b>
<b>Finansielle postar/økonomi</b>					
Eigenkapitalinnskot KLP	3 400	3 400	3 400	3 400	13 600
<b>Sum Finansielle postar/økonomi</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>3 400</b>	<b>13 600</b>

## Grunnskule

### Beskriving av verksemda i dag

Voss herad vil gi undervisingstilbod ved 11 grunnskular, der 8 er reine barneskular, to er kombinert barne og ungdomsskular, og ein rein ungdomsskule. Pr dags dato er elevtalet i Voss herad 1870 elevar fordelt på dei 11 skulane i heradet.

Tenestetilbodet omfattar også SFO tilbod ved 10 grunnskular i 2021. To av skulane, Vangen og Gullfjordungen tilbyr utvida SFO tilbod i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien.

Ein barneskule og ein ungdomsskule har innføringsklassar som rettar seg mot nyinnkomne flyktningar.



### Status og utfordringar

Ein god grunnskule har vore eit høgt prioritert område på Voss lenge. Voss har generelt sett gode levekår og gode vilkår for å skapa ein likeverdig oppvekst med god læring og god helse. Fem skular og to barnehagar på Voss er med i den statlege satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dette er ei satsing som handlar om at me skal ha skular og barnehagar som vert oppfatta som inkluderande for alle. Alle skulane vil dra nytte av denne satsinga.

Voss herad er ein geografisk stor kommune og har mange og til dels små skular. Dette har som konsekvens at ein har ei dyr skuledrift.

Det er høgt press på sentrumsskulane, og fleire av skulane har stort behov for rehabilitering og oppjustering.

Voss har ein stor del gjesteelevar. Som ein konsekvens av dette har ein eit høgt forbruk av spesialundervisning, då det er mange som behov for eigne tiltak. Dette er òg ein faktor som gjer at budsjett er vanskeleg å stipulera, då gjesteelevane ikkje nødvendigvis er på skulen heile året. Å rekruttera til denne elevgruppa er utfordrande.

Mange av formålsbygga våre er ikkje universelt utforma. Så snart me får informasjon om born med behov for tilrettelegging startar med arbeidet med å kartleggje kva behov barnet har. Dei siste åra er det sett av ressursar kvart år for å tilpassa skular eller barnehagar slik at dei er tilpassa dei borna som brukar bygget.

Heradet sin økonomiske situasjon gjer at det er lite rom for alternative og ikkje-lovpålagde tilbod. Det er likevel lagt inn noko styrking av tidleg innsats, samtidig som skulane må tilpassa seg lågare utgiftsnivå.

### Hovudprioriteringar

- Implementering av fagfornyinga
- Sikre kvalitativ lik opplæring uavhengig av kva skule ein soknar til gjennom implementering av "Vossaskulen"
- Reduksjon av kostnader, optimalisering av ressursbruken og effektivisering av skuledrifta
- Deltaking i den statleg initierte satsinga "inkluderande skulemiljø"
- Styrka tidleg innsats og førebygging med særleg satsing på:
  - begynnaropplæringa i barneskulen
  - optimalisering av det allmennpedagogiske tilbodet - for at fleire elevar skal få opplæringa i klassefellesskapet
  - reduksjon av tal timar nytta til spesialpedagogisk hjelp
  - betre samhandling mellom skulane og støttetjenestene



## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	227 775	226 776	244 391	225 902	225 216	225 534
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	31 621	32 124	33 973	31 796	30 796	30 796
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	15 156	6 622	6 622	6 748	6 748	6 748
Overføringsutgifter	4 648	3 844	3 844	3 921	3 921	3 921
Finansutgifter	14 804	13 071	13 071	13 071	13 071	13 071
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>294 004</b>	<b>282 437</b>	<b>301 902</b>	<b>281 438</b>	<b>279 752</b>	<b>280 070</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salgsinntekter	-10 548	-9 443	-9 178	-9 632	-9 632	-9 632
Refusjoner	-40 046	-26 292	-36 466	-26 767	-26 767	-26 767
Overføringsinntekter	-65	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-17	0	-300	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-50 676</b>	<b>-35 735</b>	<b>-45 944</b>	<b>-36 399</b>	<b>-36 399</b>	<b>-36 399</b>
<b>Sum</b>	<b>243 328</b>	<b>246 702</b>	<b>255 957</b>	<b>245 039</b>	<b>243 353</b>	<b>243 671</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Inkluderande Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørslse	Andel lærere med kompetanse til å undervise i norsk, engelsk og matematikk, 1.-7. trinn	74,0 %	76,0 %	78,0 %	80,0 %		
		Andel elever som har fullført og bestått videregående innen fem år	84,0 %	85,0 %	86,0 %	87,0 %	90,0 %	
		Andel elever på mestringsnivå 1 på nasjonal prøve i regning (5. trinn)	21,0	21,5	22,0	22,5	23,0	22,8
		Elevenes opplevelse av lærernes praktisering av prinsippene for Vurdering for læring, sammenlignet med et nasjonalt gjennomsnitt	3,4	3,5	3,5	3,5	3,5	3,3



Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
		Elevenes opplevelse av trygt læringsmiljø fritt for mobbing, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt	5,2	5,4	5,6	5,8	7,0	7,0
		Elevenes opplevelse av utdannings- og yrkesrådgivningen, sett i forhold til et nasjonalt gjennomsnitt	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	3,8

### Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhørse

Tilpassa opplæring som hjelper den enkelte til å nå sitt potensiale

### Budsjettvurdering

Under følgjer ei vurdering av moglege tiltak for å kunna realisera budsjetttrammene og dei effektiviseringskrava som ligg i økonomiplanen.

### Effektiviseringskrav

#### Bakgrunn for framlegget

I 2021 har Oppvekst laga ny tildelingsmodell til grunnskulane i Voss. Sentralt i modellen er, likehandsaming av skulane og elevane, samt at me skal halda oss innanfor lærarnorm. Alle elevar skal difor, også etter ny modell, framleis få eit godt nok pedagogisk tilbod. Tildelingsmodellen skal innarbeidast i Vossaskulen frå august 2021 og vil medføra 5-7 færre årsverk i Vossaskulen frå hausten 2021. Dette vil bidra til eit lågare forbruk i 2021, men heilårseffekten av dette ser me først i 2022.

Ingen skular har i 2021 fått eit trekk som er større enn 5% knytt til den ordinære undervisninga.

#### Konsekvensar for brukarane

Elevane skal få eit tilbod som er i tråd med lova. Innsparinga kan føra til at klassar vert slått saman eller at ein ikkje kan dele klassa i fag der ein tidlegare har gjort dette. Den einskilde skule gjer vurderingar om korleis endringa kan gjennomførast utan at det får for store konsekvensar for elevane.



### Konsekvensar for tilsette

Å «mista» tilsette kan skape uro i organisasjonen. Lærarar som må ha større klasser enn dei har hatt tidlegare kan få ein travlare arbeidskvardag med oppfølging av fleire elevar.

### Andre konsekvensar

Korleis kan me styrka tidleg innsats og førebygging og samstundes bruke mindre ressursar inn mot elevane? Dette er eit dilemma. Den einskilde skule må snu alle steinar for å gjera innsparingar på ein måte som gjer at elevane i minst mogleg grad vert skadelidande.

### Sluttvurdering

Voss herad brukar meir på skule enn samanliknbare kommunar. Me må difor verta meir effektive innanfor den skulestrukturen me har i dag. Rådmannen vurderer eit trekk i rammefordelinga som fagleg forsvarleg.

## **Reduksjon i kurs og opplæring**

### Bakgrunn for framlegget

Koronatida har vist at me kan organisera kurs og opplæring på ein anna måte i tida som kjem. Mange har nok fått overdose i digitale møter dei siste to åra. Me treng å sjå kvarandre meir når pandemisituasjonen opnar for det, men det er ikkje sikkert at me skal tilbake til slik me hadde det i 2019. Ei kritisk tilnærming til kva kurs me må ha fysisk og kva som kan vere digitalt må me ta med oss som nyttig lærdom av ei tid i pandemi.

### Konsekvensar for brukarane

Ingen

### Konsekvensar for tilsette

Mange tilsette gler seg til ein meir normal kvardag. Det å få reisa på kurs og å få fagleg oppdatering er noko me treng, men alle må innfinna seg med at me må vere meir fokusert på at me gjer strengare kost-nytte-vurderingar på dette feltet i tida som kjem.

### Andre konsekvensar

For klima og miljø er dette gode nyhende

### Sluttvurdering

Ei innsparing i høve kurs og reiser, samanlikna med 2019 nivå, er tilrådeleg.



### **Auke i foreldrebetaling SFO**

#### Bakgrunn for framlegget

Det er ikkje sett noko nasjonal makspris for SFO. Voss ligg relativt lågt i foreldrebetaling på SFO når me samanliknar oss med andre kommunar. Samstundes er det innført ordningar for dei med lågast betalingsevne. Ei auke i pris vil difor i fyrste rekkje ramma dei som har middels eller høg inntekt. Det er ikkje gjort nøyaktige berekningar på kva me kan ha av auka inntekt på dette, men ei moderat auke kan gjere til at SFO går i balanse. SFO skal drivast til sjølvkost.

#### Konsekvensar for brukarane

Det er foreldre som må betala meir for tilbodet. Ein konsekvens kan vera at færre vel SFO for borna sine.

#### Konsekvensar for tilsette

Ingen

#### Andre konsekvensar

Om konsekvensen vert at færre vil gå på SFO, eller at færre har råd til å sende borna sine på SFO, så kan dette føra til utanforskap. Risikoen for dette er låg dersom auka er moderat

#### Sluttvurdering

Auka pris på SFO er tilrådeleg.

### **Ikkje tilby utvida SFO**

#### Bakgrunn for framlegget

Utvida SFO er SFO i skuleferiar; vinterferie, juni, august og haustferie. Det er ikkje eit lovkrav at kommunen skal ha eit slikt tilbod. I Voss har me tilbod om utvida SFO til alle, men elevane vert samla på nokre få skular desse vekene, då det ikkje er nok elevar i ordninga til at me kan ha tilbodet på alle skuler.

Også denne ordninga er meint å vera til sjølvkost, men me ser at prisen er litt låg og at marginane er små før me samla får dette som ein utgiftspost.

#### Konsekvensar for brukarane

For både foreldre og elevar vert det eit dårlegare oppveksttilbod på Voss om me ikkje har denne tenesta.



### Konsekvensar for tilsette

Fleire tilsette ville få mindre stillingar enn dei har i dag dersom me ikkje gjev tilbod om SFO, samstundes er det ein del tilsette som vegrar seg for å jobba i utvida SFO. Mange tilsette i Vossaskulen ynskjer primært å ha fri når skulen er stengt. Korleis dei tilsette ser på ordninga er nok delt, og for dei som ynskjer 100% stilling som fagarbeidar eller assistent, vil ei nedlegging av tilbodet vere negativt.

### Andre konsekvensar?

Nedlegging av utvida SFO vil ha negativ innverknad på mange yrkesaktive i Voss. Ikkje alle har moglegheit til å ta seg fri når skulen har fri, og ikkje alle har besteforeldre eller anna å ty til når skulen er stengt. Mange finn det uforsvarleg å la born i 1.-4.klasse vera åleine heime ein heil arbeidsdag.

### Sluttvurdering

Utvida SFO er ikkje lovpålagt, men konsekvensane med å ikkje ha det er stort sett negative og innsparingane er truleg relativt små.

## **Nedjustera digitaliseringa av skulen**

### Bakgrunn for framlegget

Voss herad har satsa på digitalisering i skulen. Per no har me 1:1 dekning i heile vossaskulen (alle elevar har ei datamaskin eller eit nettbrett). Nokon elevar har gamle maskiner, men me har løfta oss betydeleg dei siste to åra. Koronapandemien har understreka at dette er eit viktig verktøy i Vossaskulen. Den digitale kompetansen til lærarane har auka og me har eit større medvit rundt når pc eller nettbrett kan vere eit tenleg verktøy og kor tid det er meir tenleg med andre tilnærmingar til undervisning.

Skal me halda fram med 1:1 dekning i Vossaskulen må me årleg gjere nye avtaler om innkjøp eller leasing. Om me ikkje gjer dette er me raskt tilbake til den situasjonen me hadde tidlegare; eldre og dårlegare maskiner og me må gå bort ifrå 1:1 dekning.

### Konsekvensar for brukarane

Dårlegare kvalitet på undervisninga og dårlegare tilpassa opplæring

### Konsekvensar for tilsette

Opparbeida kompetanse kan forsvinne

### Andre konsekvensar

Dekninga me har i dag gjer oss betre rusta til skulekvardagen men også til unntakssituasjonar som kan oppstå anten me får ei pandemi, eller me må stenge ein skule grunna flaum.

Sluttvurdering

Det er ikkje tilrådeleg at me reduserer den digitale satsinga trass i at det ikkje er eit lovkrav om at alle elevar skal ha kvar sin datamaskin eller nettbrett.

**Driftsbudsjett med endringar**

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2022	2023	2024	2025	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>246 702</b>	<b>246 702</b>	<b>246 702</b>	<b>246 702</b>	
Sum Budsjettendring i år	1 887	1 887	1 887	1 887	
Sum Lønns- og prisvekst	1 720	1 720	1 720	1 720	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>3 607</b>	<b>3 607</b>	<b>3 607</b>	<b>3 607</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>250 309</b>	<b>250 309</b>	<b>250 309</b>	<b>250 309</b>	
<b>Politisk vedtak</b>					
HST 16.12.21 "anleis skuledag"	Oppvekst	300	300	300	300
HST 16.12.21 tidleg innsats - foreldreskule	Oppvekst	200	200	200	200
<b>Sum Politisk vedtak</b>		<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>500</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav grunnskule	Oppvekst	-1 242	-6 000	-7 000	-7 000
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	-1 778	-3 923	-3 923	-3 923
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-3 020</b>	<b>-9 923</b>	<b>-10 923</b>	<b>-10 923</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Kulturhuset internfakturering justering 2	Oppvekst	-251	-251	-251	-251
Læremiddel til fagfornyinga	Oppvekst	3 000	1 000	0	0
Nye brukarbehov, reserve	Administrasjon / politiske organ	0	0	500	500
Psykisk helse barn og unge	Oppvekst	1 450	1 250	1 250	1 250
Tidleg innsats	Oppvekst	1 000	1 000	1 000	1 000
Andre tiltak	Finans	1 349	2 804	3 118	3 436
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>6 548</b>	<b>5 803</b>	<b>5 617</b>	<b>5 935</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>4 028</b>	<b>-3 620</b>	<b>-4 806</b>	<b>-4 488</b>
<b>Budsjettendringer</b>					
Reduksjon i sjukefråvær	Oppvekst	-150	-150	-150	-150
Reduserte transportutgifter symjeundervisning	Oppvekst	-200	-200	-200	-200
Spesialundervisning	Oppvekst	-800	-1 300	-1 800	-1 800
Andre tiltak	Stab	2 770	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringer</b>		<b>1 620</b>	<b>-1 650</b>	<b>-2 150</b>	<b>-2 150</b>
<b>Budsjettendringer</b>		<b>1 620</b>	<b>-1 650</b>	<b>-2 150</b>	<b>-2 150</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>255 957</b>	<b>245 039</b>	<b>243 353</b>	<b>243 671</b>





### **Politisk vedtak**

#### **HST 16.12.21 "anleis skuledag"**

Ein litt annleis skuledag Ekskursjon, arrangement, aktivitetar og liknande

#### **HST 16.12.21 praktiske fag**

Praktiske fag i skulen, utstyr og kompetanse. Heradsstyret vil gje praktiske fag i grunnskulen vår eit løft.

#### **HST 16.12.21 tidleg innsats - foreldreskule**

Tidleg innsats - foreldreskule

### **Innsparingstiltak**

#### **Effektiviseringskrav grunnskule**

For å realisera effektiviseringskravet vil det vurderast ulike tiltak, små og store. Tenesteområdet grunnskule må også omstillast for å ha eit utgiftsnivå som kommunen kan handtera i framtida. Ein del av innsparingskravet må fordelast ut på skulane gjennom ny modell for tildeling av ressursar. I tillegg må større endringar vurderast. Dette er skildra i tekstdel.

I ny tildelingsmodell vert ressursar tildelt basert på tal elevar. Dei små skulane må kompensast, då det er dyrare å driva små skular. I tillegg til å få tilskot for kvar elev, vil skulane få tilskot basert på behov for spesialundervisning. Den nye tildelingsmodellen skal ta inn i seg at skulane må ha bemanning i tråd med lærarnorm og styrking av dei lågaste trinna. Ny tildelingsmodell vil ta inn over seg dei innsparingane me elles har lagt opp til innan grunnskule. Den einskilde skule må då ha ein prosess med tillitsvalde og tilsette, der ein finn fram til lokale tiltak som gjer til at skulen går i balanse.

#### **Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering**

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstattast bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.



### **Nye tiltak**

#### **Kulturhuset internfakturering justering 2**

I justert budsjett 2021 er det gjort ei vurdering av internfakturering ved Kulturhuset, der konklusjonen var å synleggjera bruk pr teneste. Dette medfører forenkling av interne føringar, og dette tiltaket er justering nr 2.

#### **Læremiddel til fagfornyinga**

Innkjøp av læremidlar til fagfornyng. Dette vert dekkja av ekstraordinære sentrale inntekter i 2022.

Ein konsekvens av innføring av nye fagplanar, er læremidlane i mange fag utdaterte og ikkje i tråd med gjeldande kompetanssmål i læreplan. For å sikra ei god implementering av fagfornyng treng ein difor eit løft og fornyng av læreverka våre

#### **Nye brukarbehov, reserve**

Dei siste åra har kommunen hatt høge meirutgifter i høve budsjett på grunn av nye brukarbehov. Det er truleg at dette vil koma neste åra også som følgje av demografiutvikling og meir komplekse oppgåver som kommunen har og får ansvar for. Det er difor lagt inn ein reserve for nye brukarbehov. Det er usikkert kva tenestekområde dette vil slå inn. Detaljert fordeling vil bli gjort i budsjettregulering dersom det fell utanfor estimert beløp på tenestekområde.

#### **Psykisk helse barn og unge**

Mange born og unge slit med psykisk uhelse. Dette er truleg forsterka av pandemien.

Voss herad har ein god plan for korleis me skal følgja opp born og unge som slit med skulevegning. Likevel ser me at dette er ei utfordring mange stader. PPT og helsestasjonen vil i større grad enn tidlegare verta nytta som ein ressurs som skal støtta skulane i arbeidet med skulevegning spesielt og psykisk helse generelt. Tiltaket omfattar styrking av PPT i økonomiplanperioden og helsesjukepleie i 2022.

Ungdomsskulane vil i dialog med Barne- og familietenestene sikra tettare oppfølging og betre førebyggjande arbeid inn mot sine elevar. Arbeidet må på sikt også fokusere meir på overgang mellom barneskule og ungdomsskule, og me må arbeide førebyggjande med skulevegning også på mellomtrinnet.

#### **Tidleg innsats**

For at Voss herad skal kunna gå frå reoperasjon til førebygging, må kommunen ha handlingsrom til å gje rask hjelp til elevar som slit, utan at dei treng å vente på utgreiing frå PPT. Skulane må ha moglegheit for å gje kortsiktig hjelp eller kurs til born som ligg bakpå. Midlane kan også nyttast til betre tilrettelegging og tilpassa undervisning ved i periodar å kunne ha fleire vaksne i klasserommet.



## Budsjettendringar

### Reduksjon i sjukefråvær

Sjukefråværet i kommunen er høgt, og me har eit mål om å redusera fråvær i 2021. Dette er eit usikkert innsparingstiltak sett i lys av koronasituasjonen. Det er sett i gang eit godt arbeid med leiarutvikling frå rådmannsnivå, og me har tru på at god leiing i heile heradet vil føre til reduksjon i sjukefråværet.

### Reduserte transportutgifter symjeundervisning

Mange skular er avhengig av å nytta buss til dømes når dei skal ha symjeundervisning i Vossabadet.

Ved å omstrukturere symjeundervisninga til lengre økter i bassenget, er det mogleg å gjere innsparingar knytt til transport. Dette vil ha ein positiv effekt på miljøet, men det kan også vere positivt for kvaliteten på symjeopplæringa. Målet er at elevane skal få nok tid i bassenget til at dei når læringsmåla, men dei vil kanskje få færre turar i Vossabadet i løpet av eit skuleår.

### Spesialundervisning

I 2021 legg grunnskule opp til innsparingar innan spesialundervisning på totalt 1,7 millionar. Dette skal gjerast gjennom endring av korleis me både organiserer spesialundervisninga, og ved gjennomgang av sakkunnige frå PPT, samt vedtak frå rektorane. Det er eit nasjonalt problem at ein ikkje oppnår ønska resultat med spesialundervisninga. Stortingsmelding 6 – «Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO» peiker på at fleire elevar bør få betre tilrettelegging av undervisning i klasserommet, ikkje takast ut på eit grupperom. Nokre elevar treng tid åleine med ein pedagog, men på Voss har me eit inntrykk av at det er fleire som anten kunne vore i lag med andre i ei gruppe, eller at dei kunne vore i klasserommet i staden for å vere ute i gruppe.

Me ser også at me i større grad kan gje ressursar knytt til einskildelevar i eit kortare tidsrom. Ein elev kan ha større utbytte av å få eit intensivt lesekurs for så å komme attende til ordinær tilpassa undervisning i klasserommet, i staden for at eleven skal ha to timar med lesetrening kvar veke heile året.

Rådmannen er i gang med dette arbeidet. Det vil lagast ein strategi for korleis me kan gje god tilpassa opplæring til alle elevar i heradet, som samtidig krev mindre ressursar.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
Investeringsprosjekter Grunnskule					



Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<b>Investeringsprosjekter</b>					
Inventar/utstyr skuler og barnehager	0	1 000	0	0	1 000
Opprusting av skulebygg	10 000	10 000	10 000	10 000	40 000
Ungdomsskolen idrettsfløy	54 250	40 000	0	0	94 250
<b>Sum Grunnskule</b>	<b>64 250</b>	<b>51 000</b>	<b>10 000</b>	<b>10 000</b>	<b>135 250</b>

### Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	107 661	105 505	113 121	82 101	96 499	82 181	93 546
<b>Produktivitet</b>							
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	11,3	11,3	11,8	14,5	12,1	15,2	13,3
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	7,6 %	8,7 %	9,0 %	6,4 %	5,9 %	6,8 %	7,3 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)	97,4 %	99,5 %	96,5 %	97,6 %	99,6 %	95,7 %	97,7 %

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov



## Barnehage

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområde omfattar 10 kommunale barnehagar, styrkt barnehage tilbud og kommunale barnehagebygg. Per 15.12.2020 var det samla 815 born i Vossabarnehagen fordelt på 475 born i kommunale barnehagar og 340 born i private barnehagar. Det er sju private barnehagar og ein open barnehage som får offentleg tilskot frå Voss herad.

### Status og utfordringar

Voss herad har for få barnehageplassar i sentrum ut frå tal søknader til sentrumsområdet samtidig som det er ledig kapasitet i barnehagar utanom sentrum. Det er mange små barnehagar og det er fleire barnehagar som har behov for rehabilitering/oppgradering.

To barnehagar er med i den statlege satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dette er ei satsing som handlar om at me skal ha skular og barnehagar som vert oppfatta som inkluderande for alle. Alle barnehagane vil dra nytte av satsinga.

Innsparingstiltaka som ligg inne i økonomiplanen vert vanskeleg å realisera i sin heilskap utan endring i barnehagestrukturen. Delar av beløpa kan realiserast med omstilling og effektivisering.

### Hovudprioriteringar

Vossabarnehagen skal vera ein god barnehage for alle barn med fokus på eit inkluderande barnehagemiljø og vennskap og fellesskap.

Det vil jobbast med å realisera innsparingstiltaka i økonomiplanen.

### Driftsbudsjett

#### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	93 606	94 268	104 631	95 050	94 570	94 692
Kjøp av varer og tjenester som inngår i kommunal egenproduksjon	7 561	7 895	6 521	6 650	6 460	6 460



Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kjøp av varer og tjenester som erstatter kommunal egenproduksjon	61 859	59 929	62 129	63 369	63 369	63 369
Overføringsutgifter	1 248	-840	-753	-823	-823	-823
Finansutgifter	5 016	3 397	3 397	3 397	3 397	3 397
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>169 289</b>	<b>164 649</b>	<b>175 925</b>	<b>167 643</b>	<b>166 973</b>	<b>167 095</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salgsinntekter	-12 657	-15 765	-16 312	-16 080	-16 080	-16 080
Refusjoner	-12 292	-4 256	-7 566	-4 371	-4 371	-4 371
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-24 950</b>	<b>-20 021</b>	<b>-23 877</b>	<b>-20 451</b>	<b>-20 451</b>	<b>-20 451</b>
<b>Sum</b>	<b>144 339</b>	<b>144 628</b>	<b>152 048</b>	<b>147 192</b>	<b>146 522</b>	<b>146 644</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Barnehageplass til all med lovfesta rett og ynskjer det	Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	86,0 %	87,0 %	88,0 %	89,0 %		84,0 %
		Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	98,0 %	99,0 %	99,0 %	100,0 %		97,4 %
Inkluderande Voss	God utdanning -Alle born i Vossabarnehagen skal ha god omsorg, ein trygg og god oppvekst.	Andel årsverk barne- og ungdomsfagarbeider	15,0 %	15,0 %	17,0 %	17,0 %	20,0 %	23,4 %
		Mindre ulikskap - Vossabarnehagen skal redusera ulikskap	12,5 %	13,0 %	14,0 %	15,0 %		
		Andel av minoritetsspråklige barn som går i barnehage siste år	74,0 %	76,0 %	78,0 %	80,0 %	92,0 %	

### God utdanning -Alle born i Vossabarnehagen skal ha god omsorg, ein trygg og god oppvekst.

Det beste for borna skal vera eit grunnleggande omsyn. Barnehagen skal vera ein inkluderande arena og tilsette skal arbeida systematisk med mangfald, språk og vennskap. Barnehagen skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø for alle born. Dei vaksne i barnehagen vera gode rollemodellar og vera ein autorativ vaksen.



### **Mindre ulikskap - Vossabarnehagen skal redusera ulikskap**

Alle born i Vossabarnehagen skal oppleve tryggleik, meistring, tilhøyrslø og vera inkludert i barnehagemiljøet.

### **God utdanning -Alle born i Vossabarnehagen skal ha god omsorg, ein trygg og god oppvekst.**

Det beste for borna skal vera eit grunnleggande omsyn. Barnehagen skal vera ein inkluderande arena og tilsette skal arbeida systematisk med mangfald, språk og vennskap. Barnehagen skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø for alle born. Dei vaksne i barnehagen vera gode rollemodellar og vera ein autorativ vaksen.

### **Budsjettvurdering**

Under følgjer ei vurdering av moglege tiltak for å kunna realisera budsjetttrammene og dei effektiviseringskrava som ligg i økonomiplanen.

### **Effektiviseringskrav**

#### Bakgrunn for framlegget

Den økonomiske situasjonen i heradet krev at må gjera barnehagedrifta meir effektiv. I tildeling av ressursar inn mot nytt barnehageår gjer me vurderingar over nøyaktig stillingsbrøk i kvar barnehage knytt opp mot tal store og små barn.

#### Konsekvensar for brukarane

Knappe rammer gjer til at barnehagane er ekstra sårbare ved sjukdom i personalet. Då kan borna oppleve at det ikkje alltid er nok vaksne på jobb.

#### Konsekvensar for tilsette

For dei tilsette kan det vere belastande med knapp bemanning dersom det i tillegg er sjukefråvær og det er vanskar med å få tak i vikar.

#### Sluttvurdering

Barnehagane må prøva å gjere innsparingar innanfor den strukturen me har.

### **Reduksjon sjukefråvær**

#### Bakgrunn for framlegget

Barnehage hadde i 2020 eit fråvær på 10,4%. Dette er høgare enn fråværet var i 2019 (9,6%), men lågare enn i 2018 (11,5%). Den einskilde barnehage jobbar med arbeidsmiljø og sjukefråvær, men



det er større forskjellar mellom einingane enn det me ynskjer. Målet er difor å få til eit meir systematisk arbeid med sjukefråværet i heile oppvekstsektoren.

Koronapandemien har forsinka dette arbeidet og me har ikkje fått på plass den systematikken som me ynskjer.

### Konsekvensar for brukarane

For borna er det ei gode med meir nærvær og stabilitet.

### Konsekvensar for tilsette

For dei tilsette er det også eit gode at me arbeider for betre arbeidsmiljø.

### Sluttvurdering

Det er positivt å ha fokus på redusert sjukefråvær, samstundes veit me at pandemien har satt spor i tilsette. Det er difor høgst usikkert om me klarar å ha dei innsparingane som me har satt oss som mål.

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>144 628</b>	<b>144 628</b>	<b>144 628</b>	<b>144 628</b>
<b>Vedtatt forrige periode</b>					
Feriestenging 2 veker	Oppvekst	100	100	0	0
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>100</b>	<b>100</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum Budsjettendring i år</b>		<b>456</b>	<b>190</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum Lønns- og prisvekst</b>		<b>1 738</b>	<b>1 738</b>	<b>1 738</b>	<b>1 738</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>2 294</b>	<b>2 028</b>	<b>1 738</b>	<b>1 738</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>146 921</b>	<b>146 655</b>	<b>146 365</b>	<b>146 365</b>
<b>Politisk vedtak</b>					
HST 16.12.21 Bemanning barnehage	Oppvekst	1 300	1 300	1 300	1 300
<b>Sum Politisk vedtak</b>		<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav barnehage	Oppvekst	-200	-500	-500	-500
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	-166	-1 593	-1 593	-1 593
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-366</b>	<b>-2 093</b>	<b>-2 093</b>	<b>-2 093</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Nye brukarbehov, reserve	Administrasjon / politiske organ	0	0	500	500
Andre tiltak	Oppvekst	1 581	2 080	2 200	2 322
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>1 581</b>	<b>2 080</b>	<b>2 700</b>	<b>2 822</b>
<b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>		<b>2 515</b>	<b>1 287</b>	<b>1 907</b>	<b>2 029</b>





Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Budsjettendringer</b>					
Barnehagestruktur	Oppvekst	-700	-2 650	-3 650	-3 650
Bemanningsnorma - private barnehagar	Oppvekst	2 200	2 200	2 200	2 200
Feriestenging 2 veker	Oppvekst	-100	-100	-100	-100
Reduksjon i sjukefråvær	Oppvekst	-100	-200	-200	-200
Andre tiltak	Stab	1 311	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringer</b>		<b>2 611</b>	<b>-750</b>	<b>-1 750</b>	<b>-1 750</b>
<b>Budsjettendringer</b>		<b>2 611</b>	<b>-750</b>	<b>-1 750</b>	<b>-1 750</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>152 048</b>	<b>147 192</b>	<b>146 522</b>	<b>146 644</b>

## Politisk vedtak

### HST 16.12.21 Bemanning barnehage

Utfordringa innan barnehagesektoren med mangel på vikarar, auka grunnbemanninga med faste vikarar

## Vedtak forrige periode

### Feriestenging 2 veker

Feriestenging utover dei to vekene som ligg i nye vedtekter. Her er det mogleg å sjå på ulike løysingar, anten at barnehagen er heilt stengt i tre veker kvar sumar, eller at barnehagen er stengt i fleire dagar i samband med jul og påske. Meir stenging fører til at det i større grad er mogleg å styra ferien til dei tilsette, og kan føre til mindre vikarbruk. Eit redusert barnehagetilbod kan gje negative konsekvensar i eit foreldreperspektiv. Eit alternativ kan også vera at ein barnehage i heradet har ope i løpet av dei tre vekene der alle dei andre barnehagane er stengt.

## Innsparingstiltak

### Effektiviseringskrav barnehage

Barnehagane i Voss driv i dag kostnadseffektivt. Det er difor krevjande å finne korleis me effektivisere ytterlegare 500 000 i tillegg til dei innsparingstiltaka me har skissert. Den einskilde barnehage må ha prosessar med tillitsvalde og heile tilsettgruppa for å sjå kva innsparingar dei kan få til i økonomiplanperioden.

## Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatte bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei



teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

### **Nye tiltak**

#### **Nye brukarbehov, reserve**

Dei siste åra har kommunen hatt høge meirutgifter i høve budsjett på grunn av nye brukarbehov. Det er truleg at dette vil koma neste åra også som følge av demografiutvikling og meir komplekse oppgåver som kommunen har og får ansvar for. Det er difor lagt inn ein reserve for nye brukarbehov. Det er usikkert kva tenestekområde dette vil slå inn. Detaljert fordeling vil bli gjort i budsjettregulering dersom det fell utanfor estimert beløp på tenestekområde.

### **Budsjettendringar**

#### **Barnehagestruktur**

Dette vart vurdert i eiga sak i heradsstyret hausten 2021. Heradsstyret sitt vedtak 21. oktober vert følgt opp framover. Innsparingar som var føreslegne innan barnehagesektoren må sannsynlegvis overførast til andre sektorar.

#### **Bemanningsnorma - private barnehagar**

Stortinget har vedteke eit minimumskrav til grunnbemanning (bemanningnorm) for ordinære barnehagar. Norma stiller krav om at barnehagane har ei bemanning med minimum éin vaksen per tre barn under tre år og éin vaksen per seks barn over tre år. For å finansiera auka utgifter med nye krav har kommunen tidlegare fått tilskot for alle barnehagar, medan det berre er tilskot til private barnehagar i 2020. Frå 2021 skal bemanningsnorma innarbeidast i budsjetta. Dette inneber at kommunen må dekkja meirutgiftene i samsvar med beløp i dette tiltaket.

#### **Feriestenging 2 veker**

Feriestenging utover dei to vekene som ligg i nye vedtekter. Her er det mogleg å sjå på ulike løysingar, anten at barnehagen er heilt stengt i tre veker kvar sumar, eller at barnehagen er stengt i fleire dagar i samband med jul og påske. Meir stenging fører til at det i større grad er mogleg å styra ferien til dei tilsette, og kan føre til mindre vikarbruk. Eit redusert barnehagetilbod kan gje negative konsekvensar i eit foreldreperspektiv. Eit alternativ kan også vera at ein barnehage i heradet har oppe i løpet av dei tre vekene der alle dei andre barnehagane er stengt.

#### **Reduksjon i sjukefråvær**

Sjukefråværet i kommunen er høgt, og me har eit mål om å redusera fråvær i 2021. Dette er eit usikkert innsparingstiltak sett i lys av koronasituasjonen. Det er sett i gang eit godt arbeid med leiarutvikling frå rådmannsnivå, og me har tru på at god leiing i heile heradet vil føre til reduksjon i sjukefråværet.



## Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Barnehage</b>					
Inventar/utstyr skuler og barnehager	0	1 000	500	0	1 500
Ny barnehage i Granvin	15 000	22 500	0	0	37 500
<b>Sum Barnehage</b>	<b>15 000</b>	<b>23 500</b>	<b>500</b>	<b>0</b>	<b>39 000</b>

## Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	162 752	162 705	196 317	160 843	153 480	164 074	166 927
<b>Dekningsgrad</b>							
Alle stillingstyper mann andel menn/kvinner (prosent)		12,0 %	7,3 %	7,4 %	9,4 %	10,6 %	9,0 %
Andel barn 0-6 år med barnehageplass (B)	67,2 %	66,8 %	69,3 %	66,5 %	69,6 %	66,1 %	67,2 %
<b>Kvalitet</b>							
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)		47,9 %	54,7 %	39,5 %	48,2 %	44,2 %	43,0 %
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	5,2	5,8	5,8	5,5	4,9	5,3	5,9

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Barne- og familietenestene

## Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar barneverntenesta, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) og helsestasjon og skulehelseteneste. I tillegg er tre kommunale psykologar organisert under leiar for Barne- og familietenestene.



Barne- og familietenestene skal yte tenester for barn i alderen 0-25 år og deira familiar/føresette. Dei skal alle arbeide i eit tverrfagleg samarbeid, med tidleg- og rett innsats som målbilete.

I løpet februar 2022 er det planlagt samlokalisering for Barne- og familietenestene saman med fleire tenester i "Knutepunktet" ved Voss jernbanestasjon.

Per i dag er tenestene organisert slik:

- Barneverntenesta er organisert i to team; Omsorgsteam og mottaksteam.
- PPT har rådgjevarar og PMTO - terapeut, eit meistringsteam og kommunale logopedar. PPT er ei interkommunal teneste som gjev tilbod til Voss, Ulvik og Eidfjord. Logopedane gjev og tilbod til Vaksdal kommune, Ulvik herad og Helse Bergen, Voss sjukehus.
- Helsestasjonen og skulehelsetenesta omfattar i hovudsak helsesjukepleiarar, i tillegg til 20 % stilling lækjar og to jordmødre som me leiger frå Voss sjukehus- Helse Bergen. Me har ikkje utdanna helsesjukepleiarar i samtlege stillingar og arbeider for å få til eit rekrutteringsprogram for dette.

### Status og utfordringar

Barne- og familietenestene står framfor utfordringar i framtida der nye krav med fleire oppgåver vert lagt til kommunane, utan at det nødvendigvis følgjer med økonomiske midlar til å løyse oppgåvene.

Lovpålagte oppgåver skal løysast og prioriterast, noko som med utfordrande økonomi gjer at me må vurdere om me må avvike andre tenester.

### Reform 2022

Frå 2022 skal heradet overta alt arbeid med fosterheimar, noko som tidlegare var Bufetat sitt ansvar. Dette fordrar auka kommunal kompetanse og betra struktur og rutiner. Voss vil motta ca 4,4 mill.kr for nye oppgåver og ca. 3,1 mill.kr for stillingar som kommunen tidlegare har fått tilskot til.

### Koronapandemien

Korona pandemien har ført til endringar og noko fråfall i tenester til born og unge. Mellom anna nedstenging av fritidstilbod og periodevis stenging av skule/barnehagar. Me ser at det frå hausten 2020 har vore ei markant auke i bekymringsmeldingar til barnevernet der meldingsårsaken er vald i heimen. Dette er det same biletet over heile Norge og vert vurdert som "korona-relatert"

### Rekruttering av helsesjukepleiar

Over heile Norge er det vanskar å få utdanna helsesjukepleiarar til helsestasjonen. Det vert utdanna



for få nye i høve til kor mange som sluttar/vert pensjonert i tenesta. Voss herad treng å laga eit rekrutteringsprogram der ein m.a. tilbyr godtgjersle under utdanning for helsesjukepleiarane.

### **PPT**

PPT har utfordringar med kapasitet til å kunna stetta alle sakkunnige- og systemsaker.

### **Hovudprioriteringar**

Barne- og familietenestene skal satsa på å gje gode tenester til born, unge og deira familiar. Heradet skal styrka arbeidet med tidleg innsats og førebygging:

- Hjelpa skal tilpassast betre for å møta barn og familiar sine behov
- Rettstryggleiken til born og familiar skal verta godt vareteken
- Ressursbruk og oppgaveløysing i barnevernet skal verta meir effektiv

### **Tidleg innsats**

Målet med førebygging og tidleg innsats er å kunne leggja tilrette for at alle born og unge skal kunna meistre eigen kvardag, skulegang, inngå i sosiale relasjonar, etablera venskap og ha eit familieliv som er prega av emosjonell omsorg og tryggleik frå vaksne omsorgspersonar.

Ein viktig føresetnad for tidleg innsats er høg kompetanse og god kvalitet i eksisterande tenester. Dette vil sikra at born og unge får ei betre utvikling og lærer meir i fellesskap med jamaldrande. Barn og unge som treng ekstra hjelp skal få dette i det fellesskap der dei høyrer til.

Hovudstrategien vil vera å styrka det universelle arbeidet, og gje eit best mogeleg tilbod til alle, - til rett tid. Samtidig skal heradet ha god nok kompetanse og kapasitet for å kunna intervensera i dei situasjonane der det allmenne tilbodet ikkje er tilstrekkeleg.

Dette medfører kompetanseutvikling, styrka samarbeid med barn, unge og føresette, samt styrka tverrfagleg samarbeid.

Den komande "barnevernreformen" vil gje heradet utvida ansvar for tilbodet til barn og unge.

Me er i ferd med å lage kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring.

Ei hovudprioritering er å få ned bruk av private aktørar i barnevernet, samt rekruttere fosterheimar lokalt. Jfr. Reform 2022. Det skal også jobbast for å få tilstrekkeleg med kvalifisert personale i samtlege stillingar i Barne- og familietenestene. Dette kan gjera tenesta meir effektiv.

**Driftsbudsjett****Fordeling på hovudart**

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	55 875	54 938	57 834	54 925	54 951	54 979
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal egenproduksjon	12 039	8 165	11 561	10 878	10 878	10 878
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal egenproduksjon	9 022	5 734	6 772	5 409	5 409	5 409
Overføringsutgifter	6 562	4 266	4 266	4 351	4 351	4 351
Finansutgifter	22	117	117	117	117	117
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>83 520</b>	<b>73 219</b>	<b>80 549</b>	<b>75 679</b>	<b>75 705</b>	<b>75 733</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-42	-104	-104	-106	-106	-106
Refusjonar	-22 801	-17 830	-15 323	-13 869	-13 869	-13 869
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-211	-1 209	-1 609	-1 209	-1 209	-1 209
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-23 053</b>	<b>-19 142</b>	<b>-17 036</b>	<b>-15 184</b>	<b>-15 184</b>	<b>-15 184</b>
<b>Sum</b>	<b>60 467</b>	<b>54 077</b>	<b>63 513</b>	<b>60 495</b>	<b>60 521</b>	<b>60 549</b>

**Måltabell**

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
God helse og livskvalitet	God helse for alle barn i heradet. Arbeide for at barn får rett hjelp til rett tid.	Andel barn under omsorg som har tiltaksplan	75,0 %	80,0 %	90,0 %	100,0 %		
		Andel undersøkelser gjennomført innenfor 3 måneder	90,0 %	95,0 %	97,0 %	100,0 %		
		Andel barn som har fullført helseundersøkelse innen utgangen av 1. skoletrinn (B)	91,0 %	92,0 %	92,0 %	92,0 %	92,0 %	90,2 %



Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra gr
		Andel barn som har fullført helseundersøkelse ved 4 års alder (B)	92,0 %	92,0 %	92,0 %	92,0 %	92,0 %	92,2 %
Inkluderande Voss	Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsl	Barn med tiltak institusjon, inkl. EM	10					1 237
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn(B)	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,0 %	5,2 %
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn(B)	5,8 %	5,6 %	5,4 %	5,2 %	5,0 %	9,3 %
		Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn(B)	10,0 %	9,5 %	9,0 %	9,0 %	8,0 %	9,9 %
		Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt(B)	18,0 %	17,0 %	16,0 %	15,0 %	15,0 %	17,6 %
Styrke- og utvikle tverrfagleg samarbeid	Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver. Auke samarbeidskompetanse hjå tilsette.							

### Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver. Auke samarbeidskompetanse hjå tilsette.

Arbeida saman i saker. Felles opplæring og utvikling. samlokalisering av tenestene i Knutepunktet

### Barn og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrsl

Sikra tidleg innsats på tvers av tenestene

### Budsjettvurdering

Under følgjer ei vurdering av moglege tiltak for å kunna realisera budsjetttrammene og dei effektiviseringskrava som ligg i økonomiplanen.



### **Samlokalisering av barne- og familietenestene**

#### Bakgrunn for framlegget

Barne- og familietenestene ved barnevern, helsestasjon, ppt og kommunepsykologar er, i lag med fleire andre tenester innan oppvekst, lokalisert ulike steder i heradet. Mange av tenestene har gamle og tronge lokale som er lite eigna både for tilsette og brukarar. At tenestene er lokalisert ulike stader er ein faktor som gjer til at tenestene ikkje samarbeider så godt som dei kan og bør, når me skal gje gode og samordna tenester til brukarane våre.

Ei samlokalisering i knutepunktet har vore planlagt i fleire år, og i 2022 skal dette skje. Det har tidlegare vore peikt på at ein kunne ha innsparing av merkantil ressurs ved samlokalisering. Kartlegging av den merkantile ressursen i tenestene viser at dei i stor grad har oppgåver som er spesifikke for dei tenestene dei er knytt til, og at det difor er lite potensiale for innsparingar her. Tenestene må sjå på andre moglegheiter for innsparingar for å kompensere for den auka husleiga som me får i det nye bygget.

Det er grunn til å understreke at alternativet til knutepunktet anten hadde vore eit anna nytt bygg i kommunal regi, eller omfattande rehabiliteringsarbeid på alle dei ulike lokasjonane. Innflytting i knutepunktet er naudsynt og det beste alternativet både i høve økonomi og eit godt fagleg samarbeid og tilbod.

#### Konsekvensar for brukarane

For born og foreldre er det ein stor fordel at tenestene vert samlokalisert. Det gjer at det er enklare å få til møter der fleire hjelpeinstansar kan delta i same møte når det er aktuelt.

#### Konsekvensar for tilsette

For tilsette vil det vera positivt med nye lokale. Samstundes vil eit nytt bygg også medføra endring. No har me moglegheiten til å rigga oss for samarbeid i mykje større grad enn tidlegare. Knutepunktet vert også eit meir fleksibelt bygg der dei tilsette i større grad enn tidlegare kan flytta seg rundt på bygget, og der me har stor grad av sambruk av lokalitetar.

#### Sluttvurdering

Knutepunktet er eit naudsynt tiltak og vil gje heradet eit løft i høve dei tenestene som skal inn i bygget, men også for vossingane som skal bruke bygget.

### **Integrering – reduksjon i bemanning EM-tiltaket**

#### Bakgrunn for framlegget

EM-tiltaket har redusert bemanninga dei siste åra. Basert på økonomien i heradet må dei sjå på





moglegheitene for anten ytterlegare reduksjon i bemanning, auka inntekter eller at dei kan vere eit tiltak for barnevernet.

### Konsekvensar for brukarane

Me må sikra at brukarane i EM-tiltaket får den oppfølginga dei har krav på.

### Konsekvensar for tilsette

Reduksjon i bemanning vil gje noko større belastning på den einskilde tilsette

### Sluttvurdering

EM-tiltaket må ha ei innsparing eller ei inntening. Alternativet er at andre tenester må kutte meir.

## **Barne- og familietenestene – redusert bruk av eksterne tenester**

### Bakgrunn for framlegget

Barneverntenesta treng ulike tiltak for å hjelpa dei familiane dei skal hjelpa. Då barnevernet sjølv har hatt lite ressursar til hjelpetiltak, har alternativet vore å kjøpa desse tenestene frå eksterne. Me har tilsett miljøterapeuter som i stadig større grad vil ta over for dei private tiltaka me i dag brukar. Dette skal gje innsparingar.

### Konsekvensar for brukarane

Familiar skal få like god hjelp som dei har fått tidlegare.

### Konsekvensar for tilsette

Dei tilsette har større grad av medverknad på dei tenestene me gir til dei familiane som treng det.

### Sluttvurdering

Dette er eit godt tiltak og heilt i tråd med reform 2022.

## **Driftsbudsjett med endringar**

Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>54 077</b>	<b>54 077</b>	<b>54 077</b>	<b>54 077</b>
<b>Vedtatt forrige periode</b>					
Redusert bruk av eksterne tenester barnevern	Oppvekst	500	0	0	0
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum Lønns- og prisvekst</b>		<b>768</b>	<b>768</b>	<b>768</b>	<b>768</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>1 268</b>	<b>768</b>	<b>768</b>	<b>768</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>55 344</b>	<b>54 844</b>	<b>54 844</b>	<b>54 844</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					



Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	-95	0	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-95</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Barnevernsreform 2022	Oppvekst	4 905	4 905	4 905	4 905
Budsjettauke barnevern	Oppvekst	2 000	0	0	0
Ny husleige i Knutepunktet	Oppvekst	2 500	2 500	2 500	2 500
Psykisk helse barn og unge	Oppvekst	1 000	0	0	0
Andre tiltak	Finans	109	246	272	300
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>10 514</b>	<b>7 651</b>	<b>7 677</b>	<b>7 705</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>10 419</b>	<b>7 651</b>	<b>7 677</b>	<b>7 705</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Reduksjon i bemanning - EM-tiltaket	Oppvekst	-500	-1 000	-1 000	-1 000
Redusert bruk av eksterne tenester barnevern	Oppvekst	-500	-1 000	-1 000	-1 000
Andre tiltak	Teknisk	-1 250	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>-2 250</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>-2 250</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>63 513</b>	<b>60 495</b>	<b>60 521</b>	<b>60 549</b>

## Vedtak forrige periode

### Redusert bruk av eksterne tenester barnevern

Barneverntenesta kjøper fleire tenester av private tilbydarar. Ved å tilsetja eigne miljørettlearar kan me gjere innsparingar utan at kvaliteten vert dårlegare. Desse vil me også kunna bruka som eit lågterskeltilbod som gjer at me på eit tidlegare stadium kan koma inn og gje støtte i heimar der dei har det vanskeleg. Tiltaket vil då også kunne ha positiv effekt på grad av frikjøp i samband med plassering i fosterheimar.

### Innsparingstiltak

#### Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatte bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.



### **Nye tiltak**

#### **Budsjettauke barnevern**

Barnevern har over fleire år har eit meirforbruk i høve budsjett. Det er i 2022 auka budsjett Det er venta effekt av omstillingstiltak frå 2023. I 2022 er det fjerna effektiviseringskrav på 500 000 kr og auka budsjett med 1 500 000 kr. Dette er dekkja av auke i sentrale inntekter.

#### **Ny husleige i Knutepunktet**

Auke i husleige som følgje av flytting til nytt bygg, Knutepunktet. Innflytting i starten av 2022

#### **Psykisk helse barn og unge**

Mange born og unge slit med psykisk uhelse. Dette er truleg forsterka av pandemien.

Voss herad har ein god plan for korleis me skal følgja opp born og unge som slit med skulevegning. Likevel ser me at dette er ei utfordring mange stader. PPT og helsestasjonen vil i større grad enn tidlegare verta nytta som ein ressurs som skal støtta skulane i arbeidet med skulevegning spesielt og psykisk helse generelt. Tiltaket omfattar styrking av PPT i økonomiplanperioden og helsesjukepleie i 2022.

Ungdomsskulane vil i dialog med Barne- og familietenestene sikra tettare oppfølging og betre førebyggjande arbeid inn mot sine elevar. Arbeidet må på sikt også fokusere meir på overgang mellom barneskule og ungdomsskule, og me må arbeide førebyggjande med skulevegning også på mellomtrinnet.

### **Budsjettendringar**

#### **Reduksjon i bemanning - EM-tiltaket**

Per i dag treng ungdommane på butilbodet for einslege mindreårige mykje oppfølging. Tenesta kan bemannast noko ned i åra som kjem då det vert færre bebuarar. Dersom det ikkje kjem nye einslege mindreårige i perioden, vil tenesta leggjast ned.

#### **Redusert bruk av eksterne tenester barnevern**

Barneverntenesta kjøper fleire tenester av private tilbydarar. Ved å tilsetja eigne miljøretteleiarar kan me gjere innsparingar utan at kvaliteten vert dårlegare. Desse vil me også kunna bruka som eit lågterskeltilbod som gjer at me på eit tidlegare stadium kan koma inn og gje støtte i heimar der dei har det vanskeleg. Tiltaket vil då også kunne ha positiv effekt på grad av frikjøp i samband med plassering i fosterheimar.



## Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) **)	17 647	16 862	12 872	10 495	10 937	13 776	10 505
<b>Produktivitet</b>							
Brutto driftsutgifter til tiltak (funksjon 251, 252) per barn med tiltak (B) *)	245 633	244 490	171 115	172 928	181 333	211 326	153 982
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel barn i institusjon og fosterhjem av barn med tiltak (B)		27,1 %	34,0 %	32,5 %	29,6 %	36,3 %	26,6 %
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-22 år		4,5 %	4,5 %	3,7 %	3,9 %	4,1 %	4,1 %
<b>Kvalitet</b>							
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,3	5,8	4,7	4,8	4,5	6,0	4,7

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Integrering og vaksenopplæring

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet omfattar integreringsteneste, vaksenopplæring og spesialpedagogikk, og butilbod for einslege mindreårige flyktningar (EM-tiltak).

Tenesteområdet har ansvar for busetting og oppfølging av flyktningar busett etter avtale med iMDI (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet), og etter gjeldande vedtak.

Integreringstenesta omfattar førebuing og gjennomføring av busetting, økonomisk sakshandsaming og sakshandsaming etter integreringslova, koordinering av tenester til målgruppa, gjennomføring og oppfølging av introduksjonsprogram, og generell og spesiell rådgjeving til personar i målgruppa.



Vaksenopplæringa omfattar norsk- og samfunnskunnskap til deltakarar i introduksjonsprogram, grunnskule for vaksne, og undervisning for vaksne som ikkje har tilfredsstillande utbyte av ordinært opplæringstilbod for vaksne. Frå hausten 2021 skal vaksenopplæringa og ha ansvar for kombinasjonsklasse ved Voss gymnas.

EM-tiltaket omfattar drift av bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar busett etter avtale med IMDi eller Buf-etat, oppfølging og ettervern til ungdomar som flyttar ut av bufellesskapet, og oppfølging av ungdom som treng heildøgntilbod i samarbeid med barnevernet.

### Status og utfordringar

Hovudutfordringa for tenesteområdet er å tilpassa tenesta til eit varierende tal flyktningar frå år til år. Storleiken på busetnaden i eit år, vert sjeldan avgjort frå statleg hald før på tampen av året før. Dette gjer det utfordrande å planleggja økonomisk. Samansetnaden av flyktninggruppa er heller ikkje kjend på førehand, dvs. at ein ikkje veit tal vaksne flyktningar som skal inn i integreringsprogrammet.

Dei siste åra er det busett flest overføringsflyktningar, dvs. flyktningar som kjem direkte til kommunen frå utlandet etter avtale mellom staten og UNHCR. Desse tilhører ofte utsette grupper med lite skulegang, og til dels utfordrande helse, noko som legg press på kommunen både når det gjeld økonomi og ressursbruk i tenestene. Stadig fleire har og trong for grunnskuleopplæring for vaksne. Dette er tidkrevjande, og det tek tid å få vaksne flyktningar kvalifisert for ordinært arbeid eller skule.

Busetting av einsleg mindreårige flyktningar er og usikker frå år til år.

### Hovudprioriteringar

Hovudprioritering i åra som kjem:

- Syta for eit heilskapleg tilbod til busette flyktningar, som gjer at dei kan delta i lokalsamfunnet gjennom arbeid, skule og fritid snarast mogeleg etter busetting.
- Videreutvikla samarbeidet med Røde Kors om deltaking i fritidsaktivitetar både for vaksne og born.
- Frigjera kapasitet i Integreringstenesta, slik at ein kan flytta fokus frå vaksne til heile familien.
- Tettare samarbeid med barnevernet, både med tanke på utnytting av fagkompetansen i EM-tiltaket, og for å hindra at ein får barnevernssaker i flyktninggruppa.
- Arbeida vidare med eit heilskapleg undervisningstilbod til vaksne med lite formalutdanning.



## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	19 443	16 703	18 566	17 315	17 315	17 315
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	1 754	1 975	722	761	761	761
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	26	210	210	214	214	214
Overføringsutgifter	71	130	130	132	132	132
Finansutgifter	0	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>21 294</b>	<b>19 018</b>	<b>19 627</b>	<b>18 423</b>	<b>18 423</b>	<b>18 423</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-141	-390	-390	-398	-398	-398
Refusjonar	-5 960	-5 365	-9 330	-5 474	-5 474	-5 474
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-853	-2 500	-1 000	-2 500	-2 500	-2 500
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-6 954</b>	<b>-8 255</b>	<b>-10 720</b>	<b>-8 372</b>	<b>-8 372</b>	<b>-8 372</b>
<b>Sum</b>	<b>14 341</b>	<b>10 763</b>	<b>8 908</b>	<b>10 051</b>	<b>10 051</b>	<b>10 051</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistarar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel	Andel personar som er vidare i jobb og/eller utdanning etter introduksjonsprogram	70,0 %	70,0 %	70,0 %	70,0 %		

## Alle opplever tryggleik, meistarar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel

Jobba for eit inkluderande arbeidsliv og tilrettelagde arbeidsplassar



## Budsjettvurdering

### Oppvekst – Vaksenopplæringa – effektivisering og kombinasjonsklasse

#### Bakgrunn for framlegget

Vaksenopplæringa må også gjere effektiviseringstiltak. Samstundes har me no eit nytt tiltak som vaksenopplæringa vil ha hovudansvaret for – kombinasjonsklassen.

Kombinasjonsklassen er for innvandrar med kort butid og som ikkje har tilstrekkeleg fagkunnskap til at dei bør starte på vidaregåande skule. Fylkeskommunen og Voss herad har inngått eit samarbeid om oppretting av kombinasjonsklassen som i praksis er 10.klasse fagplanar, men lokalisert på gymnaset. Ordninga har fungert godt i Sogn og fjordane. Dette er årsaka til at ein no ynskjer ordninga implementert i heile Vestland.

#### Konsekvensar for brukarane

Kombinasjonsklassen skal føre til at fleire ungdommar lukkast med å fullføre vidaregåande skule

#### Konsekvensar for tilsette

Ein til to tilsette ved vaksenopplæringa får nye arbeidsoppgåver

#### Sluttvurdering

Dette er eit tiltak som vil gje innsparingar for kommunen på lengre sikt ved at ungdommar fullfører vidaregåande skule

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
<b>Vedtatt budsjett</b>		<b>10 763</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>	<b>10 763</b>
Sum Budsjettendring i år		-20	-20	-20	-20
Sum Lønns- og prisvekst		192	192	192	192
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>172</b>	<b>172</b>	<b>172</b>	<b>172</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>10 935</b>	<b>10 935</b>	<b>10 935</b>	<b>10 935</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Effektivisering og kombinasjonsklasse, vaksenopplæringa	Oppvekst	350	350	350	350
Kulturhuset internfakturering justering 2	Oppvekst	-1 234	-1 234	-1 234	-1 234
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>-884</b>	<b>-884</b>	<b>-884</b>	<b>-884</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>-884</b>	<b>-884</b>	<b>-884</b>	<b>-884</b>
<b>Budsjettendringar</b>					



Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
Andre tiltak	Oppvekst	-1 144	0	0	0
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>-1 144</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>-1 144</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>8 908</b>	<b>10 051</b>	<b>10 051</b>	<b>10 051</b>

## Nye tiltak

### Effektivisering og kombinasjonsklasse, vaksenopplæringa

Kombinasjonsklassen er for innvandrar med kort butid og som ikkje har tilstrekkeleg fagkunnskap til at dei bør starte på vidaregåande skule. Fylkeskommunen og Voss herad har inngått eit samarbeid om oppretting av kombinasjonsklasse som i praksis er 10.klasse fagplanar, men lokalisert på gymnaset. Ordninga har fungert godt i Sogn og fjordane. Dette er grunnen til at ein no ynskjer ordninga implementert i heile Vestland. Vaksenopplæringa har eit effektiviseringskrav på 250 000 kr, og kombinasjonsklassen kjem til å koste om lag 600 000 kr. Netto effekt vert 350 000 kr årleg.

Kombinasjonsklassen skal føra til at fleire ungdommar lukkast med å fullføra vidaregåande skule. Me vurderar det slik at tiltaket vil gje innsparingar for kommunen på lengre sikt, ved at fleire ungdommar fullfører vidaregåande skule.

### Kulturhuset internfakturering justering 2

I justert budsjett 2021 er det gjort ei vurdering av internfakturering ved Kulturhuset, der konklusjonen var å synleggjera bruk pr teneste. Dette medfører forenkling av interne føringar, og dette tiltaket er justering nr 2.

## Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B) *) **)	1,0	0,8	1,2	0,3	0,4	0,6	0,7
<b>Kvalitet</b>							
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (månader)		9	8	8	7	8	0
<b>Andre nøkkeltal</b>							
Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere (B)		1,1	0,9	0,4	0,5	0,3	0,7
Innvandrere i prosent av befolkningen		8,9 %	12,2 %	12,7 %	10,6 %	13,0 %	





Netto driftsutgifter (275)	11 493	7 571	16 610	5 622	4 842	8 908	273 262
Introduksjonsordningen *)							
Tilskot integrering pr innbygger (B)	2 671	2 701	3 226	971	1 317	1 292	1 863

*\*) Inflasjonsjustert med deflator*

*\*\*) Justert for utgiftsbehov*



## Helse

### Beskriving av verksemda i dag

Helsetenestene omfattar førebygging og behandling. Førebyggjande tenester er rehabilitering og habilitering, ergo- og fysioterapitenester, støttekontakttjenesta, i tillegg til legetenesta.

Tenestene skal driva med framtidsretta helsetenester som er samanhengande, er tilgjengelege, og med tidleg innsats som verkar førebyggjande. Dei skal føra til at innbyggjarane meistrar sine utfordringar og lidningar som ikkje kan behandlast. I samband med opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering i kommunane, lyt me ruste oss for å overta fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta og med dette styrka rehabiliteringstilbodet. Voss herad har vedteke ein politisk strategi som er styrande for tenestetilbodet. Alle tilbod skal vera tufta på tenkinga om at innbyggjarane skal klara seg sjølve lengst mogleg i eigen heim, med rett nivå på eventuelle helsetenester frå heradet.

### Status og utfordringar

Effektiv rehabilitering er viktig for å gje tenestemottakarane moglegheita til å bu i eigen heim og leva sjølvstendige liv så lenge som mogleg, slik mange sjølv ynskjer. Effektiv rehabilitering krev tverrfaglege, koordinerte tenester og god dialog mellom tenesteytarane. Me vil jobba vidare med å utvikla dette og bygga vidare på den gode kompetansen som ein har på rehabiliteringsavdelinga på Hagahaugen. Kvardagstrening og meistring er like viktig som trening med terapeutar, og me skal i samråd med tenestemottakar vurdere behov og funksjon, og setja mål for rehabiliteringa.

Det er mogleg å selje plassar til rehabilitering til andre kommunar. Me ynskjer å ha fokus på at rehabiliteringa skal vera av god kvalitet. Difor har me starta med enkle målingar på effekt av tilbodet som brukarane i avdelinga får.

Dei kommunale fysioterapeutane har utfordringar med å ta unna dei akutte behova i mellom anna institusjonane, som til dømes i korttidsavdelinga. Dette vil me ha fokus på vidare. Eit anna tiltak me jobbar kontinuerleg med er å auke fokuset på meir hjelp til sjølvhjelp, meistring og trening, og mindre behandlingssfokus. Alle som kan nytta seg av kvardagsrehabilitering skal få tilbod om dette.

Etablering av friskliv og meistringstilbod og utvida gruppetilbod er eit resultat av prosjektet «Opptrapping av rehabilitering, meistring og friskliv i Voss Herad» som byrja i august 2020 og vart avslutta i 2021. Eit resultatmål var "Sjå på moglegheit for vidareutvikling av dagens frisklivs- og meistringstilbod". Ei førebels utgreiing har vorte gjennomført jan-mars 2021. Konklusjonen er at



det er fagleg, politisk og økonomisk vilje og leiarforankring for eit slik tilbod. Fokuset i frisklivskursa vil vera på tobakksbruk, mat, fysisk aktivitet og søvn. Det er mogleg å ta eigenandel for desse tilboda. Me vil nytta oss av gruppebehandling, som kommunen kan få refusjon for. Dette opnar for moglegheita til å finansiera ei halv fysioterapeut-stilling. Me vil starta med desse kursa tidleg i 2022.

Førebyggjande arbeid som heimevitjing for dei som fyller 80 år vil starta opp igjen, etter pause under pandemien. I tillegg vil me starta å planleggja innbyggjarsamlingar slik at me kan arrangera desse i 2022.

Me ser ei endring i sjukdomsbiletet med at stadig fleire yngre har store hjelpebehov. Fleire av desse vil ha behov for tenester heile livet. Omlegginga i sjukehusa si driftsform fører til at store og avanserte oppgåver vert overført til kommunane. Dette vil me sjå enno meir av i framtida. For å rusta oss til å møte denne utfordringa må me jobba for å rekruttera gode fagfolk innan alle yrkesgrupper. Det er venta på nasjonalt hald at kommunane vil ha behov for 40 % auke i årsverk fram mot 2040. Komande år vil me vurdere om det er mogleg å tilsetja ein fagperson som kan styrka kunnskapsnivået slik at me kan stimulera til at fleire tek høgare utdanning innan helsetenesta. Me ynskjer å også å få tilsett ein kompetent person som kan jobba med Leve hele livet-reforma.

Det vert stilt strengare krav til innhaldet i dei kommunale legetenestene, spesielt innan akuttmedisin og legevakt, samstundes som det er ei utfordring med rekruttering. Dette har ført til at kostnadsnivået har auka monaleg dei siste åra. Det er svært utfordrande å dekkja utgiftene innafør budsjettamma. Me lyt sjå på andre driftsformer innan desse områda om me skal klare å halda oss innanfor tildelte rammer. Interkommunal legevakt er planlagd drive i rein kommunal regi. Me ventar ein konklusjon på ny driftsform tidleg 2022.

Me vil vurdere eit innspel frå fastlegane om gjenkjøpsgaranti. Dette er ein av dei viktigaste faktorane for rekruttering til næringsdrivande heimlar. Dagens ordning vert rekna som usikker og det er difor fleire som kvir seg for å etablere seg som fastlege. Ein slik garanti vil seie at heradet (opp til ein viss sum) kjøper ut heimelen dersom denne ikkje vert seld innan ei viss tid etter utlysing. Den reelle risikoen for at garantien vert utløyst har synt seg å vera låg i dei kommunane som har prøvd ut denne ordninga; i staden har dei sikra seg fleire kandidatar til ledige heimlar.

Smittevernarbeidet har som mål å sikra innbyggjarane vern mot smittesjukdommar ved å førebyggje og motverke smitte. (Smittesjukdommar er alvorlege smittsame sjukdommar definerte som allmennfarlege sjukdommar). Dette arbeidet er meir aktuelt enn nokon gong. Beredskapslager med smittevernustyr for 6 månader er på plass, og me har opparbeida oss god kompetanse på TISK-arbeid og vaksinasjon. Det er planlagd å halde beredskapen for TISK på plass gjennom vinteren 2022.

Voss herad vil ha behov for å styrka fastlegetenesta ytterlegare. Anbefalt listelengd hjå



fastlegar/kommunalt tilsette kommunelegar er maksimalt 1000 pasientar. Me har framleis nokre fastlegar som har lister med fleire pasientar enn denne anbefalinga. For å kunna gje fastlegar/kommunelegar ei forsvarleg listelengde vil me styrka legetenesta med eitt årsverk i 2022. Legetenesta er heilt avgjerande når me skal driva med primær-førebyggjande arbeid. Både helsefellesskap og eventuelt primærhelseteam vil vera område som vil krevja behov for nye fastlegeheimlar. For å sikra at heradet rekrutterer godt med nye legar i framtida vil me prioritera midlar til fleire LIS-1-legar. Desse legane er viktige rekrutterings- og avlastingstiltak for legane i heradet.

## Hovudprioriteringar

- Me skal driva med framtidsretta helsetenester
- Alle som kan nytta kvardagsrehabilitering skal få tilbodet
- Utvikla effektiv rehabilitering med fleire tilgjengelege plassar
- Fokus på tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering
- Jobba for å styrka legetenesta ytterlegare
- Vaksinerings og TISK arbeid vil halde fram gjennom vinteren 2022

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	32 232	37 355	38 648	38 564	38 602	38 640
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	6 511	3 974	4 750	4 528	4 528	4 528
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	20 910	20 251	21 959	21 104	21 104	21 104
Overføringsutgifter	1 027	608	285	406	406	406
Finansutgifter	449	0	0	0	0	0
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>61 128</b>	<b>62 187</b>	<b>65 643</b>	<b>64 602</b>	<b>64 640</b>	<b>64 678</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-2 313	-2 292	-2 676	-2 338	-2 338	-2 338
Refusjonar	-19 001	-18 984	-20 230	-19 568	-19 568	-19 568
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-603	-410	-735	-410	-410	-410
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-21 917</b>	<b>-21 686</b>	<b>-23 641</b>	<b>-22 316</b>	<b>-22 316</b>	<b>-22 316</b>
<b>Sum</b>	<b>39 212</b>	<b>40 501</b>	<b>42 001</b>	<b>42 286</b>	<b>42 324</b>	<b>42 362</b>



## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	Betra helsa til innbyggjarane med å gjennomføra tiltak innan friskliv, meistring, førebygging og rehabilitering	Tal deltakarar på kurs i friskliv og meistring	300,0	350,0	400,0	450,0		
Inkluderande Voss	Vidareutvikla likverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester	Tal ledige plassar på fastlegeslistene	1,0 %	1,5 %	2,0 %	3,0 %	5,0 %	

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2022	2023	2024	2025	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>40 501</b>	<b>40 501</b>	<b>40 501</b>	<b>40 501</b>	
Sum Lønns- og prisvekst	717	717	717	717	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>717</b>	<b>717</b>	<b>717</b>	<b>717</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>41 218</b>	<b>41 218</b>	<b>41 218</b>	<b>41 218</b>	
<b>Innsparingstiltak</b>					
Effektiviseringskrav helse og omsorg	Helse og omsorg	-500	0	0	0
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	-99	0	0	0
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-599</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Ny husleige i Knutepunktet	Helse og omsorg	500	500	500	500
Andre tiltak	Finans	153	344	382	420
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>653</b>	<b>844</b>	<b>882</b>	<b>920</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>54</b>	<b>844</b>	<b>882</b>	<b>920</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Andre tiltak	Teknisk	729	224	224	224
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>729</b>	<b>224</b>	<b>224</b>	<b>224</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>729</b>	<b>224</b>	<b>224</b>	<b>224</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>42 001</b>	<b>42 286</b>	<b>42 324</b>	<b>42 362</b>



## Innsparingstiltak

### Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatte bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

## Nye tiltak

### Ny husleige i Knutepunktet

Auke i husleige som følgje av flytting til nytt bygg, Knutepunktet. Innflytting i starten av 2022

## Investeringsbudsjett

Investeringsprosjekter	Økonomiplan				Sum
	2022	2023	2024	2025	2022-25
<i>Beløp i 1000</i>					
Helse					
Voss interkommunale legevakt (IKL)	0	0	10 000	0	10 000
<b>Sum Helse</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>10 000</b>	<b>0</b>	<b>10 000</b>

## Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Annet forebyggende helsearbeid brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)		111	632	127	186	656	379
<b>Dekningsgrad</b>							
Reservekapasitet fastlege (B)		97,5	105,3	115,6	100,7	103,2	102,9
<b>Kommunekasse</b>							
Netto driftsutgifter kommunehelse i prosent av samlede netto driftsutgifter (Kommunekasse)	4,0 %	4,6 %	5,0 %	5,2 %	5,2 %	5,0 %	5,2 %

\*) Inflasjonsjustert med deflator



## Omsorg

### Beskriving av verksemda i dag

Omsorgstenestene i Voss herad omfattar heimetenesta, aktiviseringstilbod, sjukeheimane, øyeblikkeleg hjelp-døgnopphald og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg har heradet tilbod om utgreiing av mogleg demens, korttidsavdelingar, omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne og omsorgsbustader for andre med behov for oppfylgjing. Drift av institusjonslokale ligg også under dette tenesteområdet.

### Status og utfordringar

Me skal i samsvar med politisk vedteken strategi dreia tenestene til meir bruk av heimetenester og mindre bruk av langtidsopphald i institusjon. Me har innført «Granvinsmodellen» i Voss herad. I denne modellen står brukar i sentrum der tenestene vert planlagd med fokus på ynskjer og behov, og kva brukar kan gjera sjølv. Analyse av nøkkeltal for helse og omsorg syner at Voss har prioritert institusjonsdrift, og har ei høg dekning av institusjonsplassar. Denne trenden er me i ferd med å endra til meir heimebaserte tenester. Me skal likevel innretta oss slik at me har god kapasitet for heildøgns plassar i institusjon når det er behov for dette.

Voss herad skal ha god nok kapasitet i sjukeheim, både korttids- og langtidsopphald. Meir bruk av korttidsopphald kan styrka brukarane slik at dei kan bu lengre i eigen heim, fungera som avlasting for pårørande, rehabilitering grunna funksjonsfall og behov for medisinsk oppfylgjing. Langtidsopphald vert tilbydd når det vert behov for det, og i tråd med forskrifta for tildeling.

Heradet er inne i ei stor omstilling der me endrar tildelingspraksis frå bestillar-utførar modell til vedtak tildelt i dei ulike områda. Erfaringane frå Granvin herad ligg til grunn for denne endringa. Denne omstillinga er tidkrevjande då alle tilsette må få nok kunnskap om endringane som skal gjerast og få endra åtferda si i tråd med dei nye retningslinene. Det gjeld tilsette som jobbar i heimen til brukaren og tilsette i institusjonane. Me har tenkt at omstillinga ville ta 3-5 år frå me vart Voss herad. Grunna pandemien og at me gjennom den måtte ha fokus på andre store oppgåver, ser me no at omstillinga er noko forseinka.

Helse og omsorg leverer årsrapport med data som syner kapasiteten i tenesta. Ut frå datainnsamlinga me har gjort så langt ser me at det truleg er litt ekstra kapasitet når det gjeld langtids plassar.

Dagtilbodet og dagplassar er ein viktig del av det kommunale omsorgstilbodet. Her er dagaktivitetstilbod til eldre, menneske med nedsett funksjonsevne, menneske med psykisk lidning, og



menneske med demens. Dagtilbod og dagplass skal stimulera til ein meiningsfull kvardag med aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær. Nasjonale og internasjonale undersøkingar syner at dagplass supplert med spesielt tilrettelagte dagtilbod både er gode tilbod til den einskilde og kan vera ein kostnadseffektiv måte å leggja til rette tenesta på. Me har mykje ubrukt areal på Hagahaugen som me ser kan nyttast til å gje plass til fleire med behov for dagtilbod. Det er mange søknader, og venteliste til dagaktivitetstilbod. Me ynskjer og å driva eit slikt tilbod på Vetleflaten, og me søker om tilskot til ei slik avdeling.

Rett bruk av velferdsteknologi kan føra til at den einskilde brukar i større grad kan oppleva eigenmeistring, tryggleik og auka livskvalitet. Alle ynskjer å klara seg mest mogleg sjølv, og å kunna bu i eigen heim. Dette er ei omlegging som påverkar arbeidsprosessane i omsorgssektoren. Voss herad har teke i bruk det meste av teknologi samanliknbare kommunar nyttar. Dette er ein tidkrevjande prosess og tiltaka rettar seg mot både brukarar av tenestene, og tilsette som yter tenester. Framover vil me jobba for at fleire innbyggjarar tek i bruk dei teknologiske hjelpemidla.

Voss herad skal vera ein god stad å ha arbeidet sitt. Leiarane skal ha god kompetanse til å styra avdelingane sine, med leiarkunnskap og fagleg og økonomisk kunnskap. Budsjetta må vera realistiske. Leiarane skal fokusera på medverknad og informasjon, med både brukarar, pårørande og tilsette. Me skal ha fokus på å rekruttera alle typar yrkesgrupper me har behov for framover. Dette kan me best gjera gjennom å byggja sterke fagmiljø innan alle yrkesgrupper.

Helse og omsorg skal jobba vidare med å utvikla samarbeidet med tillitsvalde og vernetenesta. Dette samarbeidet opplever me i dag som ein ressurs inn mot leiarar på alle nivå. I dette samarbeidet får me gode faglege innspel som er avgjerande for korleis prosjektarbeidet i endringar vert. Me har saman utarbeida retningsliner for korleis me jobbar med alle endringar. Framover vert det viktig at desse retningslinene ligg til grunn for alle prosjekt me gjennomfører.

Kvalitetshuset er eit kvalitetssystem Voss herad har vore med å utvikla, og er ei stor satsing. Me vil komande år ta i bruk verktøyet i alle avdelingar. Målet med å ta dette i bruk er å sikra dei tilsette systematisk kompetanseheving, leiarane får god hjelp i si oppfylging av dei tilsette for å sikra kvalitet i tenesta. Me har stor tru på at dette vil gje brukarane våre betre kvalitet i tenestene dei mottek. Me har saman med Høgskulen i Bergen utarbeida søknad til Norsk forskingsråd og me håpar det er mogleg å få midlar til å studera om verktøyet gjev ei ynskja kvalitetsheving i tenesta. Også arbeidet med 10 -faktor og Lean vil gje oss verdifull informasjon om kva for kompetanse me treng i avdelingane.

Omsorgsbustadene i 1.etg på Vetleflaten skal oppgraderast og takast i bruk. Vidare vil me vurdere om det er langtidsplassar som kan leggjast om til korttidsplassar. Me lyt heile tida fylgja med på utviklinga på ventelista til langtidsplassar, slik at me sikrar at dei som har behov for langtidsplass får





det når det trengst. Dei næraste åra vil det vera behov for å auka årsverk i heimetenesta, dette er i tråd med helse og omsorg sine planer om at fleire vil bu i eigen heim lengst mogleg. Auken gjer at det, spesielt på Vetleflaten, er knappheit på arbeidsstasjonar for tilsette i heimetenesta. Me vurderer å gjera om to rom på Vetleflaten omsorgssenter til arbeidsplassar for heimetenesta.

## Hovudprioriteringar

- Voss herad dreier tenestene frå institusjonsbaserte til auka bruk av heimeteneste.
- Me opplever vekst i tenester retta mot einskilde brukarar med store behov.
- Tilby fleire brukarar dagtilbod og dagplass som skal stimulera til ein meningsfull kvardag med fokus på aktivitet, opplevd meistring, tryggleik og sosialt samvær.
- Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.
- Me jobbar systematisk for å betra kvalitet i alle tilboda ved å gradvis innføra Kvalitetshuset i heile heradet.
- Me skal involvera andre avdelingar i våre langtidsplanar.
- Me skal i alle saker jobba tett med vernetenesta og tillitsvalde.
- Me treng meir kunnskap om ulike behov for bustader i heradet.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	359 945	357 814	388 995	386 823	387 399	388 985
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	49 084	39 195	37 427	39 978	39 978	39 978
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	20 417	25 217	39 376	39 457	39 457	39 457
Overføringsutgifter	7 617	7 684	5 538	6 452	6 452	6 452
Finansutgifter	11 571	7 857	7 857	7 857	7 857	7 857
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>448 634</b>	<b>437 767</b>	<b>479 193</b>	<b>480 566</b>	<b>481 142</b>	<b>482 728</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-32 978	-32 852	-32 432	-32 866	-32 866	-32 866
Refusjonar	-62 627	-49 041	-65 325	-63 967	-63 967	-63 967
Overføringsinntekter	-357	-5	-5	-5	-5	-5
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-843	0	-1 590	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-96 805</b>	<b>-81 898</b>	<b>-99 352</b>	<b>-96 838</b>	<b>-96 838</b>	<b>-96 838</b>
<b>Sum</b>	<b>351 828</b>	<b>355 869</b>	<b>379 841</b>	<b>383 728</b>	<b>384 304</b>	<b>385 890</b>



## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostragr
Attraktive Voss								
Inkluderande Voss								
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel.	Auke i årsverk i heimeteneste						
		Bruk av lokaliseringsteknologi (GPS, sensor)	30,0	35,0	35,0	40,0		
		Mottakarar av matombringning til gruppa over 80 år som ikkje bur på institusjon	12,0 %	15,0 %	17,0 %	20,0 %	25,0 %	
		Tilbod om plass dagtilbod for personar med demens	30,0	35,0	40,0	58,0		
	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester	Andel av dei som har hatt korttidsopphald som returnerer til heimen	55,0 %	60,0 %	60,0 %	60,0 %	60,0 %	

## Verkemiddel for å nå mål

Voss skal vera eit herad det er godt å verta gamal i. Me ynskjer at alle skal leva aktive og sjølvstendige liv også når helse sviktar. Førebygging, tidleg innsats og rehabilitering er viktige tiltak for å nå måla. Når innbyggjarane har behov for omsorgstenester skal dei få tilbod om tenester som er av god kvalitet. Tenestene skal vera i kontinuerleg utvikling bygd på kunnskapsbasert praksis. Me skal delta i forskning og bidra til forskning på ulike nivå.

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Vedtatt budsjett	355 869	355 869	355 869	355 869
Sum Lønns- og prisvekst	3 830	3 830	3 830	3 830
Konsekvensjustert budsjett	3 830	3 830	3 830	3 830
Konsekvensjustert ramme	359 699	359 699	359 699	359 699
Innsparingstiltak				



Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Avdeling	2022	2023	2024	2025
Effektiviseringskrav helse og omsorg	Helse og omsorg	-1 500	-3 000	-3 000	-3 000
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering	Teknisk	-242	-630	-630	-630
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>-1 742</b>	<b>-3 630</b>	<b>-3 630</b>	<b>-3 630</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auka ressursbehov brukar på avlastinga	Helse og omsorg	1 350	1 350	1 350	1 350
Auka ressursbehov brukarar i institusjon	Helse og omsorg	1 950	1 950	1 950	1 950
Auka ressursbehov ressurskrevjande brukarar i heimetenesta	Helse og omsorg	1 816	1 816	1 816	1 816
Auka ressursbehov til brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	Helse og omsorg	4 630	4 630	4 630	4 630
Ny brukar, ekstern plassering	Helse og omsorg	2 550	2 550	2 550	2 550
Ny husleige i Knutepunktet	Helse og omsorg	1 000	1 000	1 000	1 000
Nye brukarbehov, endring med barnevernreforma	Helse og omsorg	2 275	2 275	2 275	2 275
Nye brukarbehov, reserve	Administrasjon / politiske organ	0	3 000	3 000	4 000
Styrking heimetenestene Vest og Aust	Helse og omsorg	1 160	1 160	1 160	1 160
Andre tiltak	Finans	3 096	5 152	5 728	6 314
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>19 827</b>	<b>24 883</b>	<b>25 459</b>	<b>27 045</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>18 085</b>	<b>21 253</b>	<b>21 829</b>	<b>23 415</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Drift av kommunalt kjøkken Vetleflaten frå tidleg 2022, Voss sjukeheim frå hausten 2022. (Meirutgifter.)	Helse og omsorg	3 500	6 500	6 500	6 500
Effektivisera bemanning område Vest (Voss sjukeheim)	Helse og omsorg	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Redusera institusjonsplassar	Helse og omsorg	-2 500	-2 500	-2 500	-2 500
Andre tiltak	Stab	2 058	-223	-223	-223
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>2 058</b>	<b>2 777</b>	<b>2 777</b>	<b>2 777</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>2 058</b>	<b>2 777</b>	<b>2 777</b>	<b>2 777</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>379 841</b>	<b>383 728</b>	<b>384 304</b>	<b>385 890</b>



### **Innsparingstiltak**

#### **Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering**

Teneste/funksjon 190 interne serviceeininger utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstattast bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

### **Nye tiltak**

#### **Auka ressursbehov brukarar i institusjon**

Bebuarar i med langtidsopphald i institusjon er meir pleietrengande enn tidlegare og krev meir ressursar.

#### **Ny husleige i Knutepunktet**

Auke i husleige som følgje av flytting til nytt bygg, Knutepunktet. Innflytting i starten av 2022

#### **Nye brukarbehov, endring med barnevernreforma**

Nye ressursbehov etter oppretting av butilbod som erstattast bruk av ekstern barnevernsinstitusjon. Delvis finansiert med auka rammetilskot som følgjer med barnevernreformen 2022.

#### **Nye brukarbehov, reserve**

Dei siste åra har kommunen hatt høge meirutgifter i høve budsjett på grunn av nye brukarbehov. Det er truleg at dette vil koma neste åra også som følgje av demografiutvikling og meir komplekse oppgåver som kommunen har og får ansvar for. Det er difor lagt inn ein reserve for nye brukarbehov. Det er usikkert kva tenesteområde dette vil slå inn. Detaljert fordeling vil bli gjort i budsjettregulering dersom det fell utanfor estimert beløp på tenesteområde.

### **Budsjettendringar**

#### **Drift av kommunalt kjøkken Vetleflaten frå tidleg 2022, Voss sjukeheim frå hausten 2022. (Meirutgifter.)**

Drift av kommunalt kjøkken ved Vetleflaten og Voss sjukeheim. Årlege driftsutgifter vil auke med mellom 5,5 og 8 mill. kr avhengig av løysingsval for produksjonsmetode og servering.

#### **Effektivisera bemanning område Vest (Voss sjukeheim)**

Bemanning ved avdeling på Voss sjukeheim ligg noko høgre enn andre institusjonar, og kan reduserast noko utan at dette er vurdert å ha innverknad på kvalitet i tenestene.



### Redusera institusjonsplassar

Voss herad har god dekning av plassar i institusjon med heildøgns bemanning. I samsvar med vedteken strategi skal ressursinnsats vris frå pleie i institusjon til pleie i heimen. Dette betyr at tenestetilbod må leggest om og plassar i institusjon reduserast. Denne endringa må gjerast over tid og ut i frå pleiebehov. Rådmannen vurderer at kommunen kan redusera langtidsplassar i nokon grad. Behov vert fortløpande vurdert.

### Investeringsbudsjett

Beløp i 1000	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
<b>Investeringsprosjekter</b>					
<b>Omsorg</b>					
Bilar helse og omsorg	800	800	800	800	3 200
Kommunalt kjøkken	12 000	0	0	0	12 000
Utstyr og tekniske installasjonar	750	750	750	750	3 000
Vossestrand omsorgstun carport heimesjukepleie og vaktmesterlager	1 625	0	0	0	1 625
<b>Sum Omsorg</b>	<b>15 175</b>	<b>1 550</b>	<b>1 550</b>	<b>1 550</b>	<b>19 825</b>

### Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn Aurskog- Høland	Stord	Øvre Kostragruppe Eiker	07	
<b>Prioritet</b>							
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	32,9 %	31,8 %	32,6 %	33,8 %	31,5 %	31,2 %	
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel av alle brukare som har omfattende bistandsbehov (B)		37,6 %	27,5 %	29,8 %	26,5 %	37,1 %	30,0 %
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)		0,6 %	1,1 %	0,7 %	0,5 %	0,4 %	0,7 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)		13,9 %	11,7 %	12,3 %	7,5 %	9,0 %	9,9 %



## Sosialtenester

### Beskriving av verksemda i dag

Sosialtenestene i Voss herad omfattar psykisk helse og rusarbeid, NAV og integreringstenester. Me vil fortsetja å utvikla samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i heradet. Avdelingane skal sikra samanhengande tenester.

### Status og utfordringar

Helse og omsorg satsar på psykisk helse og rusarbeid. Psykisk helse og utfordringar knytt til rus er noko som får store konsekvensar ikkje berre for den enkelte, men ein heil familie og samfunnet rundt. Ein ynskjer å satsa på førebyggjande arbeid og gje eit betre tenestetilbod til dei med milde og moderate psykiske lidingar. Forsking knytt til psykisk helse og rusarbeid syner at satsing på tiltak som gjev innbyggjarane rett hjelp til rett tid vil gje stor samfunnsmessig og økonomisk gevinst. Ein skal sørgja for at alle som har behov for hjelp skal kunne få det. Det å satse på lågterskeltilbod vil sikra at brukarar med langvarige og samansette behov får den hjelpa dei treng. Avdelinga vil ha tilbod til unge brukarar med samtidig rus og psykisk lidning og satsa på "tett på". Ein ynskjer og å satsa på recovery-prosessar der brukarar meistrar eige liv og ein hindrar tvangsinnleggingar. Avdelinga har det siste året satsa stort på erfaringskompetanse i avdelinga. Data frå brukarplanundersøking dei siste åra syner at mange personar med rus- og psykiske lidingar har utfordringar når det kjem til levekår. Dette inkluderer å ha meiningsfull aktivitet i kvardagen, god fysisk og psykisk helse, trygg bustad, oppleving av å fungera sosialt og eit tilstrekkeleg nettverk. Personar med både rus-lidning og psykisk lidning er spesielt utsett. Forsking viser at arbeid og bustad er viktige for betring av lidinga og livskvalitet. Med bakgrunn i dette ser ein at det vil vera 3 store satsingsprosjekt dei neste 4 åra; bustadsosialt arbeid, born og unge i utanforskap og tilbake til samfunnet.

Voss herad må satsa på ein overordna strategi i bustadsosialt arbeid med bakgrunn i nasjonal strategi "Alle trenger trygt hjem". Å ha ein plass å bu som gjev rom for meistring og utvikling er viktig uavhengig av alder, kjønn og utfordringar med livet. Det er tydeleg for tenestene i dag at Voss herad må jobba med ein bustadsosial politikk som ansvarleggjer alle knytt til innbyggjarar i Voss herad. Retten til ein trygg og sikker bustad bør vera overkomeleg uavhengig om ein har utfordringar med si fysiske, psykiske helse eller har utfordringar knytt til rusbruk. Bustadsosial handlingsplan skal reviderast og implementerast i alle einingar og med det syta for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk der målet er at alle skal ha ein tenleg bustad. Kommunalavdelingane lyt samarbeida betre for at brukarar med psykiske og rus-utfordringar får tilbod på nivå med andre brukarar i heradet. Det vert jobba for å styrka samarbeidet mellom NAV og barnevernstenesta om gruppa unge mellom 18-25 år som har budd i fosterheim eller barneheim. For å koordinera tenesta betre ser me eit behov for eit nærare samarbeid mellom oppvekst og helsetenesta, spesielt for aldersgruppa 0-18 år. Det gjeld både økonomiske og menneskelege ressursar.



Me merkar ei auka utfordring med å tileigna oss kunnskap for å ta vare på alle brukarar med anna bakgrunn, som anna morsmål, kultur og religion.

Heradet samarbeider med Kirkens Bymisjon om fylgjande:

- Arbeidstilbod til rusavhengige. Eit samarbeid mellom NAV, kommunen, frivillige lag/organisasjonar og private.
- Skattkammeret. Fattigdomsprosjekt, utstyrssentral, materiell og samkøyring av andre frivillige og ideelle organisasjonar som jobbar med fattigdomstiltak.
- Ungdomsteam.

Erfaringar viser at desse tiltaka når ut til mange i målgruppa og er godt evaluert. Psykisk helse og rusarbeid jobbar tett saman med Kirkens Bymisjon for å kunne gje støtte til dei som slit med å nytte seg av kommunale tilbod. Det har gitt stor effekt for fleire brukarar til å meistra sin kvardag.

NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid. I mål- og disponeringsbrevet frå direktoratet heiter det at prioriterte grupper er ungdom under 30 år, innvandrarar frå ikkje-EØS land og personar med nedsett arbeidsevne. NAV og integreringstenesta har eit tett samarbeid for å få flyktingar raskare i arbeid. Her er starta eit IMDI-initiert samarbeid "Voss for alle" der vaksenopplæringa og er med. Voss herad skal laga tilbod til dei som er lengst unna arbeidslivet, spesielt innvandarkvinner. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

Det er også starta eit samarbeid med Bjørkeli DPS om individuell jobbstøtte (IPS). Målet er å få personar med psykisk lidning ut i arbeid. Her er det ordinært arbeidsliv som vert nytta, ikkje tradisjonelle tiltaksplassar.

Det er også starta eit eige prosjekt som skal implementerast som arbeidsmetode, retta inn mot store barnefamiliar med sosialhjelp som hovudinntekt. Det er søkt prosjektmidlar til dette.

### Hovudprioriteringar

- Bustadsosial handlingsplan skal implementerast i alle einingar og vera med syta for at Voss herad har ein heilskapleg bustadpolitikk med mål om at alle skal klare å bu.
- NAV si hovudoppgåve er å få flest mogleg personar ut i arbeid.
- Tidleg innsats er viktig for å førebyggja alvorleg psykisk lidning og ruslidning. Psykisk helse og rusarbeid vil satse på lågterskeltilbod for å nå fleire.
- Skapa eit tettare samarbeid med integreringstenesta for å få busetja flyktingar raskare i arbeid.
- Me vil jobba for å utvikla rask psykisk helsehjelp og ung arena i Voss herad.



## Driftsbudsjett

## Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	18 874	16 420	17 504	16 077	16 077	16 077
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	3 675	3 586	3 774	3 853	3 853	3 853
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	4 615	3 012	3 017	3 122	3 122	3 122
Overføringsutgifter	24 429	20 353	19 679	20 760	20 760	20 760
Finansutgifter	6 647	2 474	4 456	4 956	5 456	5 456
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>58 241</b>	<b>45 846</b>	<b>48 431</b>	<b>48 768</b>	<b>49 268</b>	<b>49 268</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-841	-477	-827	-487	-487	-487
Refusjonar	-4 824	-2 159	-2 285	-2 206	-2 206	-2 206
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-6 158	-2 468	-4 400	-4 950	-5 450	-5 850
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-11 823</b>	<b>-5 104</b>	<b>-7 512</b>	<b>-7 643</b>	<b>-8 143</b>	<b>-8 543</b>
<b>Sum</b>	<b>46 418</b>	<b>40 742</b>	<b>40 919</b>	<b>41 125</b>	<b>41 125</b>	<b>40 725</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostragr
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss								
Inkluderande Voss								
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel	Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid	15	15	15	15		
		Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri						
Inkluderande Voss	Alle opplever tryggleik, meistrar kvardagen og har fleire aktive leveår med god helse og trivsel.	Tal brukarar med psykisk liding som kjem ut i arbeid	15,0	16,0	17,0	18,0		
		Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri						





Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
	Utvikla likeverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester							gr

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan				
	2022	2023	2024	2025	
<b>Vedtatt budsjett</b>	<b>40 742</b>	<b>40 742</b>	<b>40 742</b>	<b>40 742</b>	
Sum Lønns- og prisvekst	692	692	692	692	
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>	<b>692</b>	<b>692</b>	<b>692</b>	<b>692</b>	
<b>Konsekvensjustert ramme</b>	<b>41 433</b>	<b>41 433</b>	<b>41 433</b>	<b>41 433</b>	
<b>Nye tiltak</b>					
Auka ressursbehov tilrettelagde arbeidsplassar	Helse og omsorg	50	50	50	50
Ny husleige i Knutepunktet	Oppvekst	200	200	200	200
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>	<b>250</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Reduksjon i bemanning - integreringstenesta	Oppvekst	-550	-550	-550	-550
Andre tiltak	Stab	-215	-8	-8	-8
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>-765</b>	<b>-558</b>	<b>-558</b>	<b>-558</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>-765</b>	<b>-558</b>	<b>-558</b>	<b>-558</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>40 919</b>	<b>41 125</b>	<b>41 125</b>	<b>41 125</b>

### Nye tiltak

#### Ny husleige i Knutepunktet

Auke i husleige som følgje av flytting til nytt bygg, Knutepunktet. Innflytting i starten av 2022

### Budsjettendringar

#### Reduksjon i bemanning - integreringstenesta

Effektivisering og reduksjon av bemanning på integreringstenesta. På sikt må det vurderast om det kan reduserast enno meir innan tenesta.



## Kostra-analyse

	Voss herad 2019	Voss herad 2020	Kinn	Aurskog- Høland	Stord	Øvre Eiker	Kostragruppe 07
<b>Prioritet</b>							
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *) **)	3 042	2 717	2 529	1 151	1 548	1 301	1 517
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	4,7 %	4,4 %	4,3 %	3,8 %	4,5 %	5,1 %	4,5 %
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	39,9 %	35,3 %	29,3 %	54,9 %	40,7 %	44,3 %	37,1 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20- 66 år (B) **)	5,1 %	4,7 %	2,8 %	4,0 %	3,5 %	3,9 %	3,8 %
<b>Kommunekasse</b>							
Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	1 773	1 582	993	699	926	792	898

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov



## Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

### Beskriving av verksemda i dag

Tenesteområdet kultur og fritid inneheld Voss kulturhus, Voss kino, Voss bibliotek og Kulturbanken i Granvin, kulturskule, ungdomshuset på Voss, fritidsklubb i Granvin og "Gryto", utekontakten, edruskapsvern og museum. Det vert også arbeidd med allmennkultur, idrettssaker, kulturminnevern, administrering av tilskot til frivillige lag og foreiningar, kyrkje og tru og livssynssamfunn.

Vossabadet og Voss idrettshall KF ligg i dette tenesteområdet.

### Status og utfordringar

FN sine miljømessige, sosiale og økonomiske berekraftsmål styrer Voss herad sine tenester, også på kulturområdet. Det er grunnleggjande at kultur har eigenverdi, men i tillegg kan kultur vere del av berekraftsløysinga, og under er dei viktigaste berekraftmåla for kultur og idrettsområdet:

#### Mål nr. 3 – God helse

Voss er mangfaldig, og det er viktig å leggja til rette for at innbyggjarane har like moglegheiter til å delta i samfunnet og slik leve aktive og meningsfulle liv. Ved å leggja til rette for brei deltaking i kultur- idretts og friluftsliv, vil ein motvirke konsekvensane av ulikskapen i befolkninga og byggja god folkehelse.

#### Mål nr. 9 – Innovasjon og infrastruktur

Innovasjon betyr å tenkje nytt og tenkje utanfor etablerte verdsbilete og idear. For å tenkje nytt, må gamle tankemønster og verdsbilde utfordrast. Kunst og kulturlivet sin innebygde drivkraft er kommentaren til samfunnet, kreative prosessar og møte mellom menneske. Kunst og kultur er kreative møteplassar som er viktig for å skapa kreativitet og fremja innovasjon.

Regionen Voss og Hardanger er ein sterk reiselivsdestinasjon, og Voss treng produkt som kan gje gode opplevingar for dei reisande. Dette gjeld både innanfor tradisjonell kunst og kultur, kulturminne og natur- og friluftsliv. Eit aktivt kulturliv er med på å leggja grunnlag for økonomiske utvikling for Voss herad og for regionen

#### Mål nr. 10 – Mindre ulikskap

I eit samfunn som endrar seg raskare og som blir meir individualisert, er det viktig med fellesarenaer der menneske kan møtast og dela opplevingar på tvers av kjønn, alder og sosial bakgrunn. Det å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for den einskilde, men det inneber også at ein blir kjend med eit



mangfold av meiningar og yringsformer. Slik kan kulturlivet fremje tillit, toleranse og forståing for andre, og skapa refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og berekraftig samfunn.

### **Mål 11. Berekraftige byer og tettstader**

Det store samfunnsmaskineriet trekkjer innbyggjarane inn mot dei store sentra. Til tross for dette opplever Voss herad ei lita vekst i innbyggjartalet. Gode kulturopplevingar er grunnleggjande for ei god samfunnsutvikling, og kultur og fritidstilbod er eit viktig bidrag inn mot visjonen om eit sterkt regionsenter og levande bygder.

Det er viktig å sjå kultursatsinga i samanheng med heradet sine framtidige behov for kompetent arbeidskraft (NOU 2020:15). Covid-19 har endra arbeidsvanane våre og "Her ligger det et stort mulighetsrom for Voss, både for å tiltrekke seg arbeidstakere som er sysselsatt i bo- og arbeidsmarkedsregionen rundt Bergen og legge til rette for bruk av hjemmekontor på hytter" (Menon 31/2021:23).

I si undersøking om gode vertskommunar for næringsliv skriv Vista på oppdrag frå KS «Betydningen av utvikling av sentrumsområdene i kommunene er også vårt mest entydige resultat fra bedriftsundersøkelsen i dette prosjektet. Sammenhengen ble uttrykt som at mer attraktive sentrumsområder skaper økt bolyst, som igjen er viktig for å tiltrekke seg (eller holde på) arbeidskraft» (Vista 03.2021). Attraktive sentrumsområde krev god fysisk tilrettelegging, men det krev også eit kulturelt innhald som gjere det relevant og interessant å opphalde seg i sentrum.

Desse to perspektiva er viktig å sjå i samanheng med kultursatsinga i Voss herad. Kultur- idrett og festivalbygda er med å gjere Voss attraktiv for nye innbyggjarar, anten som hyttependlarkommune eller som ledd i ei brei næringslivssatsing.

### **Mål nr. 12 – Ansvarleg forbruk og produksjon**

Folk har behov for gode, utfordrande opplevingar. For å få ned klimagassutsleppa, må folk endre reisevanane sine og me må legge til rette for kortreiste opplevingar. På Voss ligg det særleg til rette for dette. Kultur, friluftsliv og ekstremспорт er viktige ingrediensar i lokalbaserte opplevingsnæringer og kan redusera behovet for å reise langt.

### **Mål nr. 17 – Samarbeid for å nå måla**

Dei økonomiske rammene til kommunen veks ikkje i takt med oppgåvene. Dette fører til eit naudsynt krav om effektivisering av drifta. Samarbeidet med frivillig sektor vil difor bli viktigare. Frivillig sektor er samtidig i endring. Færre medlemmer ynskjer å forplikta seg til driftsrelaterte lagsarbeidet, medan det er lettare å rekruttera til kortvarige, einskildarrangement og oppdrag. Med utgangspunkt i endringane i begge sektorane, må me etablera ein god, likeverdig og kreativ samarbeidsform med frivillig sektor. Gjennom satsing på kreativ og nyskapande kunst og kultur, og



god samhandling og tilrettelegging for frivillig sektor, vil me vera med å leggja grunnlag for eit inkluderande, innovativt og attraktivt samfunn.

### Hovudutfordringar

Covid-19 pandemien har stengd ned kultur-Noreg i over eit år. Det har vore strenge restriksjonar på produksjons- og publikumssida. Dette har medført at dei fleste arrangementa i perioden vart avlyst, og for dei som vart gjennomført har det vore eit svært avgrensa tal publikum. Årsaka til publikumssvikten er både grunna i smitteverntiltak, og truleg at publikum har lytta til dei nasjonale råda om å halde seg heime. Dette har medført stor inntektssvikt for året 2020 og 2021, men meir alvorleg er korleis pandemien har påverka publikumsvanane. Det vil vere vanskeleg å seia på førehand korleis dette vil slå ut på sikt, men truleg me må arbeida meir målretta med publikumsutvikling for å få dei tilbake til kulturlivet.

Då Voss kulturhus vart bygd, var det ei føresetnad at kulturhuset skulle vera sjølvfinansierande. Dette var også bakgrunnen for at prisnivået på utleige har vore monaleg høgt. Konsekvensane av dette har vore at frivillige lag og foreiningar ikkje har hatt økonomi til å nytta kulturhuset, og noko av intensjonane med huset har dermed forsvunne. Innteningspotensialet til Voss kulturhus er endra som fylgje av endringar i kultursektoren, endra kurs og konferansemarknad og konkurranse frå hotella. Me har i 2021 endra prispolitikken og lagt oss på ein lågare leigepreis. Det er framleis usikkert korleis dette vil slå ut på den samla innteninga.

Barn og unge på Voss vekst stort sett opp med trygge og gode rammer. Ungdata viser at ungdom på Voss er mellom dei mest lukkelege i fylket. Det er likevel ein del ungdom som fell utanfor dei gode relasjonane, og det er vanskeleg for kultur og fritid, og særleg ungdomsarbeidet og biblioteket å nå dei litt støtte ungdommane.

### Hovudprioriteringar

For å nå visjonen om eit «Sterkt regionsenter og levande bygder» og måla om eit attraktivt, inkluderande og innovativt Voss, treng me ein aktiv kulturforvaltning som bidreg til å skapa eit yrande og utviklande kulturliv. I perioden skal det gjerast følgjande prioriteringar:

- Arbeid for born og unge er eit prioritert arbeidsområde. Det er viktig å arbeida på tvers av dei kommunale tenestene for å sikra denne gruppa ei meningsfull fritid. Voss herad må ha eit breitt fritidstilbod for å møte ulike behov. Ungdomsklubbane, kulturskulen og biblioteket er berebjelkar, og saman med idretten byggjer dei viktige rammer rundt born og unge sine aktivitetar i fritida.
- Voss kulturhus skal vera eit kulturelt sentrum for alle. Utviklingsplanen for kulturhuset skal forankrast og gjennomførast, dei ulike tilboda skal vidareutviklast, og det skal arbeidast for ei positiv økonomisk utvikling.



- Me skal utvikla gode og stabile samarbeidsformer med frivilligheita til beste for kultur og idrettslivet for å skapa større handlingsrom for aktivitetar, opplevingar og deltaking.
- Det er ei offentleg oppgåve å sikra brei deltaking i kunst, kultur og idrettsliv. Det vil vera ei prioritert oppgåve å bygga tverrfaglege arenaer for deltaking på tvers av geografi, alder og sosial bakgrunn.
- Det er eit mål å etablere ein debattscene på Kulturhuset for eit offentleg ordskifte som fremmar ytringsfridom, demokrati og kunnskap.
- Voss er ei stolt kulturbygd og det må jobbast aktivt i samarbeid med eigarar og interessentar i kulturminnevernet for bevaring og formidling av kulturmiljøet.

## Driftsbudsjett

### Fordeling på hovudart

Beløp i 1000

	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønn	23 326	23 875	25 742	24 439	24 439	24 439
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	7 237	7 720	6 661	7 393	7 253	7 253
Kjøp av varer og tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	1 363	1 051	1 327	1 186	1 186	1 186
Overføringsutgifter	26 803	20 146	20 388	20 155	20 155	20 155
Finansutgifter	13 475	11 285	9 614	9 614	9 614	9 614
<b>Sum Driftsutgifter</b>	<b>72 204</b>	<b>64 077</b>	<b>63 732</b>	<b>62 787</b>	<b>62 647</b>	<b>62 647</b>
<b>Driftsinntekter</b>						
Salsinntekter	-7 051	-9 631	-6 149	-8 091	-8 091	-8 091
Refusjonar	-4 383	-1 760	-2 253	-1 223	-1 223	-1 223
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-2 231	0	-100	0	0	0
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>-13 665</b>	<b>-11 391</b>	<b>-8 502</b>	<b>-9 314</b>	<b>-9 314</b>	<b>-9 314</b>
<b>Sum</b>	<b>58 539</b>	<b>52 686</b>	<b>55 230</b>	<b>53 472</b>	<b>53 332</b>	<b>53 332</b>

## Måltabell

Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål	Mål	Mål	Mål	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra
			2022	2023	2024	2025		
Attraktive Voss	FNS berekraftmål skal ligge til grunn for all kulturverksemd.	Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	4,5	4,6	4,7	4,8		
		Utlån per innbyggjar	3,5	4,0	4,5	4,5		



Hovudmål	Delmål	Indikator	Mål 2022	Mål 2023	Mål 2024	Mål 2025	Langsiktig målsetting	Gj.sn. Kostra gr
	I samarbeid med kultur- og idrettslivet skal me utvikla og lyfta fram Voss som ei markant og tydeleg kultur- idretts og festivalbygd.	Norsk kulturindeks	20	17	15	10	5	
	Voss skal ha eit kulturliv som bidreg til å styrkar identiteten, gjev gode opplevingar og skapar bulyst.	Kulturarbeidarar i kommunen per 1000 innbyggjar	15,00	20,00	25,00	30,00		
Inkluderande Voss	Barn og unge på Voss skal ha ein trygg og inkluderande oppvekst med ei meningsfull fritid for alle.	Elever i grunnskolealder i kulturskole, i %	22,0 %	25,0 %	27,0 %	30,0 %	30,0 %	15,4 %
		Årlig totalt besøk i kommunalt drevne fritidssenter per 1000 innbyggere 6-20 år						
	Kulturlivet skal tilby møteplassar og byggje fellesskap for alle.	Kinobesøk per innbyggjar	2,00	2,50	2,70	3,00		
	Voss herad skal på ein respektfull og likeverdig måte samarbeida med frivilligheita.	Utleige Gamlekinoen, dager i året	87,0	88,0	89,0	90,0	100,0	
Innovative Voss	Voss herad stimulerer eit kulturliv som utfordrar gamle tankesett og vanar, og slik fremmar kritisk refleksjon og innovasjon.							

### Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

Avdeling	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025
Vedtatt budsjett	51 015	51 015	51 015	51 015



Beløp i 1000

	Avdeling	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
<b>Vedtak forrige periode</b>					
Kultur og fritid effektiviseringstiltak	Kultur og fritid	140	140	0	0
<b>Sum Vedtak forrige periode</b>		<b>140</b>	<b>140</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum Budsjettendring i år</b>		<b>-1 817</b>	<b>-1 817</b>	<b>-1 817</b>	<b>-1 817</b>
<b>Sum Lønns- og prisvekst</b>		<b>550</b>	<b>550</b>	<b>550</b>	<b>550</b>
<b>Konsekvensjustert budsjett</b>		<b>-1 128</b>	<b>-1 128</b>	<b>-1 268</b>	<b>-1 268</b>
<b>Konsekvensjustert ramme</b>		<b>49 888</b>	<b>49 888</b>	<b>49 748</b>	<b>49 748</b>
<b>Innsparingstiltak</b>					
Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturerering	Teknisk	479	-107	-107	-107
<b>Sum Innsparingstiltak</b>		<b>479</b>	<b>-107</b>	<b>-107</b>	<b>-107</b>
<b>Nye tiltak</b>					
Auka driftstilskot til Osafestivalen	Kultur og fritid	175	175	175	175
Auke tilskot til Voss frivilligsentral (Nabobeino)	Kultur og fritid	87	87	87	87
Kulturhuset internfakturerering justering 2	Teknisk	1 274	1 274	1 274	1 274
Kulturhuset internfakturerering justering 2	Kultur og fritid	206	206	206	206
Ny distriktsmusikarstilling i folkemusikk	Kultur og fritid	200	400	400	400
Tilbakeføring av kulturkonsulentstilling til kulturhuset	Kultur og fritid	750	750	750	750
Andre tiltak	Kultur og fritid	772	442	442	442
<b>Sum Nye tiltak</b>		<b>3 464</b>	<b>3 334</b>	<b>3 334</b>	<b>3 334</b>
<b>Nye tiltak og realendringar budsjett</b>		<b>3 943</b>	<b>3 227</b>	<b>3 227</b>	<b>3 227</b>
<b>Budsjettendringar</b>					
Kultur og fritid effektiviseringstiltak	Kultur og fritid	-48	-48	-48	-48
Kyrkje: reduksjon i fast tilskot	Kultur og fritid	33	33	33	33
Overføre idrettshallen til KFet, frå 1.07.21	Teknisk	785	785	785	785
Overføre idrettshallen til KFet, frå 1.07.21	Kultur og fritid	-630	-630	-630	-630
Reduksjon av tilskot til Vossabadet	Kultur og fritid	10	10	10	10
Andre tiltak	Kultur og fritid	1 249	208	208	208
<b>Sum Budsjettendringar</b>		<b>1 399</b>	<b>358</b>	<b>358</b>	<b>358</b>
<b>Budsjettendringar</b>		<b>1 399</b>	<b>358</b>	<b>358</b>	<b>358</b>
<b>Ramme 2022-2025</b>		<b>55 230</b>	<b>53 472</b>	<b>53 332</b>	<b>53 332</b>





### Samandrag budsjett

Årsbudsjettet for 2022 tek utgangspunkt i at pandemien er over og at me kan planleggja kulturaktivitetar utan smitteverntiltak. Sjølv om dei direkte restriksjonane er borte, er me likevel usikre på langtidskonsekvensane av smitteverntiltaka. Me har tatt utgangspunkt i at publikum treng noko tid før dei er tilbake i normal aktivitet, og me har difor budsjettert ned inntekta på kino og kulturhus med 30 % i høve budsjettet for 2019, som er siste heile driftsåret utan pandemi. På bakgrunn av konkurransen frå eksterne, har me i tillegg teke ned inntekter frå kurs og konferanse. Kulturhuset har gjennom 2020 og 2021 hatt store inntektstap, men har også kutta driftsutgiftene kraftig. Kulturhuset er no tilført ressursar for å sikra vidare utvikling og drift.

Kulturskulen har hatt god auke i elevar og har no registrert 470 elevplassar. Auken skuldast meir gruppeundervisning og satsinga med korps i skulen. Det er framleis venteliste på song, piano og hardingfele. I samarbeid med Vestland fylkeskommune er det lagt inn ei nysatsing med Distriktsmusikarstilling i folkemusikk. Me har auka tal friplassar frå 10 til 20 for skuleåret 2022-23, og me held satsane for eigendelen uendra også i 2022.

Ungdomsklubbane har hatt ei kraftig auke av brukarar det siste året, me klarer å handtere dette utan auke i budsjettramman. Det vert lagt opp til mykje samarbeid med frivillig sektor på fleire store satsingar, særleg knytt til ferieaktivitetar. Samarbeidet skal utviklast og konsoliderast gjennom prosjektet «Ei bygd for alle» som skal bygge samhandlingsplattformer mellom heradet og frivilligheita for å sikra barn og unge ei god oppvekst.

Det er lagt inn ei lita auke i ramma til leige av grunn til idrettsanlegg. Idrettsanlegga i heradet er eigd, drivne og vedlikehalde av lag, foreiningar og private, medan Voss herad støttar dei ved å betala leiga av det grunnarealet dei nyttar. Her er det nokre avtalar som går ut og nye anlegg har søkt seg inn.

For det generelle kulturarbeidet, bibliotek, idrett og friluftsliv elles, er det mindre justeringar og budsjettet er stort sett ei vidareføring av 2021.

### Vedtak forrige periode

#### Kultur og fritid effektiviseringstiltak

Det er lagt inn nokre større tiltak: reduksjon av vakant stilling, auka inntening på kulturhuset og reduksjon av grunnleiga til idrettsanlegg. Restbeløpet er likt fordelt utover dei andre tenestene i forhold til budsjettstorleik. Det vil seie at både Idrettshall, Vossabadet og Kyrkja får noko reduserte rammer i dette budsjettet.



### **Innsparingstiltak**

#### **Teknisk rammejustering funksjon 190 internfakturering**

Teneste/funksjon 190 interne serviceeiningar utgår frå 2021. Dette medfører tekniske justeringar i budsjettet, der fastløn vert utgiftsført til dei aktuelle teneste basert på ei sannsynleg fordeling. Erstatte bruk av funksjon 190 frå 2021. Medfører flytting av budsjettpostar, strukturendringar og mindre internfakturering mellom tenester. Så langt det let seg gjere er dette ei teknisk justering som totalt sett balanserer i kr 0, og medfører ikkje vesentleg endring i ressursbruk. Gjeld bilverkstad, anleggsavdeling, handverkarar bygg/eigedom og reinhaldsavdeling.

### **Nye tiltak**

#### **Auka driftstilskot til Osafestivalen**

Osafestivalen blei etablert i 1992 og er unik på landsbasis med si forankring i skjeringspunktet mellom folkemusikk og klassisk musikk. Festivalen som vart kåra til årets folkemusikkarrangør i 2019, vert arrangert i oktober kvart år og tilbyr om lag 30 arrangement i ulike storleik fordelt over tre dagar. I tillegg står festivalen for heilårssena Osascena og UngOsa, som er ei helgesamling for born og unge med interesse for folkemusikk og -dans. Osafestivalen har hatt ei markant utvikling dei siste åra og er viktige både som kunstarena og som viktige for den identitet og kulturarv på Voss. Osafestivalen søker auka støtte både frå heradet, fylkeskommunen og kulturrådet. Ved å auka støtta til Osafestivalen ventar Voss herad at dei andre bidragsytarane fylgjer opp og aukar sine bidrag.

Osafestivalen får i dag ei støtte på 125 000 og vil med denne auka koma opp i eit samla tilskot frå Voss herad på 300 000.

#### **Auke tilskot til Voss frivilligsentral (Nabobeino)**

Auking av husleige.

#### **Kulturhuset internfakturering justering 2**

I justert budsjett 2021 er det gjort ei vurdering av internfakturering ved Kulturhuset, der konklusjonen var å synleggjera bruk pr teneste. Dette medfører forenkling av interne føringar, og dette tiltaket er justering nr 2.

#### **Ny distriktsmusikarstilling i folkemusikk**

Med bakgrunn i Vestland fylkeskommune si satsing på hardingfele og folkemusikk, ynskjer dei å oppretta fleire Distriktsmusikarstillingar i gamle Hordaland fylke. Dette er stillingar der kommunane er arbeidsgjevar, men fylkeskommunen er med å finansierer. Stillingane er delt med 50 % undervisning i kulturskulen og 50 % utøving. I den utøvande delen kan dei halde konsertar, delta i Den kulturelle skulesekken/spaserstokken og dei kan leigast ut til ulike prosjekt. Stillinga har ein finansieringsmodell med at kommunen dekkjer 75 % og fylket 25 % (fylket sin del skal dekkja 50 % av



den utøvande delen). Voss herad kan tilby seg å vera vertskap for ei av dei nye distriktsmusikarstillingane.

### Tilbakeføring av kulturkonsulentstilling til kulturhuset

I samband med koronaepidemien og reduserte inntekter på kulturhuset, blei drifta i kulturhuset tilsvarande teke ned. Me ser at de er behov for to stillingar i kulturhusdrifta og har lagt inn midlar til ein konsulent/produsent.

### Budsjettendringar

#### Kultur og fritid effektiviseringstiltak

Det er lagt inn nokre større tiltak: reduksjon av vakant stilling, auka inntening på kulturhuset og reduksjon av grunnleiga til idrettsanlegg. Restbeløpet er likt fordelt utover dei andre tenestene i forhold til budsjettstorleik. Det vil seie at at både Idrettshall, Vossabadet og Kyrkja får noko reduserte rammer i dette budsjettet.

#### Kyrkje: reduksjon i fast tilskot

Effektiviseringskrav i samsvar med resten av kommunen.

#### Overføre idrettshallen til KFet, frå 1.07.21

Fjerna budsjett på teknisk. KF har overtatt ansvaret og fått auka overføring på 5100

#### Reduksjon av tilskot til Vossabadet

Effektiviseringskrav i samsvar med resten av kommunen.

### Investeringsbudsjett

	Økonomiplan				Sum 2022-25
	2022	2023	2024	2025	
<i>Beløp i 1000</i>					
<b>Investeringsprosjekter</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2022-25</b>
<b>Kultur og fritid (inkl.kyrkja)</b>					
Bokbuss	0	3 125	0	0	3 125
Gryto - ventilasjonsanlegg	0	1 500	0	0	1 500
Vatningsanlegg til grasbaner	0	313	0	0	313
Vossabadet - servicebygg utebasseng	8 375	1 000	0	0	9 375
<b>Sum Kultur og fritid (inkl.kyrkja)</b>	<b>8 375</b>	<b>5 938</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>14 313</b>

### Kostra-analyse

Voss herad	Voss herad	Kinn	Aurskog-Høland	Stord	Øvre Kostragruppe Eiker	07
2019	2020					



## Prioritet

Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	332	231	276	214	348	275	
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	787	904	0	313	175	489	
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 611	2 399	2 033	1 676	1 556	2 109	
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) *) **)	716	721	669	699	515	471	590
<b>Dekningsgrad</b>							
Andel elever (brukare) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i al (B)	16,4 %	17,0 %	16,5 %	14,9 %	19,1 %	10,5 %	13,9 %

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Kommunalt føretak

Vossabadet og Voss idrettshall KF vart oppretta frå 1.juli 2021. Tidlegare var desse to kommunale føretak. Frå 2022 har dei eit samla budsjett som i hovudsak omfattar at budsjetta er slått saman. Det er i tillegg venta ei effektivisering på 400 000 kr årleg frå 2023.



### Driftsbudsjett

	2022	2023	2024	2025
Lønsutgifter og godtgjersle	7 818	7 418	7 418	7 418
Driftsutgifter	4 325	4 325	4 325	4 325
Sum utgifter	12 143	12 143	12 143	12 143
	-			
Driftsinntekter	- 7 347	- 7 347	- 7 347	- 7 347
Refusjonar	- 150	- 150	- 150	- 150
Tilskot frå Voss herad	- 4 646	- 4 246	-4246	-4246
Sum inntekter	- 12 143	- 12 143	- 12 143	- 12 143
Netto budsjett	-	-	-	-

### Investeringsbudsjett

Servicebygg ved utebassenget er omtala under Kultur og fritid sitt tenesteområde då investeringsprosjektet vil førast til Voss herad sitt rekneskap.